

Møteinkalling

Utval:	Fylkestinget
Møtestad:	Grand Hotel Terminus, Bergen
Dato:	05.03.2019
Tid:	10:00

Medlemene i fylkestinget vert med dette kalla inn til møte i Hordaland fylkesting 5. mars 2019 på Grand Hotel Terminus, Bergen.

Til dette møte har følgjande meldt forfall:

Mari Klokkerstuen Kjellesvik (A)
Ragnhild Hoff Eilertsen (A)
Torgeir Toppe (A) – kl 12:15 – 15:30
Gunnar Bakke (FRP)
Tom Sverre Tomren (KRF)
Terje Kollbotn (R)

Stiller som vara:

Kari Foseid Aakre (A)
Torbjørn Reigstad (A)
Øyvind Hardeland (A) - kl 12:15 – 15:30
Anita Garlid Johannessen (FRP)
Nils-Anders Nøttseter (MDG)
Jeanette Syversen (R)

Køyreplan: sjå neste side.

For dei representantane som har meldt frå at dei treng overnatting, er det tinga rom på Grand Hotel Terminus 4. – 5. Alle må sjekke ut av romma før tinget startar.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkestinget. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
fylkesordførar



Fylkestinget i Bergen 05. mars 2019

Køyreplan

Tysdag 05. mars

- | | |
|---------------|---------------------------------------------------------------------------------------|
| 09:00 – | Møte i valnemnda |
| 10:00 – 13:00 | Opning
Kunstnarleg innslag
Talar
Saksbehandling |
| 13:00 – 13:45 | Lunsj |
| 13:45 – 15:00 | Utdeling av miljøpris
Svar på interpellasjonar/innkomne spørsmål
Saksbehandling |
| 15:00 – 15:15 | Kaffipause |
| 15:15 – | Saksbehandling til tinget kan avsluttast |

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
PS 2/19	Opning av fylkestinget		
PS 3/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/19	Oppfølging av tilleggspunkt til Kvalitetsmeldinga	2018/15114	
RS 2/19	Oppfølging kvalitetsmelding 2017/18 - tilråding mobbeombod	2018/15114	
RS 3/19	Rapport frå elev- og lærlingombodet - tiltak for oppfølging	2018/15114	
RS 4/19	Nye/reviderte retningslinjer for oppdragsverksem	2017/16384	
RS 5/19	Oppfølging av ulike problemstillingar rundt målbyte i vgs.	2016/34193	
RS 6/19	Løypemelding pilotprosjekt Bømlo - samarbeid skule og næringsliv	2017/4991	
RS 7/19	Løypemelding samarbeidsprosjekt Nordhordland	2014/10030	
RS 8/19	Verbalpunkt om oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland	2014/10030	
RS 9/19	Kjønnsnøytral tittel på øvste leiar	2018/12797	
PS 4/19	Interpellasjonar/spørsmål		
FO 1/19	Interpellasjon frå Astrid Aarhus Byrknes (KRF) - Inntaksområdet i den vidaregående skulen, har Fellesnemnda mandat til å gjere vedtak?	2019/1801	
PS 5/19	Ymse		
PS 6/19	Finansforvaltninga i 2018	2014/927	
PS 7/19	Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019	2018/15305	
PS 8/19	Myndighetskontakt og partssamarbeid innan samferdsel	2018/10651	
PS 9/19	Oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak i sak PS 107/18 – Selskapskontroll av Grieghallen IKS	2017/15170	
PS 10/19	Årsmelding for kontrollutvalet for 2018	2017/2535	
PS 11/19	Søknad om fritak frå verv som leiar i fylkeseldrerådet	2017/732	
PS 12/19	Søknad om fritak frå verv som varamedlem til styret i Ferde AS	2017/732	
PS 13/19	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Elise Loftheim	2017/732	

PS 1/19 Godkjenning av møteinkalling og sakliste

PS 2/19 Opning av fylkestinget

PS 3/19 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 20.11.2018
Arkivsak: 2018/15114-3
Saksbehandlar: hilrun

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av tilleggspunkt til Kvalitetsmeldinga

Fylkesrådmannen viser til tilleggspunkt til sak Kvalitetsmeldinga i møte i OPHE 6. nov.:

«OPHU er bekymret over den høye andelen av voksne som mobber i HFK sine skoler på enkelte fagområder.

Vil peke på endringene i opplæringsloven kap 9A som er at det er lovfestet krav om at skolen skal ha nulltoleranse mot mobbing, etc. Eleven har en individuell rett til et trygt og godt skolemiljø. Da er det viktig med tydelige voksne i skolen.

Ber rådmannen om ei orientering i **kommande utvalsmøte** om hvilke tiltak som er satt i gang og hvordan slike saker blir håndtert.»

Fylkesrådmannen gir med dette ei oversikt over gjeldande prosedyrer knytt til opplæringslova §9A og vil kome med ein kort presentasjon i møtet om tiltak og korleis saker vert handtert etter §9A-5.

Etter endringane i opplæringslova kap 9A i 2017 har Hordaland fylkeskommune revidert retningslinjer for arbeidet med skolemiljøet, jf følgjande prosedyrer i kvalitetsportalen:

- Nulltoleranse og systematisk arbeid etter opplæringslova §§9A-3 og 13-10, med føremål å sikre at skulane arbeider aktivt og systematisk med tiltak som fremjar eit godt skolemiljø og som verkar førebyggjande mot krenking.
- Informasjons- og involveringsplikta oppf §§ 9A-9 og 9A-8
- Aktivitetsplikta etter oppf §§9A-4, 9A-5 og 13-10
 - Aktivitetsplikta presiserer og erstattar tidlegare lovreglar om enkeltvedtak.
- Når tilsette krenkjar, oppf §9A-5
 - Ny §9A-5 inneber skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev. Ved mistanke eller kjennskap til slike hendingar, skal skuleigar varslast.
 - Føremålet med prosedyren er å sikre rutinar for etterleving av aktivitetsplikta gjennom ivaretaking av
 - eleven sine rettar
 - arbeidsrettslege prinsipp, jf prosedyre for behandling av personalsaker.

Fylkesrådmannen sikrar oppfølging av opplæringslova kap 9A gjennom

- Oppfølging av skulane sitt arbeid med læringsmiljø
- Tema på m.a. skulebesøk som oppfølging av kvalitetssystemet, tilsyn ved behov
- Rådgjeving overfor skuleleiinga knytt til enkeltsaker (regionleiar, mobbeombod, HR)
- Samarbeid med og involvering av HR-seksjonen i samband med §9A-5
- Tema knytt til implementering og oppfølging av regelverk på rektorsamlingar og eigne kursrekker om oppll kap 9A
- Årleg skulemiljøkonferanse
- Kartleggingsverktøy og metodikk for arbeid med læringsmiljø (Spekter)
- Malar utarbeidde for prosedyrer i kvalitetsportalen
- Meldingsrutiner og rapportering frå skulane til skuleigar to gonger pr år
- Evaluering og justering av prosedyrer i samband med fylkessamanslåinga
- Deltaking i evaluering i regi av Udir om endringane i kap 9A

Når tilsette krenkar, oppl. § 9A-5

1. Føremål

Føremålet med denne prosedyren er å sikre rutinar for etterleving av aktivitetsplikta etter opplæringslova § 9A-5, i tråd med dei arbeidsrettslege prinsippa om omsorgsplikt og kontradiksjon.

«Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.»

Denne prosedyren er ein av fire prosedyrar etter kapittel 9A. Dei tre andre er Prosedyre nulltoleranse og systematisk arbeid, Prosedyre informasjon og involveringsplikta, og Prosedyre aktivitetsplikta. For krava til utarbeiding av aktivitetsplan, sjå prosedyren om aktivitetsplikta. Sjå òg styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet og retningslinjer for miljøarbeidaran.

For andre typar klagar på lærar, som ikkje gjeld ein eller fleire elevar sitt psykososiale skulemiljø, sjå rutinen Klage på lærar og rutinane for konflikthandtering og personalsaker.

2. Omfang

Aktivitetsplikta gjeld **alle** tilsette med skulen som arbeidsstad.

Aktivitetsplikta inneber at alle tilsette skal følgje med, gripe inn og varsle om dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Om det er ein tilsett som krenker ein elev, skal ein straks varsle rektor, eller den rektor har delegert dette til. Om det er ein i leiinga, skal skoleeigar varslast. Skulen har plikt til å undersøke og sette inn eigna tiltak som syter for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Sakene må handterast raskt, samstundes er det viktig å sikre ein forsvarleg prosess, jf. dei arbeidsrettslege prinsippa om omsorgsplikt og kontradiksjon. Dersom det er mistanke om at ein tilsett er involvert i krenkingar overfor ein elev, skal dette undersøkast grundig. Dette kan gjerast med ikkje-anonyme spørjeundersøkingar, samtalar og/eller faktaundersøkingar. Både eleven og den tilsette si meining og oppfatning av situasjonen skal høyrast.

3. Gjennomføring

- Den tilsette som får mistanke om eller kjennskap til at ein elev vert utsett for krenking frå ein tilsett, melder straks frå til rektor.
- Vedlagte skjema for varsling om eleven sitt psykososiale skulemiljø skal nyttast. Avviksmelding i Kvalitetsportalen kan ikkje nyttast, då meldinga vil innehalde personopplysningar som er underlagt teieplikt.
- Rektor skal varsle fylkesdirektør opplæring ved regionleiar.
- Når det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal fylkesdirektør ved regionleiar varslast direkte.
- Undersøking skal setjast i verk straks.
- Der undersøkinga viser behov for tiltak, skal det lagast aktivitetsplan for eleven.
- Rektor/regionleiar skal ivareta den tilsette sitt behov for informasjon, støtte og rettleiing.

8. Rektor/regionleiar ser til at partsrettar for den tilsette vert ivaretekne og følgjer gjeldande prosedyrer for eventuell iverksetting av sanksjonar.

Fylkesdirektør opplæring skal syte for at rutinane vert evaluert årleg.

4. Relevante prosedyrar, rutinar og retningsliner i Hordaland fylkeskommune

Informasjonsskriv til elevar om klage på lærar

Konflikthandtering

Prosedyre for behandling av personalsakar

Handsaming av klage på lærar

Etiske retningsliner

Aktivitetsplikta etter opplæringslova

§§ 9A-4, 9A-5 og 13-10

1. Føremål

Å sikre rutinar for etterleving av aktivitetsplikta etter opplæringslova §§ 9A-4 og 9A-5: Opplæringslova § 9A-4 Aktivitetsplikt

«Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid. Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak.

I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.»

Opplæringslova § 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

«Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.»

2. Omfang

Aktivitetsplikta gjeld alle tilsette ved skulen, leiinga, pedagogisk personale og andre tilsette som m.a. assistenter, kontorpersonale, miljørarbeidarar, reinhaldarar og vaktmeister.

Aktivitetsplikta inneber at alle tilsette skal følgje med, gripe inn og varsle om dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Om det er ein tilsett som krenker ein elev, skal ein straks varsle rektor. Skulen har plikt til å undersøkje og sette inn eigna tiltak som sørger for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Kapittel 9A gjeld på skulen, i friminutta, på skulevegen og all aktivitet i skulen sin regi. I utgangspunktet gjeld ikkje kapittel 9A på fritida, men om elevane opplever noko på fritida som gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, må skulen likevel handle i tråd med aktivitetsplikta.

Skulen har eit todelt dokumentasjonskrav. Skulen skal lage ein skriftleg plan, ein aktivitetsplan, når det blir sett inn tiltak i ei sak. I tillegg skal skulen dokumentere kva som blir gjort for å følgje opp delpliktene i kvar einskild sak, det inneber følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og sette inn tiltak. Vedlagt følgjer mal for slike aktivitetsplanar og døme pålogg.

Rektor skal varsle Opplæringsavdelinga som skuleeigar, ved seksjonsleiar skule, regionleiar og jurist i Opplæringsavdelinga i alvorlege tilfelle. Slik melding sendast per e-post, i anonymisert form. Døme på alvorlege tilfelle er

- Saker der krenkingane er valdelege
 - Der fleire elevar er innblanda i mobbing av ein enkeltelev
 - Situasjonar der krenkingane har gått over lang tid utan at skuleleiinga har klart å løyse saka
 - Mobbing på tvers av skular, særleg digital og grove trugsmål gjennom sosiale medium
- Kva som er alvorleg er ei skjønnsmessig vurdering. Saker som involverer politiet vil som oftast vere alvorlege.

3. Gjennomføring

1. Alle som arbeider på skulen skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Alle som arbeider på skulen skal gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.
3. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vedlagte skjema for varsling om eleven sitt psykososiale skulemiljø skal nyttast. Melding i Kvalitetsportalen kan ikkje nyttas, då meldinga vil innehalde personopplysningar som er underlagt teieplikt.
4. Elev og foreldre til umyndige elevar skal så snart råd er, og seinast innan 5 virkedagar, få eit svar om at meldinga er motteken, informasjon om skulen sine rutinar i slike saker og invitasjon til møte. Vedlagt følgjer døme på slikt svarbrev, Døme på svarbrev til elev/foreldre.

5. Rektor syter for at saka vert undersøkt. Aktuelle tilsette samlar inn informasjon, observerer, snakkar med aktuelle elevar, gjennomfører klassemiljøundersøking og elevsamtaler, osb. Eleven og foreldre til umyndige elevar skal informerast undervegs.
6. Det er rektor, eller den/dei rektor har delegert oppgåva til, som sørger for at det vert halde møte med elev og evt. foreldre og at det vert utarbeidd ein aktivitetsplan. Planen skal innehalde eigna tiltak som sørger for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal syte for alle involverte elevar blir høyrde i prosessen. Ein skal heile tida vurdere kva som er eleven sitt beste. Sjå vedlagte dokument Mal for aktivitetsplan.
7. Aktivitetsplanen skal evaluerast saman med elev og foreldre til umyndige elevar og om naudsynt justerast med nye tiltak til eleven har eit trygt og godt skolemiljø.

Elevar kan melde om tilhøve ved sitt psykososiale skolemiljø både munnleg og skriftleg, utan krav om at noko spesielt skjema skal nyttast.

Det er rektor som er ansvarleg for at denne prosedyren vert gjennomført. Arbeidet kan delegerast til andre ved skulen.

Ressursar i dette arbeidet er mellom anna Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv Udir-3-2017 og nettstaden nullmobbing.no, særleg sida <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/>. Sjå og vedlagte døme på sjekkliste for handtering av saker etter kapittel 9A.

4. Rapportering

Rektor skal syte for at rutinane vert evaluert årleg.

Varsel, svarbrev, aktivitetsplan og logg vert arkivert i elevmappa i ephorte.

Kopi av aktivitetsplan blir lagra i Opplæringsavdelinga si mappe i ephorte, mappe 2016/35027.

5. Skjema og vedlegg

- a. Skjema for varsling om eleven sitt psykososiale skolemiljø
- b. Døme på svarbrev til elev/foreldre
- c. Mal for aktivitetsplan
- d. Døme på logg
- e. Informasjon til elev og foreldre om melding til Fylkesmannen og klage til Utdanningsdirektoratet § 9A-6
- f. Døme på sjekkliste for handtering av saker etter kapittel 9A.

Prosedyre for informasjons- og involveringsplikta §§ 9A-9 og 9A-8

Føremål

Denne prosedyren skal syte for at informasjons- og involveringsplikta vert overholdt.

Omfang

Rutinane omfattar alle dei vidaregåande skulane i Hordaland. Det er rektor som er ansvarleg for at prosedyren vert etterlevd, men utföringa kan delegerast til andre ved skulen. Prosedyren er tredelt og skal ivareta både plikta til å gi generell informasjon, informasjon i spesielle høve, og plikta til å involvere ulike organ. Elevar, råd, utval og foreldre skal ha informasjon, rett til uttale og framlegg om alt som er viktig for skolemiljøet.

Gjennomføring

Del 1. Generell informasjon

Rektor har ansvar for tenlege informasjonsrutinar til alle elevar og foreldre etter opplæringslova § 9A-9 (1):

«Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.»

Informasjonen skal vere tilgjengeleg for alle mottakarane. Informasjonen skal vere forståeleg, og det kan vere naudsynt med tolk. Det er ikkje nok å la elevane vidareformidle informasjon til foreldra. Skulane kan til dømes gi informasjonen på foreldremøter, i klassen, på skulen si nettside, gjennom It's Learning og/eller på e-post, men må i alle tilfelle sikre at informasjonen når alle den er meint å nå.

Del 2. Informasjon i spesielle høve

Rektor vurderer tilhøva knytt til det fysiske og psykososiale skolemiljøet og informerer om tilhøve og/eller hendingar som kan ha negativ verknad for elevane si helse etter § 9A-9 (2):

«Dersom skolen finn ut at noko ved skolemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.»

Det er same krav til at informasjonen skal vere tilgjengeleg og forståeleg som for Del 1. Her må skulane vurdere kva sakar som kan skade helsa til elevane, både fysisk og psykososialt. Vidare må skulen sikre at slik informasjon vert gjeve på ein måte som varetok personvernret til eventuelle involverte elevar.

Del 3. Involveringsplikta

Rektor ser til at saker som er viktige for skolemiljøet vert handsame på møte i råd og utval gjennom skuleåret, etter § 9A-9 (3):

«Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.»

Rektor må vurdere om saka er viktig for skolemiljøet og i tilfelle sende utvala sakspapir i god tid. Rektor ser til at elevane gjennom elevrådet får ta del i planlegging og gjennomføring av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø etter § 9A-8:

«Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og styresmaktene i skolemiljøsaker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande organ ved skolen, kan elevane møte med opp til to representantar når utvalet behandler saker som gjeld skolemiljøet. Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meiningsa si protokollert. Dei skal ikkje vere til stades når utvalet behandler saker som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonen dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skjøtte oppgåvane og fritak frå undervisninga.»

Rapportering

Informasjonsrutinane skal vere dokumenterte og innarbeidde i internkontrollsystemet ved skulen. Sjå òg prosedyre for Nulltoleranse og systematisk arbeid etter opplæringslova §§ 9A-3 og 13-10. Det skal førast møtereferat frå råd og utval.

Nulltoleranse og systematisk arbeid etter opplæringslova §§ 9A-3 og 13-10

1. Føremål

Føremålet er å sikre at skulane arbeider aktivt og systematisk med tiltak som fremjar et godt skulemiljø og som verkar førebyggjande mot krenking, jf. opplæringslova §§ 9A-1 og 9A-3.

«§ 9 A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid. Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.»

2. Omfang

Prosedyrane omfattar elevane ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. Oppfyllinga av eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø skjer på skulen, medan skuleeigar er den øvste ansvarlege. Hordaland fylkeskommune har som skuleeigar det overordna ansvaret og skal sjå til at leiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene etter opplæringslova kap. 9A. Dette følgjer av kravet til forsvarleg system som er heimla i opplæringslova § 13-10.

3. Gjennomføring

Det systematiske arbeidet med skulemiljøet skal gjennomførast med systematisk observasjon, kartlegging, utarbeiding og oppfølging av mål og planar, iverksetting av tiltak og evaluering. Skulen skal også følgje opp og sette i verk tiltak ved brott på §§ 9A-4 og 9A-5, jf. prosedyre for aktivitetsplikta. Leiinga, tilsette, elevar og foreldre skal vere involverte i arbeidet.

Rektor skal sjå til at

- Regelverket vert følgt, jf. opplæringslova kap. 9A, og at arbeidet vert gjennomført aktivt, systematisk og planmessig for å nå mål og førebyggje problem.
- Tilsette vert informert om aktivitetsplikta ved starten av kvart skuleår, og at nytilsette vert informert ved tiltreding i stilling. Alle tilsette skal ha ei årleg gjennomgang av aktivitetsplikta og kva den inneber på skulen.
- Vurdere om det i tillegg er naudsynt med gjennomgang av aktivitetsplikta og oppfølging av den i etterkant av konkrete sakar.
- Skulen gjennomfører kartleggingar av utfordringar og risikoar ved skulemiljøet
- Skulen har konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet. Mål, tiltak og rutinar skal evaluerast årleg.
- Skulen har rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekke, handtere og følgje opp brott på kap. 9A. Rutinane inneheld oversyn over kven som er ansvarleg for kva delplikt i dette arbeidet.
- Skulen har skriftleg dokumentasjon på system for internkontroll og kontrollerer at rutinar vert etterlevd.

Informasjonen i dei to første kulepunktata skal vere både munnleg og skriftleg. I den årlege gjennomgangen skal skulen ta opp kva som ligg i «eit trygt og godt skulemiljø», «å følgje med», «kunnskap om» og «mistanke om», kva handlingar ein skal ha merksemd mot og korleis tilsette

kan gripe inn, jf. forskrift om ordensreglement. Det er viktig å gripe inn mot både verbale og non-verbale krenkingar.

Skolemiljøutvalet skal

- Medverke til at skulen, tilsette, elevar og føresette tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø.
- Kunne uttale seg og kome med framlegg i saker som gjeld skolemiljøet for elevane.

Alle tilsette skal

- Kjenne til kapittel 9A og ha særleg god kunnskap om aktivitetsplikta etter §§ 9A-4 og 9A-5.
Alle tilsette skal vite korleis dei skal etterleve disse pliktene i praksis. Sjå prosedyre for aktivitetsplikta.

Elevrådet skal

- Fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape eit godt skule- og læringsmiljø.

Elevane skal

- Etterleve forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune og skolen sitt eige reglement.
- Medverke til eit godt skule- og læringsmiljø.
- Melde frå om dei ser medelevar som ikkje har eit godt klasse/skolemiljø.
- Melde frå om tilhøve som kan verke negativt inn på skolemiljøet.

Sjekkliste

Til hjelp i arbeidet har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ein disposisjon til [sjekkliste](#), som kan vere nyttig som grunnlag for skulen sitt arbeid:

- Skaff oversikt over kva lovkrava er og korleis dei er å forstå
- Set mål for arbeidet med skolemiljø
- Kartlegg utfordringar og risikoar
- Ha planar og tiltak for å nå måla
- Lag felles rutinar for å følge opp at alle elevar har det bra
- Definer kven som har ansvar for kva
- Sørg for at alle kjenner krava og rutinane
- Evaluér og vurder eigen praksis

Disposisjonen er per 1.9.2017 under arbeid hjå Udir, sjå siste versjon her

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/systematisk-forebyggende-arbeid-med-skolemiljo/#b>. Sjå òg dokumentet Døme på sjekkliste for handtering av saker etter kapittel 9A.

Vidare ressursar i dette arbeidet er mellom anna Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv Udir-3-2017 og nettstaden nullmobbing.no.

Prosedyre for behandling av personalsaker

Innleiing

Alminneleg tenestemessig oppfølging skal ikkje reknast for behandling av personalsak. Med alminneleg tenestemessig oppfølging siktar ein til arbeidsgivars oppfølging og rettleiing av den einskilde arbeidstakar i det daglege, for eksempel gjennom uformelle samtalar og i medarbeidarsamtalar.

Personalsaker kan ha ulikt opphav, slik som personlege problem, helseplager, konfliktar på arbeidsplassen, därleg arbeidsmiljø, manglande tilpassing til arbeidet og oppgåvane, brot på arbeidsreglement, manglande og/eller ikkje tilfredsstillande utføring av arbeidsoppgåver osb, med det resultat at den tilsette ikkje kan yte det arbeidet ein forventar i høve tilsettingstilhøvet. Arbeidsgivar (leiatar med personalansvar), arbeidstakar, verneombod og dei tillitsvalde har alle ansvar for å førebyggje konfliktar og problem på arbeidsplassen.

Leiar har hovudansvaret for å førebyggje og ta initiativ til å løyse personalsaker. Nokre personalsaker med grunnlag i konflikt mellom tilsette er så kompliserte at leiaren opplever at einaste løysinga er å avslutte arbeidstilhøvet for den eller dei tilsette. Leiaren si tilnærming til slike saker må vere individuelt tilpassa, men likevel slik at det vert opplevd som lik behandling av tilsvarende saker i heile organisasjonen.

Fylkesrådmannen har med verknad frå 1. januar 2014 delegert behandlinga av tilrettevising og skriftleg irtettesetting i høve til eigne tilsette, særskilt til rektorar, overtannlegar, direktøren for Skyss og direktøren for Bybanen utbygging. Fullmakta til å handtere personalsaker ligg elles til fylkesdirektørane. Dersom leiar vurderer saka slik at det kan verte aktuelt å reagere på ein annan måte enn ved tilrettevising eller skriftleg irtettesetting, skal leiar på eit så tidleg tidspunkt som mogleg gje melding om dette til fylkesdirektør.

Prosedyrar i samband med handtering av personalsaker

1. Innkalling til møte med grunngjeving for innkallinga
2. Opplyse om høve til å stille med tillitsvald/fullmekting
3. Innsynsrett i all relevant dokumentasjon som ikkje er underlagd teieplikt.
4. Høve til kontradiksjon frå arbeidstakar
5. Referat med kopi til arbeidstakar

Det er viktig at ein følgjer desse rutinane heilt i frå starten i ei personalsak, mellom anna for i størst mulig grad å sikre lik behandling av personalsaker, og for at ein skal ha dokumentasjon på kva arbeid som er gjort i høve til den tilsette. Prosedyrane er rettleiande for korleis ei personalsak skal handterast. Prosedyrane bør som hovudregel følgjast. For hastesesaker eller saker som er av ein slik karakter at ein annan framgangsmåte vil vere føremålstenleg, kan det likevel gjerast heilt eller delvis unntak frå prosedyrane for handtering av personalsaker. Arbeidsgivar må gjere ei vurdering i det einskilde tilfelle om det skal gjerast slike unntak.

Det er arbeidsgivar sin styringsrett som gjev rett til å reagere overfor arbeidstakar. Med styringsrett meiner ein arbeidsgivar sin rett til å styre, leie og kontrollere arbeidet. I dette ligg det mellom anna at arbeidsgivar, innafor ramma av dei avgrensingar som følgjer av lov, tariffavtalar og det einskilde arbeidsforhold, har rett til å gje arbeidstakar tilrettevising, rett til å stifte og bringe til opphør eit arbeidstilhøve osv. Kva forhold som utgjer bakgrunnen for personalsaka, og i kva grad den tilsette har handla i strid med reglement og lovverk, vil vere utslagsgjenvende for kva reaksjon arbeidsgivar kan gje.

HR-seksjonen skal vere ein viktig støttespelar i personalsaker, og den einskilde leiar har høve til å konferere med HR-seksjonen undervegs i prosessen.

Dokumentasjonsgrunnlaget

Uavhengig av kva reaksjon som skal brukast overfor arbeidstakar, er det grunnleggjande kravet at det ligg føre god dokumentasjon. Ved strengare reaksjonar, til dømes oppseining, suspensjon eller avskil, bør dokumentasjonen helst vere oppsamla over noko tid. Dokumentasjonen kan vere skriftlege innkallingar til, og tilhøyrande referat frå møte med arbeidstakaren, logg som skildrar arbeidstakaren si åtferd og/eller arbeidsgivar si oppfølging overfor arbeidstakar, e-postar osb. Dokumentasjonen kan også vere skriftlege meldingar frå kollegaer og andre som har hatt opplevingar med den tilsette, vitneutsegner osv. Denne dokumentasjonen må vere open og tilgjengeleg for den tilsette, med unntak av forhold som er underlagd teieplikt.

For tilsette i undervisningsstillingar vil klagar frå elevar og foreldre/føresette kunne inngå i dokumentasjonsgrunnlaget. Eigne prosedyreregler for behandling av elevklager og – konfliktar kan supplere desse rutinane.

Tilrettevising

Arbeidsgivar kan gje tilrettevising i arbeidet, det vil seie mellom anna å gje arbeidstakar rettleiing i korleis arbeidet skal utførast, korleis ein arbeidstakar skal oppføre seg eller handle i gitte situasjonar og gje ei omtale av dei pliktene som ligg til stillinga. Slik tilrettevising har ikkje ein arbeidsrettsleg konsekvens med det same.

Tilrettevisinga kan gjevast munnleg eller skriftleg. I samband med at arbeidstakar vert gjeven ei tilrettevising, må vedkommande få høve til å gje sitt syn på saka. Dersom tilrettevisinga vert gjeven munnleg, skal arbeidsgivar skrive ein log frå samtalens/møtet med arbeidstakar.

Arbeidsgivar må syte for at prosedyrane for behandling av personalsaker vert følgde. Det kan likevel gjerast unntak frå dette i hastesaker eller i saker der faktum er godt opplyst.

Skriftleg irtettesetjing

Dersom tilrettevising ikkje fører til endring hjå arbeidstakar, eller saka har høg grad av alvor, kan arbeidsgivar gje ei skriftleg irtettesetjing. Ei skriftleg irtettesetjing siktar mot ein konsekvens dersom ikkje arbeidstakar rettar seg etter irtettesetjinga. Ei skriftleg irtettesetjing vil reknast som eit "enkeltvedtak" etter forvaltningslova. Arbeidsgivar må difor syte for følgjande:

- a) Skriftleg førehandsvarsel og/eller skriftleg innkalling til møte med grunngjeving for innkallinga: I innkallinga må grunnlaget for møtet klårt gå fram, helst med å vise til den tilgjengelege dokumentasjonen som vert nytt. Innkallinga må utformast slik at den tilsette får tid til å områ seg i høve grunngjevinga for møtet. Den tilsette må i innkallinga få høve til å ta med tillitsvald /hovudtillitsvald/verneombod eller annan fullmektig.

Dersom det ikkje skal haldast møte, bør arbeidstakar få rimeleg frist til å uttale seg skriftleg i saka.

- b) At det vert gjeve rett til innsyn i all dokumentasjon som ikkje er underlagt teieplikt og å gje høve til å imøtegå grunnlaget for saka (kontradiksjon). Dokumentasjonen må anten vere tilgjengeleg for gjennomsyn eller verte kopiert og sendt saman med innkallinga.
- c) Dersom det vert halde eit møte, skal arbeidsgivar skrive eit referat frå møtet der standpunktet kjem tydeleg fram, og der det kjem fram at arbeidstakaren har fått høve til å fremje sitt syn på saka. Dersom arbeidstakaren har ønske om mindre endringar i referatet kan ein justere dette i etterkant. Ved meir omfattande kommentarar er det naturleg at desse vert lagt ved referatet som eige dokument.
- d) Etter at referatet er ferdigstilt kan arbeidsgivar sende enkeltvedtaket med overskrift "Åtvaring i ditt arbeidstilhøve i Hordaland fylkeskommune". Det må samstundes opplysast om høve til klage i samsvar med forvaltningslova.

Om sjølve møtet:

Ved skriftleg irtettesetjing skal representant for HR-seksjonen stille saman med lokal arbeidsgivar i møtet, samstundes må ein mellomleiar må vere til stades og vere ansvarleg for å skrive referat.

Arbeidsgivar bør i slutten av møtet informere arbeidstakar om vidare saksgang, og eventuelt tidspunktet for når arbeidsgivar vil ta ei avgjerd på om det skal fattast vedtak i saka. Det kan i slike møte kome fram nye moment som gjer at saka må utgreiast vidare. Arbeidsgivar bør i slike tilfelle opplyse om at det kan verte aktuelt å kalle inn til eit nytt møte på eit seinare tidspunkt.

Etter møtet:

Før endeleg enkeltvedtak vert fatta, skal HR-direktøren saman med lokal arbeidsgivar skrive grunnjeving og konklusjon i saka.

Kort om ein eventuell vidare prosess i ei personalsak:

Oppseiing: Dersom situasjonen ikkje vert betre etter at åtvaring er gjeve, eller dersom saka er alvorleg, bør arbeidsgivar v/fylkesdirektøren gå vidare til oppseiing av arbeidstilhøvet. Slike prosessar vert handtert av HR-direktøren ved å nytte advokat gjennom den avtalen fylkeskommunen har med omsyn til advokattenester. Advokaten vil deretter yte hjelp med å styre saka korrekt i tråd med lov- og avtaleverk.

Avskjed: I nokre tilfelle kan tillitsbrotet i høve arbeidsgivar vere så grovt at tilsettingstilhøvet må avsluttast omgåande. Når arbeidsgivar v/fylkesdirektøren vil gjere vedtak om avskjed skal fylkeskommunen sin advokat yte bistand i saka.



Notat

Dato: 21.01.2019
Arkivsak: 2018/15114-7
Saksbehandlar: oydziem

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging kvalitetsmelding 2017/18 - tilråding mobbeombod

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 06.11.18 og RS 62/2018, der utvalet vedtok følgjande:

«Utval for opplæring og helse ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake til utval for opplæring og helse med ei utgreiing for oppfølging av tilrådingane til elev- og lærlingombodet og mobbeombodet i rapportane for vår 2018.»

I utvalsmøtet 27.11.18 la fylkesrådmannen i PS 111/2018 fram ein plan for korleis tilrådingane frå mobbeombodet vil bli følgt opp. I samband med handsaming av PS 118/18 *Kvalitetsmelding skuleåret 2017/2018*, vedtok fylkestinget 11.12.18, sak PS 118/18 følgjande:

«Fylkesrådmannen si oppfølging av tilrådingane frå elev- og lærlingombodet og mobbeombodet vert lagt fram som sak for fylkestinget i mars 2019.»

Vedlegget til denne meldinga gjer greie for korleis fylkesrådmannen planlegg å følgje opp tilrådingane frå mobbeombodet. Fylkesrådmannen kjem tilbake med status på arbeidet som eiga melding.



Arkivnr: 2018/16437-1

Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		20.11.2018
Utval for opplæring og helse		27.11.2018

Rapport og løypemelding frå mobbeombodet i HFK 2018 - oppfølging frå fylkesrådmannen**Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til RS 13/2018 frå møte i fylkestinget 12.06.18, og RS 62/2018 Løypemelding frå mobbeombodet i Hordaland i Utval for opplæring og helse 06.11.18. Utvalet ber i møte 06.11.18 fylkesrådmannen vurdere tilrådingane og gjere greie for korleis tilrådingane er følgt opp.

Fylkesrådmannen sluttar seg i all hovudsak til dei tilrådingane som er lagt fram i rapportane frå mobbeombodet. Fleire av tilrådingane frå mobbeombodet er kome fram gjennom samarbeid og dialog mellom mobbeombodet og opplæringsavdelinga. Denne saka gir ei skjematiske oversikt over status og planar for vidare oppfølging av tilrådingane.

I tillegg til det som går direkte fram av tilrådingane, vil fylkesrådmannen særleg sjå nærmare på korleis ein skal sikre god koordinering av ulike innsatsar for å hindre mobbing i skulane. I dette ligg ei klargjering av roller og ansvar og plan for samarbeid mellom omboda og opplæringsavdelinga.

Økonomi: Midlar til kompetanseheving vert sett av som del av plan for kompetanseutvikling

Klima: Ingen konsekvensar

Folkehelse: Eit godt psykososialt miljø i skulane er viktig i eit folkehelseperspektiv

Regional planstrategi: Ingen konsekvensar

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkessjef opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.11.2018

	Tilråding frå mobbeombodet :	Fylkesrådmannen sine kommentarar:
1	Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på www.hordaland.no om elevar og lærlingar sine rettar.	Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til å opprette ei informasjonsside på www.hordaland.no Ansvar for planlegging og gjennomføring er lagt til rådgjevar i skulemiljøsaker i seksjon skule.
2	Hordaland fylkeskommune sørger for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule om førebygging og handtering av saker etter kapittel 9A.	Dei siste åra er det lagt til rette for årlege kurs som har gått over tre dagar gjennom eit skuleår. Kursa vart arrangert av mobbeombodet fram til 2018. Kursa er ikkje obligatoriske for alle. Opplæringsavdelinga vil halde fram med dette tilbodet i dialog med mobbeombodet og eksterne kompetansemiljø. Tiltaket vert finansiert gjennom plan for kompetanseutvikling. Det er eit mål å legge kursa til ulike regionar. Ansvarleg for planlegging og tilrettelegging er lagt til ein seniorrådgjevar i opplæringsavdelinga v/sekjon skule.
3	Opplæringsavdelinga har ein eigen person (skulemiljørådgjever) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.	Oppgåver knytt til informasjon, kompetanseheving og førebygging er lagt til ein seniorrådgjevar i seksjon skule i opplæringsavdelinga. Ho skal vere kontaktperson og koordinere innsats frå opplæringsavdelinga. I det vidare arbeidet vil det bli lagt vekt på å etablere eit tettare samarbeid med PPT kring kompetanseutvikling og rådgjeving i skulane. Når det gjeld den forvaltningsmessige kvalitetsoppfølginga av skulane sitt arbeid innanfor kapittel 9A, er dette ansvaret lagt til to juristar i seksjon fellesnester i opplæringsavdelinga. Dei har ansvar for å følgje opp og sikre dokumentasjon i 9A-saker frå skulane og leggje det fram i samarbeidsmøte med leiinga i opplæringsavdelinga.
4	Det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11.	Planlegging og gjennomføring av tilsynsbesøk er lagt til to juristar i opplæringsavdelinga. Tilsynsbesøka skal skje i dialog med regionleiar og skulane og i tråd med gjeldande rutinar for tilsynsbesøk. Det er så langt ikkje gjennomført tilsyn frå skuleeigar, men det er eit mål at dette skal gjennomførast årleg. Ansvar for gjennomføring er lagt til regionleiarane i opplæringsavdelinga i samarbeid med juristane.
5	Det opprettast eit innsatsteam mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og støtte skulane. Dette kan gjerne opprettast i samarbeid med Sogn og Fjordane, slik at det er klart til samanslåinga	Det er ikkje etablert eit innsatsteam. Opplæringsavdelinga vil tidlegast ta stilling til dette hausten 2019 etter at dei viktigaste rammene for organisering av opplæringssektoren i nye Vestland fylkeskommune er på plass.
6.	Nettverksgruppa for psykososialt miljø (OT/PPT) hjelper skulane med	Det er etablert ei nettverksgruppe for psykososialt miljø i OT/PPT. Det vil bli arbeidd vidare med å sjå på korleis gruppa kan bidra inn mot skulane.

	handteringskompetanse på kapittel 9A.	Ansvar er lagt til leiar OT/PPT
7	OT/PPT jobbar vidare med betre metodar for å avdekke mobbing i avklaringssamtalen når ein elev planlegg å slutte på skulen	Opplæringsavdelinga vil gjennomgå og revidere malar og skjema for avklaringssamtalar slik at ein i større grad kan fange opp om det er sider ved skolemiljøet/mobbing som er årsak til at ein elev ønskjer å slutte på skulen. Nye skjema/malar skal etter planen takast i bruk frå 2019. Ansvaret er lagt til leiar OT/PPT.



Notat

Dato: 21.01.2019
Arkivsak: 2018/15114-8
Saksbehandlar: oydziem

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Rapport frå elev- og lærlingombodet – tiltak for oppfølging

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 06.11.18 og RS 61/2018, der utvalet vedtok følgjande:

«Utval for opplæring og helse ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake til utval for opplæring og helse med ei redegjering for oppfølging av tilrådingane til elev- og lærlingeombodet og mobbeombodet i rapportane for vår 2018.»

I utvalsmøtet 27.11.18 la fylkesrådmannen i PS 110/2018 fram ein plan for korleis tilrådingane frå elev- og lærlingombodet vil bli følgjt opp. I samband med handsaming av PS 118/18 *Kvalitetsmelding skuleåret 2017/2018*, vedtok fylkestinget 11.12.18 at fylkesrådmannen si oppfølging av tilrådingane frå elev- og lærlingombodet og mobbeombodet skulle leggast fram som sak for fylkestinget.

Vedlegget til denne meldinga gjer greie for korleis fylkesrådmannen planlegg å følgje opp tilrådingane frå elev- og lærlingombodet. Fylkesrådmannen kjem tilbake med status på arbeidet som eiga melding.



Notat

Dato: 21.01.2019
Arkivsak: 2018/15114-8
Saksbehandlar: oydziem

Til:

Frå: Øydis Rydland Ziem

Rapport frå elev- og lærlingombod - vedlegg

Vedlegg

1 Rapport frå elev- og lærlingombod - vedlegg



Notat

Dato: 22.01.2019
Arkivsak: 2017/16384-2
Saksbehandlar: catmell

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Nye/reviderte retningsliner for oppdragsverksemd

Fylkesrådmannen viser til sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2"» i fylkestinget 8. mars 2018 der fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Eitt av oppfølgingspunktata frå forvaltningsrevisjonen var at det vart tilrådd å utarbeide og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift. I sak PS 13/18 «oppdragsverksemd organisering av ekstern kursverksemd», også handsama i fylkestinget 8. mars 2018, vart det vedteke at nye og/eller reviderte retningsliner og rutinar for oppdragsverksemda som vart tilrådd utarbeidd etter forvaltningsrevisjonen, skulle handsamast i Utval for opplæring- og helse.

Fylkesrådmannen laga i mai 2018 handlingsplan til kontrollutvalet. Handlingsplanen viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, kven som skal ha ansvaret for iverksettinga og frist for iverksetting. Det vart etablert ei gruppe med representantar frå økonomi- og organisasjonsavdelinga og opplæringsavdelinga som skal sikre at tiltaka i handlingsplanen vert gjennomført. Etter at handlingsplanen vart laga, har arbeidet med etablering av Vestland fylkeskommune kome skikkeleg i gang. Dette arbeidet syner at mange av oppfølgingspunktata i handlingsplanen vil vere naturleg å behandle i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har difor utsett arbeidet med handlingsplanen slik at det fell samtidig med arbeidet med nye rutinar for Vestland fylkeskommune.

Utarbeiding av nye og/eller reviderte retningsliner og rutinar som skal gjelde for Vestland fylkeskommune, er varsla levert i 4. kvartal 2019.



Notat

Dato: 22.01.2019
Arkivsak: 2016/34193-6
Saksbehandlar: sveheg1

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av ulike problemstillingar rundt målbyte i vidaregåande skule

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå fylkestinget 2. oktober 2018, FO 10/18:

«Fylkestinget oppfordrar fylkesadministrasjonen til å halde oppe dialogen med UiB om eit forskingsprosjekt på problemstillingar rundt målbyte i vidaregåande skule i Hordaland. Fylkestinget ber om tilbakemelding til utval for opplæring og helse».

I august 2015 sende fylkesrådmannen i tråd med RS 28/2015 ein førespurnad til Universitetet i Bergen om samarbeid om eit forskingsprosjekt om bruk av nynorsk i vidaregåande skule i Hordaland. Bakgrunnen var at svært mange elevar i Hordaland vel bort nynorsk som hovudmål når dei startar i vidaregående opplæring og ønske om å kartlegge årsaker til dette. Eit anna mål var å undersøke kva mekanismar som gjer at elevane vel bort nynorsk som hovudmål, og å utvikle ein nynorskdidaktikk som gir trygge nynorskbrukarar. Førespurnaden peikte på aktuelle spørsmål som det var ønske om å få meir forsking på:

- I kva omfang skjer målbytet?
- Når skjer målbytet?
 - På ungdomsskulen?
 - Ved overgangen til vidaregåande?
 - I vidaregåande opplæring?
- Kva rolle har undervisninga for val av målform?
- Er nynorsk synleg/usynleg i undervisninga?
- På kva måte vert nynorsk tematisert i undervisninga?
- Kva rolle spelar den uformelle skulescena for val av målform?
- Kva rolle spelar rolleidentitetar utanfor skulen med omsyn til val av målform?
- Kva rolle spelar familien for val av målform?
- Kva funksjon har nynorsken i høve til den allmenne språk- og tekstlæringa?
- Korleis legg dei vidaregåande skulane til rette for elevar som vel å ha nynorsk som hovudmål?

Hausten 2016 samarbeidde UiB og fylkesdirektør opplæring om utarbeiding av ein søknad om å starte opp eit kompetanseprosjekt finansiert gjennom statlege midlar og eigendel frå samarbeidspartnerane. Hordaland fylkeskommune ville i samarbeid med Universitetet i Bergen gå inn i eit kompetanseprosjekt knytt til nynorsk leia av professor Endre Brunstad med planlagt start hausten 2017. Opplæringsavdelinga skulle bidra med tilrettelegging ved dei aktuelle vidaregåande skulane, og med å få fram elevopplysningar som var relevante for prosjektet.

22.11.16 vart fylkesdirektør opplæring informert om at UiB hadde konkludert med at dei ikkje ville sende søknad på det tidspunktet på grunn av at dei ikkje hadde kome langt nok i prosjektutviklingsarbeidet. Dei hadde behov for å arbeide meir med problemstillingar og metodologi, og ville derfor i første omgang bygge vidare på samarbeid om eit utviklingsprosjekt i Fjell kommune, og på dei nettverka og avtalane som var gjort der. Fagmiljøet på Nordisk ved LLE, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen, har dei siste åra samarbeidd med Fjell kommune om eit språkstyrkingsprosjekt blant skulelevar i Fjell kommune. Prosjektet "Stolt av eige språk", er breitt forankra i ungdomsskulane i kommunen, og er i dag finansiert av Fjell kommune, bl.a. gjennom ein prosjektkoordinator i delstilling.

Universitetet i Bergen driv føgeforsking, og har gjennomført ei digital spørjeundersøking om språkbruk blant alle ungdomsskuleelevarne i kommunen og gjennomført kvalitative forskingsintervju blant elevar. Granskninga er primært knytt til nynorsk, men òg til bokmål, dialekt og engelsk. Det er lagt vekt på språkbruk i ulike digitale medium for å få meir innsikt i elevsyn på digitale tekstkulturar, og med bakgrunnsvariablar knytt til kjønn, foreldrebakgrunn, skulebakgrunn, framtidsutsikter og identitetskategorisering. Det skal etter planen publiserast ein forskingsrapport på grunnlag av erfaringane i Fjell kommune hausten 2019.

Fylkesdirektør opplæring har som oppfølging av vedtak i fylkestinget 02.10.18, bedt om eit møte med professor Endre Brunstad der fylkeskommunen får presentert funn frå utviklingsprosjektet i Fjell kommune, og der ein drøftar om det kan vere grunnlag for å ta opp igjen dialogen om eit mogleg forskingsprosjekt i vidaregåande opplæring. Møtet er lagt til 22.03.19. Fylkesdirektør opplæring vil kome med ei ny orientering til Utval for opplæring og helse hausten 2019.



Notat

Dato: 14.01.2019
Arkivsak: 2017/4991-22
Saksbehandlar: torsan12

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Løypemelding pilotprosjekt Bømlo - samarbeid skule og næringsliv

Fylkestinget fatta i oktober 2016 (sak 72/16) vedtak om å greie ut eit pilotprosjekt på Bømlo som skal styrke samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at opplæring som krev kostbare investeringar i verkstader og bygg innan yrkesfag kan gjennomførast ute i bedrift.

Frå vedtak vart fatta i FT i 2016 vart det satt i gang eit arbeid med å utforme oppdragsspesifikasjon. Projektorganisasjonen blei endeleg sett i januar 2018, og prosjektplan blei handsama i fylkesutvalet i mai 2018 (sak 186/2018). Prosjektgruppa har levert ein rapport som har vore handsama og godkjent i styringsgruppa, som ligg til grunn for vidare arbeid for å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv.

Denne rapporten blir lagt fram som løypemelding for prosjektet. Rapporten har blitt skrive frå februar til hausten 2018, og arbeid knytt til dei enkelte tilrådingane er sett i gong. Tiltak på dei sju funna rapporten peikar på som forbetringssområde, er difor under arbeid, og status per i dag kan vere noko annleis enn kva som var status då prosjektgruppa ferdigstilte rapporten.

Funn og innhold i rapporten må sjåast i samanheng med dei prosessane som framover skjer rundt samanslåing av skulane, programmering og utarbeiding av rom- og funksjonsprogram. Det inkluderer arbeid rundt moglege løysingar knytt til utforming og lokalisering av verkstadareal. Dette arbeidet vil fylkesrådmannen kome tilbake til på eit seinare tidspunkt. Tiltak for å styrke kvalitet i opplæringa og samhandling mellom alle aktørane i opplæringsløpet vil implementerast frå skulestart 2019 (implementeringsfasen i prosjektet).

Pilotprosjektet har gjennomført ei omfattande informasjonsinnsamling frå skule og arbeidsliv, og har tilrådd å arbeide vidare med ei forbetring av dagens opplæringsmodell i piloteringsperioden 2019 – 2023 der ein arbeider med følgjande:

1. Betre rekruttering til fagarbeidaryrket
2. Heilskapleg oppfølging av elev frå Vg1 fram til fagbrev
3. Betre samarbeid skule og arbeidsliv
4. Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag
5. Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift
6. Betre styring av praksisopplæring
7. Auke grad av hospitering av lærarar

Betre rekruttering til fagarbeidaryrket

Prosjektgruppa tilrar å arbeide med å betre rekruttering til fagarbeidaryrket ved at kommunen legg til rette for å vekkje den praktiske interessa hos barn og unge gjennom barne- og ungdomsskulen. Informantar peikar på at dette kan skje gjennom praktiske oppgåver, gjerne med problemstillingar frå arbeidslivet. I tillegg må skulen, og andre som driv rekrutteringsarbeid, vere flinkare til å vise kva ein fagarbeidar leverer – sluttproduktet – ut til ungdommar på arenaer der ein treffest.

Prosjektgruppa peikar òg på at bedrifter må bli flinkare til å spisse kommunikasjonen mot ungdom som målgruppe når dei skal selje inn fagarbeidaryrket, vise konkrete eksempel på kva ein fagarbeidar leverer av prosjekt og gjerne bruke lærlingar og unge tilsette i kommunikasjonsarbeidet.

Heilskapleg oppfølging av elev frå Vg1 fram til fagbrev

Det kjem fram i informasjonsinnsamlinga at det er uklart kven som har ansvar for eleven i dei ulike fasane frå dei startar på vgs fram til fagbrev. Prosjektgruppa tilrar at det blir gjort ei rolleavklaring for kven som gjer kva i arbeidet med å sikre at ein elev som startar på yrkesfagleg utdanning har eit godt fagbrev i handa etter 4 (4,5) år, for å sikre ei heilskapleg oppfølging av elev frå Vg1 fram til fagbrev. Kva gjer skulen, kva gjer fagopplæringskontor, kva gjer opplæringskontoret, kva gjer arbeidslivet og så bortetter. Dette bør beskrivast på ein slik måte at det blir intuitivt og enkelt for både elev, skule og bedrift til å finne ut kven ein skal forholde seg til i dei ulike fasane i utdanningsløpet.

Betre samarbeid skule og arbeidsliv

Det kjem tydeleg fram gjennom informasjonsinnsamlinga at det må leggjast betre til rette for å betre samarbeid og samhandling mellom skule og arbeidsliv, og at det er ein føresetnad at det blir etablert ein koordinatorfunksjon i skulen til å styre dette arbeidet i ein periode. Stillinga bør inn i pilotprosjektet snarast råd er. Koordinatoren må jobbe tett med elevar som skal ut i lære, skule og fagopplæringskontor, og ut mot bedriftene, og sjåast i samanheng med skuleleiar sitt ansvarsområde. Koordinatorrolla er førebels, og målet er at oppgåvene skal takast i vare gjennom ordinære leiaroppgåver ved skulen.

Det bør òg etablerast ei styringsgruppe frå det lokale arbeidslivet som representerer breidda av bedrifter, både i forhold til bransje og storleik, og denne må ha ein tydeleg leiar som koordinerer og vidareformidlar innspel frå gruppa til skulen, og omvendt. Opplæringskontoret bør òg vere del av denne gruppa. Alternativt kan allereie eksisterande og relevante arenaer nyttast for å koordinere innspel frå næringslivet til skulen.

Koordinator i skulen må ta ansvar for planlegging og koordinering av praksis i bedrift på eit overordna nivå, koordinering av samarbeidet ungdomsskule, vgs, arbeidsliv, kommune, opplæringskontor og fagopplæringskontor, og det må etablerast ein samfunnskontrakt mellom arbeidsliv og skule som forpliktar samarbeidet. Vidare må koordinator etablere ein felles møteplass for nemnde interessentar.

Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag

Mange bedrifter gjev tilbakemelding på at dei er usikre på kor mykje kapasitet dei har for å gje meir praksisopplæring i bedrift enn kva dei tilbyr i dag, både med tanke på tilgjengeleg utstyr og på kompetanse. Enkelte melder til og med om utfordringar med å drive innovasjonsarbeid i eiga bedrift, då verktøy og maskiner der er i full produksjon. Arbeidslivet har difor løfta tanken om at kanskje skulen sitt areal for praksisopplæring i yrkesfaga EL og TIP kunne vore ein arena der små og mellomstore (SMB)-bedrifter kunne få tilgang til maskiner og utstyr for å drive testing, prototyping og utvikling av nye løysingar. Pilotprosjektet peikar difor på at ein bør utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag, og tydeleg definere kva arena ein har.

Fleire SMB-bedrifter har gjerne behov for same type verktøy og maskinar, men kan ikkje forsvare ei investering på eiga hand. Då kunne ein vurdert eit spleislag mellom bedrifter og skule, og utplassert slikt utstyr i verkstaden til «nye» Bømlo vgs. Motorlab-prosjektet som ikkje blei sett i gang i 2016 er eitt

eksempel på noko arbeidslivet på Bømlo framleis ønsker å få til saman med skulen, der elevar kan ha eit fullt operativt motorrom med ein hybridmotor på land, og drive oppgåve- og problemløysing på ein moderne motorlab. Bedrifter kan då også drive testing, utvikling og andre forsøk. I tillegg blir det trekt fram at ein prøvestasjon for automasjon (for bruk ved førebuing til fagprøve), og anna utstyr arbeidslivet ønsker å dele med skulen, som til dømes 3D-skrivar og robotarmar, med fordel kan vurderast inn som utstyr i skulen sitt verkstadareal. Innkjøpet kan vurderast som eit spleiseling mellom skule og arbeidslivet, mot at arbeidslivet får tilgang til slikt utstyr for prototyping og testing i sitt innovasjonsarbeid.

Teknologisenteret til UNITECH som no er under oppføring på Rubbestadneset, er òg del av ein norsk katapult for berekraftig maritim industri, som er eit nasjonalt katapultsenter innanfor ulike energisystem som batteri, brenselceller og hybride system til havnæringsane og relatert industri. Teknologisenteret vil òg ha utstyr som oppdrettsanlegg, renseanlegg for fisk, container for transport av levande sjømat, sensorar for å måle tilstand i ulike vasskar osv. ved teknologisenteret, som vil vere tilgjengeleg for utviklings- og utdanningsformål. Her ønsker ein velkommen utdanningsinstitusjonar, forskarar og arbeidsliv til å bidra og til å lære å bruke ny teknologi, noko som inkluderer elevar og lærarar ved vidaregåande skule, og dette er ein arena ein absolutt må dra nytte av i praksisopplæringa ved vidaregåande skule.

Eit katapultsenter vil tiltrekke seg bedrifter frå heile landet, òg utlandet, og opnar opp for å gje praksis til elevar i skulen saman med bedrifter som ein vanlegvis ikkje finn i regionen, men som arbeider og utviklar ny og spanande teknologi. I tillegg vil ein komme tett på innovasjonsarbeid og innovasjonsprosessar.

Ein moderne skule for yrkesfagleg utdanning, tett på industrien, meiner arbeidslivet er ein føresetnad for å få til den omstillinga og kunnskapsoverføringa som må til mellom ulike næringer, for å skape framtidas teknologi og arbeidsplassar. Det blir trekt fram at det er viktig at skulen sitt verkstadareal er fysisk tett på, då det vil gje nærelik til kompetanse og rollemodellar som lett kan komme og hjelpe ved praktisk opplæring og oppgåveløysing i skule.

Pilotprosjektgruppa meiner difor at det bør vurderast å gjere verktøy og maskiner i skulen tilgjengeleg for arbeidslivet i periodar der skulen ikkje bruker dei sjølv, og sjå yrkesfagleg utdanning opp mot teknologi- og katapultsenteret som no er under etablering på Rubbestadneset.

Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift

Pilotprosjektet ser på korleis ein kan auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift. I informasjonsinnsamlinga som er gjort, kjem det fram at arbeidslivet synest det er utfordrande å leggje til rette for meir praksis i bedrift i Vg1 og Vg2. Årsakene til dette er fleire, t.d. aldersgrense på 18 år for bruk av verktøy og maskiner og krav om HMS- og dokumentert opplæring før bruk. Sistnemnde er tidkrevjande øvingar om det skal gjennomførast for mange elevar som skal ut i bedrift, og kanskje på ulike tidspunkt. Arbeidslivet er elles klare på at ei grunnleggjande basisopplæring må vere på plass før ein kjem ut i bedrift, både for å ha ein viss kompetanse, men òg slik at elevane kan lære og feile i trygge omgjevnader. Elles må det nemnast at arbeidslivet er tydeleg på at læretida på 2 (2,5) år er noko dei ønsker å behalde, for dei opplever at denne ordninga fungerer godt.

Når det gjeld integrert praksisopplæring i bedrift, har det vore uklårt for arbeidslivet kva og kor mykje opplæring det er snakk om, når den skal finne stad, og korleis det skal organiserast. Det er mange måtar å involvere bedriftene på, men eitt alternativ er at skulen tek ansvar for å trekke fleire bedrifter inn på ein workshop for å definere ei problemstilling elevar kan jobbe med som eit prosjekt gjennom eit skuleår, som kan involvere fleire bedrifter i ein verdikjede, og som kan gå på tvers av programfaga. Bedriftene stiller med mentorar, og gjev tilgang til det verktøy og maskiner som er naudsynt for å gjennomføre oppgåva, og som skulen gjerne ikkje har tilgang til. I tillegg kan ein legge opp til å bruke verktøy og maskiner på andre arenaer ved behov, og skulen må ta ansvar for å avklare dette med dei det gjeld.

Arbeidslivet må syte for at oppgåva som blir utarbeidd ikkje krev meir kapasitet enn bedrifa kan tilby, og skulen må saman med bedrift organisere opplæringa slik at det er ledig kapasitet på dei verktøy og maskiner som er aktuelle å bruke gjennom opplæringa.

Betre styring av praksisopplæring

Tilbakemeldingar frå arbeidslivet er at det i dag er det tilfeldig og personavhengig om korleis praksis blir planlagt og gjennomført i bedrift i Vg1 og Vg2. Skal ein få til meir integrert praksisopplæring i bedrift, er det ei klar forventning frå arbeidslivet at ein først får ei **betre styring av praksisopplæring** og ryddigare struktur på praksisopphald, og klarer å demonstrere at ein når praksismål, før ein ev. aukar mengda praksis i bedrift.

Pilotprosjektgruppa tilrår difor å etablere eit godt og brukarvennleg styringsverktøy for å støtte opp under praksisopplæring i bedrift. Her må praksis vere knytt opp mot læreplanmål, bedrifter må kunne dokumentere praksis som er gjennomført, og ikkje minst må bedrifter kunne melde inn kapasitet og ledig tidspunkt for praksisopplæring i bedrift. Lærarar må kunne bruke verktøyet for å planlegge gjennomføring av praksisen.

Auka grad av hospitering av lærarar

Pilotprosjektgruppa meiner, når det gjeld **auka grad av hospitering av lærarar**, at får ein til ein god modell for integrert praksisopplæring i bedrift, der lærar og elev kjem tettare på bedrift gjennom praktisk oppgåveløsing, vil dette gje lærar eit godt bilet av kva bedrifter driv med gjennom undervisnings-situasjonen, og i mykje større grad enn i dag.

Utover dette tilrår pilotprosjektet at lærarar og tilsette i bedrift hospiterer hos kvarandre i tråd med ordninga som finst i dag. Hospitering bør elles inngå som ein naturleg del av skulen sitt arbeid med kompetanse-utvikling, og følgjast opp med same styringsverktøy som nemnt i avsnittet over.

Å utarbeide og implementere ein ny opplæringsmodell for utdanning av fagarbeidrarar er i all hovudsak eit endringsprosjekt, der både skule, arbeidsliv og andre sentrale aktørar må arbeide annleis enn i dag. Skal ein lukkast med dette prosjektet, må alle involverte aktørar vite kva prosjektet går i, involverast i arbeidet framover og ta eigarskap til dei aktivitetane som skal utførast ved implementering av ny modell.

Det er mange **risikoar i pilotprosjektet**, men den største er at det er svært mange aktivitetar som går føre seg i parallel. I tillegg til å arbeide med innhaldet i sjølve piloten, som å styrke samarbeid skule – arbeidsliv, læreplanarbeid, og utvikling av styringsverktøy for oppfølging av praksis i bedrift, skal to skular slåast saman til éin, det skal gjennomførast ein design- og planleggingsfase for nytt verkstadareal ved «nye» Bømlo vgs på Bremnes, nytt verkstadareal skal byggjast, og Rubbestadnes vgs skal samstundes oppretthalde normal drift.

Vedlegg

1 Rapport pilotprosjekt Bømlo



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Hausten 2018

Pilotprosjektet - Bømlo vidaregåande skule

Forslag til opplæringsmodell

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Opplæringsavdelinga
Kontaktinformasjon/ e-post: Tor Ivar Sagen Sandvik
Dato:

INNHOLD

1.	SAMANDRAG	5
2.	INNLEIING	8
2.1	Bakgrunn for pilotprosjektet	8
2.2	Formål med denne rapporten.....	8
2.3	Avgrensingar.....	9
2.4	Lesarar	9
2.5	Rapporten si oppbygning	9
3.	BAKGRUNNSINFORMASJON	9
3.1	Organisering av Rubbestadnes VGS.....	11
3.2	Opplæringskontor	11
3.3	Gjeldande regelverk og forskrifter.....	12
3.4	Dagens opplæringsmodell for TIP og EL	12
3.5	Alternative opplæringsmodellar	18
4.	OM INFORMASJONSINNSAMLINGA I PROSJEKTET.....	20
5.	KARTLEGGING – DAGENS SKULE	22
5.1	Arbeid med rekruttering.....	22
5.2	Arbeid med kvalitet i skulen	22
5.3	Arbeid med læreplan	23
5.4	Knytning mellom teori og praksis.....	23
5.5	Praksisopplæring i skule	24
5.6	Praksisopplæring i bedrift	24
5.7	Verktøy og maskinar i bedrift	25
5.8	Styring av praksisopplæring	25
5.9	Læretid.....	25
5.10	Samarbeid skule og arbeidsliv.....	26
6.	INNSPEL TIL SKULEN I FRAMTIDA.....	28
6.1	Arbeid med rekruttering.....	28
6.2	Arbeid med kvalitet i skulen	28
6.3	Arbeid med læreplan	29
6.4	Knytning mellom teori og praksis.....	29
6.5	Praksisopplæring i skule	30
6.6	Praksisopplæring i bedrift	31
6.7	Verktøy og maskinar i bedrift	33
6.8	Styring av praksisopplæring	34

6.9	Læretid.....	34
6.10	Samarbeid skule og arbeidsliv.....	34
7.	DISKUSJON OG INNSPEL TIL MODELL.....	36
7.1	Diskusjon.....	36
7.2	Risikoar i pilotprosjektet.....	41
7.3	Innspel til opplæringsmodell.....	41
7.4	Vurdering av modellen.....	42
7.5	Modellen sin overføringsverdi	42
8.	VEGEN VIDARE	44
VEDLEGG A. PROSJEKTPLAN, PILOTPROSJEKTET.....		45
VEDLEGG B. EVALUERINGSKRITERIAR OG INDIKATORAR		56
VEDLEGG C. OVERORDNA STRATEGI HFK - OPPLÆRING		58
VEDLEGG D. PRAKSIS I SKULEN I DAG (TIP OG EL)		59
VEDLEGG E. OVERSIKT OVER ELEVAR OG LÆREPlass		60
VEDLEGG F. INVOLVERTE INTERESSENTAR		61
VEDLEGG G. STIKKORD TIL KARTLEGGING		64
VEDLEGG H. INITIELL KARTLEGGING AV VERKTØY OG MASKINAR I BEDRIFT		66
VEDLEGG I. SWOT-ANALYSE		69

1. Samandrag

Som ein del av rullering av Skulebruksplan 2017-2030, gjorde fylkestinget i Hordaland vedtak knytt til skule og tilbodsstruktur på Bømlo. Fylkestinget fatta i oktober 2016 vedtak om at dei to vidaregåande skulane på Bømlo skulle slåast saman til ein skule, ha eit fullverdig studietilbod som i dag og lokaliserast på Bremnes.

Vidare vedtok fylkestinget at det blir utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrke samarbeidet mellom skule og næringsliv slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP) kan gjennomførast ute i bedrift.

Pilotprosjektet har gjennomført ei omfattande informasjonsinnsamling frå skule og arbeidsliv, og tilrår å arbeide vidare med ein forbetring av dagens opplæringsmodell i piloteringsperioden 2019 – 2023 der ein arbeider med følgjande:

1. Betre rekruttering til fagarbeidaryrket
2. Heilskapleg oppfølging av elev frå VG1 fram til fagbrev
3. Betre samarbeid skule og arbeidsliv
4. Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag
5. Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift
6. Betre styring av praksisopplæring
7. Auke grad av hospitering av lærarar

Prosjektgruppa tilrår å arbeide med å **bettere rekruttering til fagarbeidaryrket** ved at kommunen legg til rette for å vekke den praktiske interessa hos barn og unge gjennom barne- og ungdomsskulen. Informantar peikar på at dette kan skje gjennom praktiske oppgåver, gjerne med problemstillingar frå arbeidslivet. I tillegg må skulen, og andre som driv rekrutteringsarbeid, vere flinkare til å vise kva ein fagarbeidar leverer – sluttproduktet – ut til ungdommar på arenaer der ein treffest.

Prosjektgruppa peikar òg på at bedrifter må bli flinkare til å spisse kommunikasjonen mot ungdom som målgruppe når dei skal selje inn fagarbeidaryrket, vise konkrete eksempel på kva ein fagarbeidar leverer av prosjekt, og gjerne bruke lærlingar og unge tilsette i kommunikasjonsarbeidet.

Det kjem fram i informasjonsinnsamlinga, at det er uklart kven som har ansvar for eleven i dei ulike fasane frå dei startar på VGS fram til fagbrev. Prosjektgruppa tilrår at det blir gjort ei rolleavklaring for kven som gjer kva i arbeidet med å sikre at ein elev som startar på yrkesfagleg utdanning har eit godt fagbrev i handa etter 4 (4,5) år, for å **sikre ei heilskapleg oppfølging av elev frå VG1 fram til fagbrev**. Kva gjer skulen, kva gjer fagopplæringskontor, kva gjer opplæringskontoret, kva gjer arbeidslivet og så bortetter. Dette bør beskrivast på ein slik måte at det blir intuitivt og enkelt for både elev, skule og bedrift til å finne ut kven ein skal førehalde seg til i dei ulike fasane i utdanningsløpet.

Det kjem tydeleg fram gjennom informasjonsinnsamlinga at det må leggjast betre til rette for å **bettere samarbeid og samhandling mellom skule og arbeidsliv**, og at det er ein føresetnad at det blir etablert ein koordinatorfunksjon i skulen til å styre opp dette arbeidet i ein periode. Stillinga bør inn i pilotprosjektet snarast råd er. Koordinatoren må jobbe tett med elevar som skal ut i lære, skule og fagopplæringskontor, og ut mot bedriftene, og sjåast i samanheng med skuleleiarars ansvarsområde. Koordinatorrolla er førebels, og målet er at oppgåvene skal takast i vare gjennom ordinære leiaroppgåver ved skulen.

Det bør òg etablerast ei styringsgruppe frå det lokale arbeidslivet som representerer breidda av bedrifter, både i forhold til bransje og storleik, og denne må ha ein tydeleg leiar som koordinerer og vidareformidlar dei innspela frå gruppa til skulen, og omvendt. Opplæringskontoret bør òg vere del av denne gruppa. Alternativt kan allereie eksisterande og relevante arenaer nyttast for å koordinere innspel frå næringslivet til skulen.

Koordinator i skulen må ta ansvar for planlegging og koordinering av praksis i bedrift på eit overordna nivå, koordinering av samarbeidet ungdomsskule, VGS, arbeidsliv, kommune, opplæringskontor og fagopplæringskontor, og det må etablerast ein samfunnskontrakt mellom arbeidsliv og skule som forpliktar samarbeidet. Vidare må koordinator etablere ein felles møteplass for nemnde interessentar.

Mange bedrifter gjer tilbakemelding på at dei usikre på kor mykje kapasitet dei har for å gje meir praksisopplæring i bedrift enn kva dei tilbyr i dag, både med tanke på tilgjengeleg utstyr og kompetanse. Enkelte melder til og med om utfordringar til å drive innovasjonsarbeid i eiga bedrift, då verktøy og maskinar der er i full produksjon. Arbeidslivet har difor løfta tanken om at kanskje skulen sitt areal for praksisopplæring i yrkesfaga EL og TIP kunne vore ein arena der små og mellomstore (SMB)-bedrifter kunne få tilgang til maskinar og utstyr for å drive testing, prototyping og utvikling av nye løysingar. Pilotprosjektet peikar difor på at ein bør **utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag**, og tydeleg definere kva arena ein har.

Fleire SMB-bedrifter har gjerne behov for same type verktøy og maskinar, men kan ikkje forsvare ei investering på eiga hand. Då kunne ein vurdert eit spleislag mellom bedrifter og skule, og utplassert slikt utstyr i verkstaden til «nye» Bømlo VGS. Motorlab-prosjektet som ikkje blei sett i gang i 2016 er eitt eksempel på noko arbeidslivet på Bømlo framleis ønskjer å få til saman med skulen, der elevar kan ha eit fullt operativt motorrom med ein hybridmotor på land, og drive oppgåve- og problemløsing på ein moderne motorlab. Bedrifter kan då også drive testing, utvikling og andre forsøk. I tillegg blir det trekt fram at ein prøvestasjon for automasjon (for bruk ved førebuing til fagprøve), og anna utstyr arbeidslivet ønskjer å dele med skulen, som til dømes 3D-skrivar og robotarmar, med fordel kan vurderast inn som utstyr i skulen sitt verkstadareal, og innkjøpet kan vurderast som eit spleislag mellom skule og arbeidslivet, mot at arbeidslivet får tilgang til slikt utstyr for prototyping og testing i sitt innovasjonsarbeid.

Teknologisenteret til UNITECH som no er under oppføring på Rubbestadneset, er òg del av ein norsk katapult for berekraftig maritim industri, som er eit nasjonalt katapultsenter innanfor ulike energisystem som batteri, brenselceller og hybride system til havnæringane og relatert industri. Teknologisenteret vil òg ha utstyr som oppdrettsanlegg, renseanlegg for fisk, container for transport av levande sjømat, sensorar for å måle tilstand i ulike vasskar, osv. ved teknologisenteret, som vil vere tilgjengeleg for utviklings- og utdanningsformål. Her ønskjer ein velkommen utdanningsinstitusjonar, forskarar og arbeidsliv til å bidra og til å lære å bruke ny teknologi, noko som inkluderer elevar og lærarar ved vidaregåande skule, og dette er ein arena ein absolutt må dra nytte av i praksisopplæringa ved vidaregåande skule.

Eit katapultsenter vil tiltrekke seg bedrifter frå heile landet, òg utlandet, og opnar opp for å gje praksis til elevar i skulen saman med bedrifter som ein vanlegvis ikkje finn i regionen, men som arbeider og utviklar ny og spanande teknologi. I tillegg vil ein komme tett på innovasjonsarbeid og innovasjonsprosessar.

Ein moderne skule for yrkesfagleg utdanning, tett på industrien, meiner arbeidslivet er ein føresetnad for å få til den omstillinga og kunnskapsoverføringa som må til mellom ulike næringar, for å skape framtidas teknologi og arbeidsplassar. Det blir trekt fram at det er viktig at skulen sitt verkstadareal er fysisk tett på, då det vil gje nærleik til kompetanse og rollemodellar som lett kan komme og hjelpe ved praktisk opplæring og oppgåveløsing i skule.

Pilotprosjektgruppa meiner difor at det bør vurderast å gjøre verktøy og maskinar i skulen tilgjengeleg for arbeidslivet i periodar der skulen ikkje bruker dei sjølv, og sjå yrkesfagleg utdanning opp mot teknologi- og katapultsenteret som no er under etablering på Rubbestadneset.

Pilotprosjektet ser på korleis ein kan **auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift**. I informasjonsinnsamlinga som er gjort, kjem det fram at arbeidslivet synest det er utfordrande å legge til rette for meir praksis i bedrift i Vg1 og Vg2. Årsakene til dette er fleire, t.d. aldersgrense på 18 år for bruk av verktøy og maskinar og krav om HMS- og dokumentert opplæring før bruk. Sistnemnde er tidkrevjande øvingar om det skal gjennomførast for mange elevar som skal ut i bedrift, og kanskje på ulike tidspunkt. Arbeidslivet er elles klare på at ei grunnleggjande basisopplæring må vere på plass før ein kjem ut i bedrift, både for å ha ein viss kompetanse, men òg slik at elevane kan lære og feile i trygge omgjevnader. Elles må det nemnast at arbeidslivet er tydelege på at læretida på 2 (2,5) år er noko dei ønskjer å behalde, for dei opplever denne ordninga fungerer godt.

Når det gjeld integrert praksisopplæring i bedrift, har det vore uklårt for arbeidslivet kva og kor mykje opplæring det er snakk om, når den skal finne stad, og korleis det skal organiserast. Det er mange måtar å involvere bedriftene på, men eitt alternativ er at skulen tek ansvar for å trekke fleire bedrifter inn på ein workshop for å definere ei problemstilling elevar kan jobbe med som eit prosjekt gjennom eit skuleår, som kan involvere fleire bedrifter i ein verdikjede, og som kan gå på tvers av programfaga. Bedriftene stiller med mentorar, og gjer tilgang til det verktøy og maskinar som er naudsynt for å gjennomføre oppgåva, og som skulen gjerne ikkje har tilgang til. I tillegg kan ein legge opp til å bruke verktøy og maskinar på andre arenaer ved behov, og skulen må ta ansvar for å avklare dette med dei det gjeld.

Arbeidslivet må syte for at oppgåva som blir utarbeidd ikkje krev meir kapasitet enn bedrifa kan tilby, og skulen må saman med bedrift organisere opplæringa slik at det er ledig kapasitet på dei verktøy og maskinar som er aktuelle å bruke gjennom opplæringa.

Tilbakemeldingar frå arbeidslivet er at det i dag er det tilfeldig og personavhengig om korleis praksis blir planlagt og gjennomført i bedrift i Vg1 og Vg2. Skal ein få til meir integrert praksisopplæring i bedrift, er det ein klar forventning frå arbeidslivet at ein først får ein **betre styring av praksisopplæring** og ryddigare struktur på praksisopphald, og klarar å demonstrere at ein når praksismål, før ein ev. aukar mengda praksis i bedrift.

Pilotprosjektgruppa tilrår difor å etablere eit godt og brukarvennleg styringsverktøy for å støtte opp under praksisopplæring i bedrift. Her må praksis vere knytt opp mot læreplanmål, bedrifter må kunne dokumentere praksis som er gjennomført, og ikkje minst må bedrifter kunne melde inn kapasitet og ledig tidspunkt for praksisopplæring i bedrift. Lærarar må kunne bruke verktøyet for å planlegge gjennomføring av praksisen.

Pilotprosjektgruppa meiner, når det gjeld **auka grad av hospitering av lærarar**, at får ein til ein god modell for integrert praksisopplæring i bedrift, der lærar og elevar kjem tettare på bedrift gjennom praktisk oppgåveløsing, vil dette gje lærar eit godt bilet av kva bedrifter driv med gjennom undervisningssituasjonen, og i mykje større grad enn i dag.

Utover dette tilrår pilotprosjektet at lærarar og tilsette i bedrift hospiterer hos kvarandre i tråd med ordninga som finnes i dag. Hospitering bør elles inngå som ein naturleg del av skulen sitt arbeid med kompetanseutvikling, og følgjast opp med same styringsverktøy som nemnt i avsnittet over.

Å utarbeide og implementere ein ny opplæringsmodell for utdanning av fagarbeidarar er i all hovudsak eit endringsprosjekt, der både skule, arbeidsliv og andre sentrale aktørar må arbeide annleis enn i dag. Skal ein lukkast med dette prosjektet, må alle involverte aktørar vite kva prosjektet går i, involverast i arbeidet framover, og tar eigarskap til dei aktivitetane som skal utførast ved implementering av ny modell.

Det er mange **risikoar i pilotprosjektet**, men den største er at det er svært mange aktivitetar som går føre seg i parallel. I tillegg til å arbeide med innhaldet i sjølve piloten, som å styrke samarbeid skule – arbeidsliv, læreplanarbeid, og utvikling av styringsverktøy for oppfølging av praksis i bedrift, skal to skular slåast saman til éin, det skal gjennomførast ein design- og planleggingsfase for nytt verkstadareal ved «nye» Børmlø vgs på Bremnes, nytt verkstadareal skal byggjast, og Rubbestadnes vgs skal samstundes oppretthalde normal drift.

Det er ein høg risiko å gjennomføre alle desse endringsprosjekta i parallel, slik det i utgangspunktet er lagt opp til, og ein bør vurdere å strekke delar av oppgåvane lengre ut i tid.

2. Innleiing

2.1 BAKGRUNN FOR PILOTPROSJEKTET

Som ein del av rullering av Skulebruksplan 2016-2030, gjorde fylkestinget i Hordaland vedtak knytt til skule og tilbodssstruktur på Bømlo. Fylkestinget fatta følgjande vedtak i oktober 2016, sak 72/16:

Rubbestadnes og Bømlo VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo VGS, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.

Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skolen som skal styrkja samarbeidet mellom arbeidsliv og skule slik at m.a opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesdag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og arbeidsliv vert invitert med i denne prosessen. Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skolen. På sikt skal ein vurdera nytt utdanningstilbod innan havbruk.

I tillegg var det under budsjetthandsaminga i fylkestinget 2016, sak 91/16, fatta slikt vedtak:

Arbeidet med pilotprosjektet på Bømlo skal starta opp like over nyttår. Målet er ei vidaregåande opplæring basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det skal utarbeidast eit mandat som er tydeleg på eit utviklingsdyktig studietilbod. Rammer for mandatet bør m.a. ta omsyn til at arbeidslivets behov og moglegheiter for bistand til opplæring vil variere. Det skal etablerast ei prosjektgruppe i tett samarbeid med, og med representantar for, skule, kommune og arbeidsliv.

Dette arbeidet skal vera klart innan januar 2017, og forslag til innhald i, og gjennomføring av prosjektet skal vera klart innan utgangen av juni. Kostnadane knytt til pilotprosjektet vert dekka over opplæringsavdelinga sitt budsjett.

3. oktober 2017 vedtok fylkestinget oppdragsspesifikasjon for pilotprosjektet (sak 79-17). Denne oppdragsspesifikasjonen ligg til grunn for utarbeiding av prosjektplan.

Formålet med pilotprosjektet er å utarbeide og teste ut ein opplæringsmodell basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

Prosjektet har følgjande effektmål:

1. «Nye» Bømlo vgs skal i samarbeid med lokalt arbeidsliv utdanne kompetente fagarbeidrarar.
2. Modellen skal sikre høg kvalitet i opplæringa og bidra til lågt fråfall og høgt læringsutbytte.
3. Modellen skal ha overføringsverdi til andre utdanningsprogram både lokalt og nasjonalt.
4. Det skal utarbeidast evalueringeskriterium i utviklingsfasen som skal leggast til grunn i vurderinga av modellen.

Styringsgruppa i prosjektet beslutta 29. mai at opplæringsmodellen skal vurderast mot følgjande kategoriar:

- Kvalitet (40)
- Praksis (30)
- Rekruttering (20)
- Kost (10)

Det er elles utarbeidd ein prosjektplan for pilotprosjektet som vart godkjent i Utval for opplæring og helse 5. juni 2018. Prosjektplanen finst i vedlegg A, og evalueringeskriterier i vedlegg B. Kriteriene er etter innspel frå utval for opplæring og helse utvida til å inkludere måleindikatorar på berekraft og miljø, sett opp mot læreplansmålarbeidet.

2.2 FORMÅL MED DENNE RAPPORTEN

Formålet med denne rapporten er å beskrive forslag til ny opplæringsmodell.

Opplæringsmodellen skal understøtte dei ambisjonane og målsettingane som ligg i vedtaket, og støtte opp under strategien Hordaland fylkeskommune har for opplæring.

OVERORDNA MÅL 1	OVERORDNA MÅL 2	OVERORDNA MÅL 3
<p>Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov</p> <p>Strategiar</p> <p>1.1 Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering</p> <p>1.2 Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv</p>	<p>Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv</p> <p>Strategiar</p> <p>2.1 Bygge ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling</p>	<p>Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre live sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet</p> <p>Strategiar</p> <p>3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå</p>

2.3 AVGRENSINGAR

Denne rapporten vil i hovudsak fokusere på innhald og gjennomføring av TIP og EL ved Rubbestadnes vgs i dag, og korleis opplæringsmodellen for desse linjene skal vere ved «nye» Bømlo vgs, samt moglegheita for å på sikt utvide med havbruk.

Rapporten vil ikkje detaljere ut ein plan for sjølve piloteringa, eller kostnads- og ressursberekne denne. Dette vil bli gjennomført først etter at styringsgruppa har godkjent denne rapporten. Rapporten tek heller ikkje føre seg samanslåinga av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs til ein skule med felles administrasjon, eller oppføring av bygning for å huse maskinar, utstyr og verktøy der elevar kan motta ei grunnopplæring i yrkesfaga TIP og EL, og som på sikt kan utvidast til å inkludere opplæring innan havbruk.

2.4 LESARAR

Dei som vil ha interesse av å lese denne rapporten er politisk nivå i HFK, opplæringsavdelinga i HFK, skuleleiing, rådgjevarar, tillitsvalde og lærarar ved dei vidaregåande skulane på Bømlo og i Sunnhordland, elevrådsleiarar, opplæringskontor, rådgjevarar og rektorar på ungdomsskulen, kommunalsjefar, og leiarar og tilsette i bedrifter i Sunnhordland som tek inn elevar i praksis og læretid.

2.5 RAPPORTEN SI OPPBYGNING

Rapporten vil først gje informasjon om yrkesfagleg opplæring i dag, og dei viktigaste interessentane rundt den yrkesfaglege utdanninga.

Deretter vil rapporten presentere kva som er gjort av kartleggingar og informasjonsinnsamling, før funn blir presentert, og til slutt ein diskusjon og konklusjon av arbeidet til no.

3. Bakgrunnsinformasjon

Rubbestadnes vidaregåande skule blei starta i 1950. Lokal industri hadde stor trong for arbeidskraft innan mekaniske- og elektrofag, og mange ufaglærte kom til bedriftene på Rubbestadneset og spurte etter arbeid.

Bedriftene måtte lære dei opp, men etter kvart tok dette så mykje tid, at dei såg dei trong ein skule som kunne utdanne og lære fagfolka opp i arbeidet som skulle utførast. Dermed vart Rubbestadnes yrkesskole etablert, og plassert like ved industriklynga på Rubbestadneset.

Skulen er i dag sertifisert av Sjøfartsdirektoratet og DNV GL, og har følgjande utdanningstilbod:

- Vg1 Teknikk og industriell produksjon
- Vg1 Elektrofag
- Vg2 Automatisering
- Vg2 El-energi
- Vg2 Maritime fag (skulen har eige opplæringsfartøy)
- Vg2 Industriteknologi
- Vg3 Automasjonsfaget


Rubbestadnes vgs har hatt ein sterk posisjon i teknologiutvikling, og hatt ei sentral rolle for arbeidslivet i Sunnhordland sidan etableringa i 1950. Arbeidslivet på Bømlo har ein kultur for å vere gode på teknologiutvikling, entreprenørskap og innovasjon, og mange lokale firma har eigaraar som har gått på Rubbestadnes VGS, og som har vakse med ressursar frå Rubbestadnes vgs. Ein kan til dømes nemne LOS Gruppen som i dag er eit stort konsern innan elektro, høgspent og skipsservice med om lag 400 tilsette, Servogear med om lag 50 tilsette som utviklar framdriftssystem og deltek i store, nyskapande innovasjonsprosjekt som til dømes fullelektriske skip, Marinus Aquaservice som gjer det stort innan tenesteleveransar mot oppdrettsnæringa, samt mange mindre bedrifter som leverer spesialutvikla teknologi retta mot maritim næring, fiskeri og havbruk. I tillegg har ein fleire store bedrifter i nærmiljøet som hentar fagfolk frå Rubbestadnes VGS, slik som Eidesvik, Wärtsilä Norway og Bremnes Seashore.

I 2016 starta UNITECH arbeidet med oppføring av eit teknologiutviklingssenter på Rubbestadneset for utvikling av ny teknologi innan maritim, olje- og gass, fiskeri og havbruk. Teknologisenteret er på plass i 2019, og er del av det norske katapultsenteret for berekraftige maritime industri. Vidare pågår eit forprosjekt for bygging av ein 165 meter lang tørrdokk i same område, samt oppføring av ein flytande kabelproduksjonsfabrikk. Alt i alt er det forventa ein auke på om lag 300 nye arbeidsplassar berre i Rubbestadneset dei neste par åra.

Utdanning av relevant fagarbeidarkompetanse er difor meir relevant enn nokon gong før for industrimiljøet på Rubbestadneset og Bømlo. Arbeidslivet ønskjer å sikre sterke maritime og industrielle verdiar gjennom eit endå tettare samarbeid med skulen, og spele inn kompetansebehov og arbeide saman med å rekruttere og utdanne fagfolk som er dyktige på teknologiutvikling og innovasjonsarbeid, og som evnar å arbeide med omstilling og innovasjon i praksis.

3.1 ORGANISERING AV RUBBESTADNES VGS

Rubbestadnes vidaregåande skule har i skuleåret 2017/2018 følgjande organisering:



Rektor, assisterande rektor og avdelingsleiar tek seg av personaloppfølging saman med tillitsvalde og verneombod. Eine avdelingsleieren er i tillegg kvalitetssikringsansvarleg (30 % stilling). Avdelingsleiar er ansvarleg for den faglege delen, men det vert òg lagt mykje på faglærarane/lærarstaben. Faglærarar får òg moglegheit til fagleg opplæring der det lar seg gjere.

Når det gjeld støttefunksjonar har skulen ein elevinspektør¹ som driv med sosialrådgjeving og ein rådgjevar som driv med yrkesretta rådgjeving. Kontaktlærar tek òg litt av dei sosialpedagogiske oppgåvane. Skulen har i tillegg to miljøfagarbeidalar som hjelper elevar som treng noko ekstra, både fagleg og sosialt.

3.2 OPPLÆRINGSKONTOR

Eit opplæringskontor er eit selskap som er eigd av ulike verksemder, som oftast innanfor ein og same bransje, men kan også vere tverrfaglege og famne om ulike bransjar. Ein av opplæringskontora sine viktigaste oppgåver er å skaffe nok lærepllassar for elevar som vil ut i lære, og nok lærlingar til sine medlemsbedrifter. Dei skal også rettleie lærebedrifter og lærlingar fram til lærlingen har bestått fag- eller sveineprøva. Skulen og opplæringskontora har tett dialog og samarbeider om ulike aktivitetar gjennom skuleåret.

Det er etablert fleire opplæringskontor som følgjer opp elevar gjennom læretida, etter dei er ferdige med opplæringa i skulen. Her følgjer ei oversikt over dei som er mest i kontakt med elevar frå Rubbestadnes VGS:

- OME - Opplæringskontoret for mekaniske fag og elektrofag, Bømlo
Medlemsbedriftene er godkjente opplæringsbedrifter etter fullført
 - Vg2 Elenergi
 - Vg2 Maritime Fag
 - Vg2 Industrieknologi
 - Vg3 Automatiseringsfaget ++
- HSO - Haugaland og Sunnhordland opplæringskontor for elektrofag
Medlemsbedriftene er godkjente opplæringsbedrifter etter fullført
 - Vg2 Elenergi
 - Vg3 Automatiseringsfaget ++

¹ Elevinspektørordninga blei avvikla hausten 2018.

- YSO - Ytre Sunnhordland Opplæringskontor (Stord, Fitjar)

Medlemsbedriftene er godkjente opplæringsbedrifter etter fullført

 - Vg2 Elenergi
 - Vg2 Industriteknologi
 - Vg3 Automatiseringsfaget ++
- MarOpp - Maritimt opplæringskontor

Medlemsbedrifter er rederi som er godkjente opplæringsbedrifter etter fullført

 - Vg2 Maritime Fag
 - Vg2 Elenergi (forutset VG3 Maritim Elektrikerfag) ++

Opplæringskontor arbeider også med praksiskandidatar, og hjelper bedrift med å konkretisere læreplanar, og legge til rette for undervisning på nett. Når teorien er tatt, kan dei melde seg på fagprøven. Opplæringskontoret OME har også arbeidd med å lage eigne fagkurs for å heve statusen på enkelte arbeidsområde, som industrimalarfaget, lagerarbeidarfaget osv. I desse tilfella vart kurs kjøpt fra Rubbestadnes vgs.

3.3 GJELDANDE REGELVERK OG FORSKRIFTER

[Opplæringslova](#) med tilhøyrande [forskrifter](#) set rammer for organisering og gjennomføring av vidaregående opplæring. Praktiske døme på [bruk av fleksibel fag- og timefordeling](#) finnes hos Utdanningsdirektoratet.

3.4 DAGENS OPPLÆRINGSMODELL FOR TIP OG EL

Opplæringsmodellen for TIP i dag følgjer ein 2+2-modell, med to år opplæring i skule og to år opplæring i lærebodrift. EL har ein 2+2,5-modell.

Prosjektgruppa har utarbeida ein overordna modell som viser fasane i dagens opplæringsmodell: Rekruttering → VG1 → VG2 → VG3 (Automasjon) → Læretid. Modellen viser sentrale aktørar som bidrar i utdanningsløpet med ulike aktivitetar. Alle aktivitetar er merka med ein fargekode knytt opp mot dei evalueringskriteria dei påverkar, og som ligg til grunn i prosjektet, nemleg kost, kvalitet, rekruttering og praksis.

3.4.1 Sentrale aktørar i utdanningsløpet (roller)

Dei sentrale aktørane i utdanningsløpet som er teke med i modellen er:

- Ungdomsskule
- VGS
- Bedrift
- Lengre utdanning
- Vaksenopplæring
- Opplæringskontor
- Fagopplæringskontor
- Atheno

Rolla **Ungdomsskule** inkluderer lærarar, elevar og andre støttefunksjonar. Ungdomsskulen er den mest sentrale aktøren når det gjeld utdanning og utvikling av elevar før dei startar på vidaregående opplæring.

Rolla **VGS** inkluderer lærarar, elevar og andre støttefunksjonar.

Rolla **Bedrift** inkluderer både leiistar i bedriftene, dei som har ansvar for elevar i bedrift og lærlingar, og andre i bedrifta som støtter opp om desse.

Rolla til utdanningsinstitusjonar som tilbyr **Lengre utdanning**, inkluderer både fagskule, høgskule, universitet og andre forskingsinstitusjonar.

Rolla **Vaksenopplæring** inkluderer både lærarar, elevar og andre støttefunksjonar ved Børmlø Vaksenopplæring.


Rolla **Opplæringskontor** inkluderer alle opplæringskontor innan dei opplæringstilboda skulen har

Rolla **Fagopplæringskontor** har ansvar for kontroll og godkjenning av lærebedrift, oppfølging av elevar i lære, tilrettelegging ved spesielle behov osv.

Rolla **Atheno** peikar på industrinettverket i Sunnhordland og arbeidet deira innan UngTekno, ung entreprenørskap og ringar av vatn.

3.4.2 Rekruttering

Figuren under viser kva aktivitetar dei ulike rollene har i arbeidet med å rekruttere inn elevar til yrkesfaglege utdanningsprogram. Kort forklaring av kva aktivitetane inneber, er forklart under figuren.



Ved ungdomsskulen har ein faget **utdanningsval**, der elevane får eit innblikk i kva yrker og utdanningsmoglegheiter som ligg føre dei. Elevane har dette faget både i 8., 9. og 10 klasse. Faget gjer elevane ein god moglegheit til å bli betre kjent med seg sjølv og reflektera over kva val dei skal gjera når det til dømes kjem til karriereval. Elevane får besøk av arbeidslivet og vidaregåande skular i dette faget. Arbeidslivet presenterer ulike yrker og korleis det er å arbeida, medan vidaregåande skular fokuserer på skuledelen og korleis det er å vera elev hjå dei. Det er i dette faget elevane får moglegheita til å hospitera i vidaregåande skule. I tillegg har skulen ei rådgjevingsteneste som rettleiar ungdom i samband med utdanningsval.

Bømlo vaksenopplæring driv **rådgjeving for komplet utdanning**, og førebur elevane sine på norske forhold og hjelper med å formalisere/komplettere kompetansen deira. Dei får òg rådgjeving i forhold til formalisering/komplettering av kompetanse, og nokre blir rettleia inn mot vidaregåande skule, medan andre søker arbeid i arbeidslivet.

Ein dag i året inviterer Rubbestadnes vgs alle skulane på Bømlo, foreldre og andre interesserte, til **ein open dag på Rubbestadnes vgs**. Samarbeidspartnerane til skulen, bedrifter og opplæringskontor, riggar til yrkesmesse, og heile skulen er open for publikum. Det er ein innhaldsrik dag der elevane stolt viser fram kva dei har lært. Dei som deltek får omvising på skulen, miniseminlar, yrkesmesse og god tid til å få svar på spørsmål ein måtte sitte inne med. Dei siste åra har det vore om lag 600 personar innom skulen på dette

arrangementet. Både elevar ved ungdomskule, vidaregåande skule og frå vaksenopplæringa deltek på arrangementet.

Stord Rotary klubb arrangerer **utdanningsmessa på Stord** kvart år. Opplæringskontoret for mekaniske og elektrofag, OME, koordinerer ei Bømlo-gate der alle bedrifter og skular frå Bømlo står samla. Gjennom dette klarar dei å gje ungdommen eit meir samla bilet av kva som finnes av bedrifter på Bømlo. Bedriftene prøver å ta med seg lærlingar og unge tilsette som kan relatere seg til dei som skal ta val, slik at ungdommen får møte desse.


Elevar frå vgs reiser ut til ungdomsskulane der **elevane presenterer seg i skulen**, og fortel om kva dei lærer, og deler tankar og erfaringar rundt dette. Målet er at dei som er på ungdomsskulen skal få betre kjennskap til kva moglegheiter som finnes etter ungdomsskulen.

Bedriftspresentasjon på førespurnad. Skulane kontaktar bedrifter og ber om å komme å ha bedriftspresentasjoner, ev. få omvising i bedrift. Bedrifter synes dette er viktig og gjer det dei kan for å få dette til.

Atheno har våren 2018 gjennomført pilotprosjektet **UngTekno** i samarbeid med skular og lokale verksemder. Bedrifter stiller med konkrete problemstillingar og mentorar frå arbeidslivet, og ungdomsskulen med elevar for å løyse problem. Målet er å inspirere niandeklassingar til å tenkje teknologiutvikling og entreprenørskap samt auke interessa for yrkesfag. Tilbakemeldingane har vore svært gode.

3.4.3 VG1, VG2, VG3 (automasjon)

Figuren under viser kva aktivitetar dei ulike rollene har i arbeidet med utdanning på Vg1, Vg2 og Vg3 automasjon. Aktivitetane for Vg2 er tilleggsaktivitetar som er for Vg2 utover dei som er modellert for Vg1. Vg3 har same aktivitetar som Vg1 og Vg2, bortsett frå programfag og YFF. Kort forklaring av kva aktivitetetane inneber, finnes under figuren.



Rubbestadnes vgs tilbyr **hospitering av ungdomsskuleelevar**. Elevar i 9. og 10. trinn i ungdomsskulen får mogelegheita til å delta i aktivitetar i vidaregåande skule. Elevane får på denne måten prøve ut eit fag i praksis, og har med seg ein elev frå vidaregåande som instruktør. Dette er som regel lærerike dagar for

både ungdomskuleelever og elev i vidaregåande skule. Rubbestadnes vgs tilbyr til dømes hospitering for elevar 10. klasse kvar haust. Dei får då delta i programfag hos Vg2. Dei prøver eit programområde ein dag, til dømes automatisering, og eit anna påfølgjande dag, som til dømes elenergi. I tillegg kan elevar frå 9. klasse koma på liknande besøk om våren hos Vg1. Då følgjer dei eit utdanningsprogram på Vg1 over to dagar.

Elevane frå ungdomsskulen får **delta på hospitering** gjennom faget Utdanningsval.

For kvart år i det vidaregåande utdanningsløpet, vert det utarbeida ein **lokal læreplan** i skulen basert på nasjonale læreplanar. I løpet av det første året av vidaregående opplæring skal elevane ha fellesfag og programfag der dei lærer seg ulike arbeidsprosessar, bruk av verktøy og metodar som er typiske for dei enkelte utdanningsprogramma, samt yrkesfagleg fordjupning, som er ein kombinasjon av teori og praksis ute i bedrift. År to i utdanninga, Vg2, byggjer på Vg1, og her vel elevane eit programområde, og får mogelegheita til å spesialisere seg i større grad enn på Vg1. Etter Vg2 går dei fleste elevane ut i lære, men det Vg3 automasjon har eit ekstra år i skule før dei går ut i lære.

Fellesfag er obligatoriske fag som alle elevar skal ha. Faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag og kroppsøving må alle elevane gjennom uavhengig av kva utdanningsprogram dei går på. Fellesfaga utgjer 30 % av opplæringstida det første året, og om lag 25 % det andre året, og Vg3 automasjon har berre kroppsøving.

Fag	Timar VG1	Timar VG2	Timar VG3
Norsk	56	56	0
Naturfag	56	0	0
Matematikk	84	0	0
Engelsk	84	56	0
Kroppsøving	56	56	56
Samfunnsfag	0	84	0
Sum per år	336	252	252

Programfag er felles for alle som går på same utdanningsprogram. I dei felles programfaga skal elevane lære seg ulike arbeidsprosessar, og bruk av verktøy og metodar typiske for dei enkelte utdanningsprogramma. Elevane lærer òg om HMS tilpassa utdanningsprogrammet dei har valt. Programfaga utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng. Dei felles programfaga utgjer ~50 % av opplæringa det første året, og ~50 % det andre året. Tabellen under viser kor mykje praksis det er i dei ulike programfaga. Det er delar av denne tida ein ønskjer å få gjennomført ute i bedrift i pilotprosjektet.

Utdanningstilbod	Fag med praksis	Tal timar praksis pr elev	Tal timar totalt
Vg1 TIP	Produksjon	152	6 840
<i>Tal elevar: 45</i>	Tekniske tenester	95	4 275
Vg1 EL	Automatiseringssystem	114	3 420
<i>Tal elevar: 30</i>	El-energisystem	105	3 150
	Data og elektronikk	99	2 970
Vg1: Sum praksis/år			20 655
Vg2 Industrieknologi	Produksjon	114	1 710
<i>Tal elevar: 15</i>	Reperasjon og vedlikehold	113	1 695
Vg2 Maritime fag	Drift og reparasjon	57	2 565
<i>Tal elevar: 45</i>	Skipstekniske tenester	57	2 565
	Dokumentasjon og kvalitet	38	1 710
	Valfag, dekk	140	3 150
	Valfag, maskin	140	3 150
Vg2 Automasjon	Automatiseringssystem	152	2 280

Tal elevar: 15	Elenergisystem	84	1 260
Vg2 Elenergi	Automatiseringssystem	91	1 365
Tal elevar: 15	Elenergisystem	114	1 710
	Data og elektronikk	81	1 215
Vg2: Sum praksis/år			18 075

Yrkesfagleg fordjuping (YFF) skal gi elevane mogelegheit til å prøve ut eitt eller fleire aktuelle lærefag. Dei skal få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer yrka i utdanningsprogrammet. Dei skal også få mogelegheit til å fordjupe seg i kompetansemål frå læreplanane på Vg3 opplæring i bedrift. Formålet er at elevane skal få delta i realistiske arbeidssituasjonar, og gje elevane eit godt grunnlag for å ta gode val av lærefag, knytte elevar og bedrifter nærare saman og å gje elevane større variasjon i læringsarenaer.

I YFF er det spesielt tilrettelagt i forskrifta for at elevar skal vera ute i arbeidslivet. Timeplanen til skulen er tilpassa slik at det er mogleg å arbeide heile dagar ute i bedrift. Det er populært å ha jobb i arbeidslivet i dette faget framfor å vera på skulen, men det har vist seg at i eit turbulent marknad er det ikkje alltid like lett å finna praksisplassar til ungdommane.

YFF utgjer 20 % av opplæringstida det første året, og 25 % det andre året. På Vg2 Maritime fag vert praksisen samla slik at den passar med turnusar i dei ulike rederia, og her er elevane utplasserte på sjøen i november og desember. På Vg2 Elenergi vert elevane utplasserte i bedrift eit par veker samanhengande i forbindelse med vinterferie. Tabellen under viser kor mykje praksis det er forventa at skal skje i bedrift per elev per linje per år, og samla tid totalt. Tal i parentes er timetal YFF etter læreplan.

Utdanningstilbod	Fag med praksis	Tal timer praksis pr elev	Tal timer totalt
Vg1 TIP			
Tal elevar: 45	YFF	133 (168)	1 995
Vg1 EL			
Tal elevar: 30	YFF	168 (168)	5 040
Vg1: Sum praksis/år			7 035
Vg2 Industrieknologi			
Tal elevar: 15	YFF	253 (253)	3 795
Vg2 Maritime fag			
Tal elevar: 45	YFF	220 (253)	9 900
Vg2 Automasjon			
Tal elevar: 15	YFF	240 (253)	3 600
Vg2 Elenergi			
Tal elevar: 15	YFF	253 (253)	3 795
Vg2: Sum praksis/år			21 090

Slik det er i dag prøver elevane å finne seg utplasseringsbedrift og **koordinere praksis (YFF)** på eiga hand. Lærar hjelper til der det er behov for det. Skulen held kontakten med praksisbedriftene og kjem på sporadiske besøk der det er mogleg. Bedriftene fyller ut evalueringsskjema til lærar etter at praksisen er gjennomført.

Skulen har dialog med dei andre vidaregåande skulane om å ikkje har utplasseringsperiodar på same tidspunkt. Slik at bedriftene slepp for stor belastning/pågang.

Dei ulike **opplæringskontora kjem til skulen** og presenterer siste nytt frå medlemsbedriftene deira, og faga bedriftene representerer. Opplæringskontora er representerte på open dag og utdanningsmessa, men dei kjem og på besøk når søknadsfristen nærmar seg.

OME køyrer TIP-elevar ut til mekaniske bedrifter på Bømlo, og gjer dei ei omvising av kva dei arbeider med der. På denne måten får dei eit bilet av kva dei kan komme til å jobbe med hos dei ulike verksemduene etter at tida på skulen er omme.

Fagopplæringskontoret **sender ut varsel om fråvær** når elevar nærmar seg så mykje fråvær at dei risikerer å ikkje få karakterar i eit fag. Dei **kartlegg kven som har fått lærepllass**, og arbeider for at dei som ikkje har fått seg læreplass kjem seg ut i lære.

I YFF kan elevar starte eiga verksemdu, og drive denne heile Vg2. Her lærer dei det formelle rundt registrering, rekneskap og drift av ei verksemdu. I tillegg lærer dei mykje om produktutvikling, marknadsføring og sal. Elevane følgjer opplegget til **Ungt Entreprenørskap** og får god oppfølging frå dei. Her får dei tilbod om informasjonsmøte, online hjelpemiddel, bankkonto og rekneskapskurs. Dei deltar også på Fylkesmessa i Bergen der dei lagar og står på stand for å selje produktet sitt. Tilbakemeldingar frå dei som har deltatt er udelt positive og dei har lært mykje. Det er som regel ein del av klassen som har ungdomsbedrift i YFF.


I «**Ringer av vann**» skal elevane bruke kreativiteten sin og utvikle nye produkt og tenester som kan bidra til auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar innan sjømat. Atheno gjennomfører i dette prosjektet ein innovasjonscamp for å oppnå målet, som er ein innovativ læringsmetode for kreativitet og nyskaping der elevane arbeider i tverrfaglege team på tvers av både yrkesfag og studiespesialisering. I løpet av ein avgrensa tidsperiode leverer dei så den beste løysninga på ei reell utfordring frå ein oppdragsgjevar.

I tredje året på automasjon, er elevane **2x3 veker i praksis** i bedrift, som vist i tabellen under:

Utdanningstilbod	Fag med praksis	Tal timer praksis pr elev	Tal timer totalt
Vg3 Automasjon	Automatiseringssystem	295	4 425
<i>Tal elevar: 15</i>	Elenergisystem	62	930
	Mekaniske fag	137	2 055
Vg3: Sum praksis/år			7 410

3.4.4 Lærepllass

Figuren under viser kva aktivitetar rollene har i arbeidet med å støtte elevane i gjennomføring av læretida fram mot fagbrev. Kort forklaring av kva aktivitetane inneber kjem etter figuren.



Bedrifta må legge opp til ei læretid som tilfredsstiller krava i **læreplan**. Fagopplæringskontor og opplæringskontor kursar og rettleier bedrifta i tilrettelegging av læretida for lærlingen.

Elevane startar vanlegvis å søkje etter lærepass vårsemesteret på Vg2. **Læretida** finn stort sett stad i bedrifter. Elevar som ikkje får lærepass i bedrift, har rett på andre tilbod, som til dømes å gjennomføre læretida over eitt år i skule.

Både opplæringskontor og fagopplæringskontor **koordinerer og følgjer opp** lærlingar i bedrift. Nokre av opplæringskontora bruker verktøyet som OLK Web eller Safir for oppfølging av lærlingar i bedrift. Både opplæringskontor, lærling og bedrift har tilgang. Andre opplæringskontor, som MarOpp, har utvikla eigne verktøy for oppfølging.

Fagopplæringskontoret har ansvar for å **kontrollere og godkjenne lærepassar** der elevar kan ta fagbrevet sitt, og har ansvar for **oppfølging av endring i læretid**, og hjelpe til med tilrettelegging der det skulle vere behov for dette. Fagopplæringskontoret driv i tillegg **rettleiling** av både bedrift og elev gjennom læretida, og **godkjenner oppmelding til fagprøve**, og har ansvar for å tildele sensor og oppgåve til kandidaten som skal opp til fagprøve.

3.5 ALTERNATIVE OPPLÆRINGSODELLAR

I dette kapittelet blir det gjeve ei kort forklaring av ulike typar opplæringsmodellar som blir brukt i dag.

3.5.1 Vekslingsmodellen

Vekslingsmodellen er eit fireårige opplæringstilbod der innhald, kompetansemål og forholdet mellom fellesfag og programfag er lik hovudmodellen for yrkesfaga. Vekslingsmodellen skil seg frå 2+2(2,5)-modellen ved at opplæringa i skule og bedrift skjer i ein annan rekkefølge og vekslar oftare.

Vekslingsmodellar skil seg frå 1+3- og 0+4-modellar ved at den totale opplæringa i skule og bedrift ikkje er særleg annleis enn det som følger av læreplanverket.

Det finst ikkje ein standardisert definisjon av vekslingsmodellar. Fleire fylkeskommunar, inkludert Hordaland fylkeskommune, prøver i dag ut ulike vekslingsmodellar. I Hordaland fylkeskommune har følgjande skular vekslingsmodell²:

- Slåtthaug videregående skole (Tømrarfaget)
- Olsvikåsen videregående skole (Helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar)

² Ein evaluering av vekslingsmodellen finn ein her: <https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/fafo-delrapport-1-veksling-ferdig-utgave.pdf>

- Årstad videregående skole (Frisørfaget)

3.5.2 TAF-modell

TAF-modellen fører ungdommen i løpet av fire år fram til både studiekompetanse og fagbrev. Under utdanning kombinerer ein arbeid i bedrift med å gå på skule. Dei første to åra har ein status som elev, dei to siste som lærling med lærekontrakt. I Hordaland fylkeskommune tilbyr Austrheim, Knarvik og Fusa vidaregåande skular TAF.

3.5.3 Alternativ organisering i skule og bedrift

Det er mogeleg å teikne lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneholder unntak frå den vanlege opplæringsordninga ved at:

- Ein større del av opplæringa enn det som følgjer av læreplanen, skjer i bedrift
- Opplæringa i skule og bedrift skjer i ei anna rekkefølge enn læreplanen fastset

Dette betyr at ein ungdom t.d. kan starte som lærling etter VG1 i skule.

Fleksibilitet i fag- og timefordelinga³ opnar opp for å leggje til rette for meir tilpassa tilbod for ulike elevgrupper. Tidlegare måtte skuleigar søkje om forsøk dersom dei ønskte å fråvike fag- og timefordeling for grupper av elevar. Men med den fleksibiliteten som finnes no, opnar ein opp for å leggje fag på andre trinn enn det som går fram i den nasjonale fag- og timefordelinga i Udir 1-2015. Fleire skular nyttar denne fleksibiliteten i dag, og her følgjer nokre dømmer:

- Laksevåg VGS og Stord VGS Elektrofag med spesiell studiekompetanse. Opplæringsløpet er 3-årig og består av programfag elektrofag, realfag og fellesfag.
- Nordahl Grieg VGS tilbyr Helse- og oppvekstfag med studiekompetanse⁴. Opplæringa har same fag og timetal som summen av ordinært toårig yrkesfagleg lop og VG3 påbygg. Fellesfag, programfag og utplassering i bedrift blir jamt fordelt over alle tre åra, slik at elevane unngår eit teoritungt påbyggingsår på VG3.

3.5.4 Særløp

Særløp finnes for lærefag som er for små til at det kan oppretta eigne VG2. I særløpsfag går eleven berre VG1 i skule, og deretter tre år læretid i bedrift.

3.5.5 Teknologi-linje

Teknologiline er eit spesialisert tilbod innanfor teknologiske fag som fører fram mot arbeid som ingeniør, sivilingeniør eller andre tekniske/naturvitenskaplege jobbar. Sotra vidaregåande har dette tilbodet.

3.5.6 Lærekandidat

Lærekandidat er eit alternativ for elevar som veit det kan bli vanskeleg å fullføre eit fag- eller sveinebrev. Lærekandidat er ein grunnkompetanse, som kan byggast vidare til yrkeskompetanse.

3.5.7 Praksiskandidat

Praksisbrev er eit alternativ for elevar som har høgt fråvær og svake karakterar, men som ikkje har særskilte opplæringsbehov. Elevane skal over tid kunne oppnå kompetanseområla ved ei meir praktisk opplæring i bedrift. Opplæringa avsluttast med ein praksisbrevprøve, og det blir gitt dokumentasjon på praksisbrev. Kandidaten skal etter praksisbrevprøven kunne fortsette opplæringa og oppnå full kompetanse i lærefaget i løpet av ordinær opplæringstid.

³ Meir om fleksibilitet i fag- og timefordeling kan ein lese [her](#).

⁴ Alternativ opplæringsmodell ved Nordahl Grieg VGS, (lokal forskrift), frå side 10:
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb>ShowDmbDocument?mId=591&documentTypeId=MI>

4. Om informasjonsinnsamlinga i prosjektet

2018 er frå nasjonalt hald peikt på som fagarbeidaren sitt år. Tal viser at det er behov for at fleire utdannar seg innan fagarbeidaryrket, og innan 2030 viser statistikk at 50 % av alle som går på skule bør ha eit fagbrev. Dette har pilotprosjektet tatt innover seg, og lagt til rette for at alle som har interesse av nok og relevant fagarbeidarkompetanse i framtida har fått gjeve sine innspeil gjennom prosjektet. Gjennom ei kartlegging, framtidsverkstad, SWOT-analyse og ein workshop om fagarbeidaren, har pilotprosjektet fått mange verdifulle innspeil til framtidens skule. I arbeidet har ein hatt fokus på å få til meir integrert praksisopplæring saman med bedrift, men samstundes få på bordet problemstillingar ein opplever rundt utdanning av fagarbeidarar i dag, og innspeil til korleis desse kan løysast.

Over hundre personar har delteke med sine tilbakemeldingar, og omlag halvparten av desse kjem frå arbeidslivet. Resten er elevar, lærarar, rådgjevarar og skuleleiing frå ungdomsskulalar og vidaregåande skular, høgskulen, kommunaleiing, opplæringsavdelinga og fagopplæringskontoret i HFK og ulike nettverk og næringsråd i Sunnhordlandsområdet som arbeider tett på arbeidslivet.

Informasjonen blitt samla inn på ulike måtar:

- Kartlegging gjennom semi-strukturerte intervju av nøkkelpersonar
- Framtidsverkstad (kafédialog)
- SWOT-analyse
- Dokumentstudie
- Workshop om fagarbeidaren

I kartlegginga er det gjennomført semi-strukturerte intervju med deltakarane i prosjektgruppa. Eit semi-strukturert intervju, der spørsmålsformuleringa ikkje er nøyaktig nedteikna, men formulert i form av stikkord og kategoriar som intervjuaen tek utgangspunkt i når spørsmål vert formulert. Stikkorda kan ein sjå i Vedlegg G. Stikkord til kartlegging, og oversikt over kven som vart intervjuet i Vedlegg F. Involverte interessentar. I samband med kartlegginga er det sendt ut ein førespurnad til ei rekke bedrifter på Bømlo med spørsmål om kva utstyr og maskinar dei har i sine bedrifter, og kva krav det er knytt til desse for å drive opplæring i bedrift. Ei oversikt finnes i Vedlegg H. Verktøy og maskinar i bedrift.

Det er også gjennomført ein framtidsverkstad, der det vart invitert inn folk frå styringsgruppa til pilotprosjektet, tilsette ved begge vidaregåande skulane, rektorar og rådgjevarar ved ungdomsskulane på Bømlo, elevrådsleiarar og tilsette ved bedrifter som har ansvar for oppfølging av elevar i praksis og lære. Oversikt over kven som deltok finnes i Vedlegg F. Involverte interessantar. Framtidsverkstaden vart gjennomført som ein kafédialog.

Kafédialog er ein metode som egnar seg for grupper frå 15 personar og oppover. Den tek utgangspunkt i at det ofte er i dei uformelle møta ein opplever meiningsfulle nye samtalar og utviklar gode idear, derav namnet. På kort tid får ein fram mange konkrete innspeil og idear til dei tema ein ønskjer å få belyst, og alle får moglegheit til å bidra. Metoden har også ein sosial og nettverksbyggjande effekt, då ein kjem i kontakt med mange menneske over kort tid. Deltakarane på framtidsverkstaden rullerte over fem bord, der dei diskuterte følgjande tema:

- Korleis kan yrkesfagleg opplæring organiserast i framtida?
- Korleis kan vi i framtida legge betre til rette for integrert praksis i bedrift?
- Korleis sikre relevant opplæring og kompetanse i framtida?
- Korleis skape ein læringsfremjande vurderingspraksis gjennom samarbeid lærar – bedrift - elev?
- Korleis legge til rette for at ungdommar blir inspirerte og motiverte til å velje eit opplæringsløp som gir gode mogelegheiter i arbeidslivet?

Vidare er det gjennomført to arbeidsmøter der representantar frå prosjektgruppa og frå arbeidslivet har møtttest og utarbeidd ein SWOT- analyse (styrkar, svakheitar, moglegheitar, truslar). Ei oversikt over kven som deltok i dette arbeidet finn ein i Vedlegg F. Involverte interessantar. Sjølv SWOT-analysen finst i Vedlegg I. SWOT-analyse. Gjennom SWOT-analysa har informantar i prosjektet peika på styrkar og svakheitar for:

- Dagens skule med lærepass
- Dagens skule med utplasseringsperiodar (praksis gjennom YFF)
- Framtidens skule med meir praksis i bedrift


For å få mest mogeleg kunnskap om opplæring og skule, er det òg gjennomført ein gjennomgang av ulik dokumentasjon som til dømes.

- Lister frå fagopplæringskontoret på lærlingar frå Rubbestadnes vgs, og kor dei har læretida si
- HFK sin overordna strategi, men særleg fokus på opplæring
- Artiklar og avisinnlegg på nettet om yrkesfagleg utdanning
- ++

Det er òg gjennomført ein workshop med tema «Korleis sikre nok og relevant fagarbeidar kompetanse for industrien i framtida», der 104 deltok frå skule og arbeidsliv. Fullstendig deltakarliste finnes i Vedlegg F. Involverte interessentar. Workshop-en vart arrangert av industriklynga NMEC, saman med Bømlo næringsråd, Atheno og deira program Fagarbeidar 4.0 og HFK pilotprosjektet. Deltakarane fekk informasjon om status og trendar rund fagarbeidaren og behov for fagarbeidarkompetanse i framtida, og informasjon om arbeidet i pilotprosjektet til no. Etterpå var det oppgåveløysing, der deltakarane vart delt inn i 7 grupper, og fekk følgjande oppgåver:

- Korleis kan me betre status til fagarbeidaryrket og auke rekruttering til yrkesfag?
- Korleis kan me bruke digitalisering for å legge til rette for meir praksis i bedrift?
- Korleis bør ein organisere læretida i framtida ved meir praksis i bedrift, og få ein meir «rettferdig» modell for lengre utdanningsløp?
- Kan me få til ein betre knytting mellom teori og praksis i den vidaregåande skulen?
- Kan me skape ein arena for læring og utvikling, der ein utdannar elevar og der bedrifter kan utføre utviklingsprosjekt?
- Korleis kan me sikre tett samarbeid mellom arbeidsliv og skule, slik at skulen utdannar nok og relevant fagkompetanse?
- Elevoppgåve: Kva tankar har ungdommen om yrkesfagleg utdanning, kva tankar gjer dei seg om praksis, samhald i klasserommet, og forholdet mellom teori og praksis i undervisninga?

Etter workshopen er det gjennomført ei kort spørjeundersøking i etterkant av fagarbeidarworkshopen. Figuren under viser ei oversikt over fordelinga av dei (63/104) deltakarane som svara på undersøkinga i etterkant.



Figur 1 - Oversikt over kven som har svara på spørjeundersøking etter workshop om fagarbeidaren.

5. Kartlegging – dagens skule

Det er gjennomført ei kartlegging med prosjektgruppa til pilotprosjektet. Dette kapittelet gjengjer dei viktigaste funna sett opp mot gjennomføring av yrkesfagleg utdanning, TIP og EL slik det er i dag.

5.1 ARBEID MED REKRUTTERING

I kartlegginga kjem det fram at Rubbestadnes vgs arbeider systematisk med rekruttering ut mot ungdomsskular i distriktet. Dei besøkjer ungdomsskular i heile Sunnhordland, og samarbeider med ungdomsskulane i faget «Utdanningsval». Då får ungdomsskuleelevarane arbeide i verkstaden, eller vere med på opplæringsfartøyet Klas. Elevar ved Rubbestadnes vgs får konkrete oppgåver for å følgje opp elevar som hospiterer, og blant anna har dei som mål å gjennomføre billøp med eigenproduserte bilar som vert laga desse to dagane. Arbeidet får høg prioritet av både lærarar og elevar. Ungdomsskuleelevarane som deltek er positive, og mange melder om at dei gjerne vil vurdere yrkesfag etter hospiteringa er omme.

Rubbestadnes vgs har òg etablert faste møter med rådgjevarane på ungdomskulane i Bømlo, og OME, saman med rådgjevarar på ungdomsskulen, har eit opplegg retta mot 8. klasse på grunnskulen, der ein forsøker å vise dei kva utdanningsløp som er tilgjengelege lokalt, og kva jobbar desse utdanningsvala kan gje.

Informantane peikar vidare på at Rubbestadnes vgs kvart år arrangerer ein open dag der ungdomsskuleelevar vert invitert inn og får ei omvising på skulen. Der får ein møtt både skulen og lokale bedrifter som tilbyr læreplassar. Dagen vert sett på som ein viktig dag i forhold til rekrutteringsarbeidet, og kanskje spesielt i forhold til å få kontakt med foreldra til elevane, og gitt informasjon til dei om moglegheitene som finnes for fagarbeidaren.

Ein informant peikar på at skulen og arbeidslivet ved fleire høve har arbeidd saman for å sikre rekruttering til fag der ein treng kompetanse. Til dømes mista Rubbestadnes vgs ein klasse industriteknologi skuleåret 2017/18. Skulen og arbeidslivet arbeidde då saman med rekruttering, og arbeidslivet gav læreplassgarantiar til dei som sökjer dette programområdet skuleåret 2018/19. Arbeidet har resultert i større søknadsmasse, og oppstart av klassen igjen.

Informantar i kartlegginga fortel vidare at det tradisjonelt sett ikkje er mange elevar ved Rubbestadnes vgs som vel påbygg. Dei siste åra har det likevel vore ein liten auke på bakgrunn av vanskelegare tider i industrien. Det vert ikkje gjort noko spesiell tilrettelegging for elevar som utpeikar seg som sannsynlege kandidatar til lengre utdanningsløp, då dei fleste elevane som er ingeniørspirer oftast ikkje er klar over dette sjølv etter vidaregåande. Fleire endar derimot opp med å gå ingeniørstudiar etter dei har fullført læretida si.

Når det gjeld samhandling med fagskule/høgskule/universitet, seier informantane i kartlegginga at det ikkje er noko strukturert opplegg frå høgskule/universitet for å rekruttere elevar som går på yrkesfag vidare inn på lengre utdanningsløp. Lærarane i dei vidaregåande skulane har heller ikkje noko strukturerte kontaktpunkt mot skular/universitet for lengre utdanningsløp.

5.2 ARBEID MED KVALITET I SKULEN

Informantane fortel at som følgje av den maritime utdanninga er Rubbestadnes VGS sertifisert av Sjøfartsdirektoratet og DNV/GL, og blir revidert kvart år av DNV/GL. Då sjekkast undervisningsplan opp, det blir gjennomført intervju med lærar, observasjonar i klassen, intervju med skuleleiing mv. Dersom det er avvik blir det følgt opp i etterkant. Krava er sett av Sjøfartsdirektoratet, og oppfølgingsarbeidet av dette blir sett på som ein fordel for skulen, då det betyr at ein må gjennomføre kontroll og sjekkar av alt arbeidet som blir gjort. Fokuset er retta mot den maritime utdanninga, men ein dreg nytte av dette arbeidet og over på dei andre faga. Ein av avdelingsleiarane er kvalitetssikringsansvarleg, og har sett av 30 % tid til dette arbeidet. I tillegg til Rubbestadnes vgs, er det berre Austevoll vgs og Bergen Maritime vgs som har slik kompetanse av dei vidaregåande skulane i HFK.

Informantar frå skulen fortel vidare at praktisk pedagogisk utviklingsarbeid i klassen vert initiert av lærar. Avdelingsleiarane vurderer resultat knytt til eiga avdeling, og har samtalene med dei det gjeld ved behov for å sikre god kvalitet. Til dømes vert det spela inn forslag til forbetringar om endra undervisningsmetodar eller liknande. I tillegg arbeider skulen systematisk med å heve kvalitet der dei veit det er utfordringar. Det vert gjennomført kartleggingsprøvar på alle nye elevar kvar haust i alle fellesfag slik at ein får teikna eit bilet på korleis elevane ligg an. Informasjonen blir brukt vidare for å sjå korleis oppfølging og undervisning skal gjennomførast og om nokon ev. skal meldast inn for ekstra støtte.

Når det gjeld matematikkunnskapane til elevane som kjem frå ungdomsskulen, peikar informantar frå skulen på at over 50 % av dei som starta på TIP og EL i 2017 hadde utfordringar (karakter 2 og lågare). Svake ferdigheter får gjerne følgjeproblem i andre fag der matematikk er viktig, og det kan gjere at elevane ikkje får utnytta eige fagleg potensiale. For å løfte elevane med svakast resultat, vert klassane difor delt i to. Ein set inn to assistenter og tre lærarar for å gjennomføre undervisninga, og har eit ekstra fokus på dei elevane frå ungdomsskulen med dårleg karakter i matematikk (1 og 2), slik at desse vert løfta til eit høgare nivå. Informantane frå skulen peikar vidare på viktigeita av kommunen sitt arbeid for å ruste elevane i dette faget har dette blitt meldt tilbake til kommunen via rådmann. Skulen kjenner ikkje til korleis dette blir følgt opp vidare.

Informantane frå skulen peikar i kartlegginga på at ei anna tilnærming til kvalitetsarbeid er å jobbe med elevane sin sosiale kompetanse. Det er stor skilnad på elevane, og skulen gjennomfører tiltak for å sosialisere dei.

Dei tilsette ved skulen som deltok i kartlegginga fortel òg at skulen arbeider mykje med å sikre at elevar ikkje sluttar på skulen før dei er klare til å gå ut i lære, og Rubbestadnes vgs har nær ingen elevar som hamnar i kategorien IV (ikkje vurdering).

5.3 ARBEID MED LÆREPLAN

Informantane frå skulen seier at det å lage lokal læreplan er ein rolle skulen tek heilt og fullt. Utdanningsdirektoratet (Udir) seier at lokalt læreplanarbeid skal skje saman med bedrift, men det viser seg vanskeleg å få til i praksis. Ein får ikkje alltid dei innspela ein treng i forhold til kva kompetanse arbeidslivet har behov for, og per i dag er det ingen oppsette arena der skule og arbeidslivet møtes for å diskutere dette.

Arbeidslivet peikar på at dei ikkje bidrar inn i læreplanarbeid, men stiller med praksis- og lærepllassar. Dei seier til dels kva behov dei har via opplæringskontoret, og så vidareformidlar opplæringskontora behovet til skulen, og omvendt. Arbeidslivet vil gjerne vere med å diskutere gjennomføringa av enkelte fag der ein ser det må gjerast tiltak for at elevane skal vere betre rusta til å gjennomføre praksis og læretid. Til dømes matematikk bør vere eit tema for diskusjon i forhold til korleis det kan gjerast endå meir praktisk (anvendt matematikk) med det mål for auga at resultata til elevane vert betre.

Opplæringskontoret for maritime og elektrofag, OME, inkluderer fiskeri- og salsfag i tillegg til maritim og elektro, og har oppfølging av lærlingar i sveisefaget, CNC-operatørfaget, industrimekanikarfaget, automatikarfaget, industriøyrleggsjefaget, røyrleggsjefaget, fiskerifaget, matrosfaget, motormannfaget, tavlemonterfaget, salsfaget, kontor- og administrasjonsfaget og akvakulturfaget. OME sit i dag med mykje informasjon om skule og bedrift, og er eit viktig bindeledd i samarbeidet mellom desse aktørane, har jammleg kontakt med begge partar, og gjer skulen viktige innspeil til læreplanen.

Til slutt må det nemnast at alle informantane peikar på at det burde vore ein felles arena der ungdomsskule, vidaregåande skule, opplæringskontor og bedrifter møtte regelmessig for å snakke meir om læreplan, forventningar, status og ev. gap på kompetanse, og saman utarbeide tiltak for å heile vegen betre løpet for utdanning av elevar.

5.4 KNYTING MELLOM TEORI OG PRAKSIS

I kartlegginga peikar informantane på at har ein årsplanar som dokumentasjon på arbeid med fellesfagleg yrkesfagleg relevans (FYR) i den daglege undervisninga, og som viser kva kompetansemål ein dekker. I tillegg peikar informantane på, at ein òg har eit ekstra fokus på samarbeid mellom fellesfag og programfag når ein har elevar med sosiale og/eller faglege utfordringar.

Utover dette, knytast fellesfag til verkstaden gjennom å vise og forklare kva utstyr heiter på engelsk, og ein les brukarmanualar på engelsk for å lære fagterminologi. Automasjon har mykje engelsk integrert i seg, same gjeld EL-faget. Når det gjeld matematikk forsøker ein å vise kalkulasjonar i tilknyting av sveis. Matematikken er integrert i elektrofaga heile tida, og til ein viss grad innan TIP-faga. På elenergi trekkjer ein inn formlar og reknestykkjer som dei veit kjem inn i elenergi seinare, men i kor stor grad elevane ser denne samanhengen er uviss. På maritime fag dreg ein òg inn fellesfaga i programfaga. Når dei til dømes er fire veker i praksis på båt, og skal skrive rapportar på norsk og engelsk når dei kjem tilbake, blir dette gjort i samanheng mellom felles- og programfag, noko som lettar arbeidet for elevane.

5.5 PRAKSISOPPLÆRING I SKULE

Den praksisen som går føre seg i skulen i dag, går føre seg tett på klasseromma, og når elevane går ut i arbeidslivet, har dei grunnleggjande praksis og relevant opplæring i sekken. Dette blir stadfesta i kartlegginga av arbeidslivet.

I kartlegginga peikar informantar på at den tette samhandlinga mellom klasserom og verkstad, der ein i eine augneblinken gjennomgår noko teori, før ein går ut i verkstaden like ved og viser korleis det går føre seg i praksis, har stor verdi for læringa til eleven. Det at verkstaden på Rubbestadnes vgs er tilgjengeleg for undervisninga til ein kvar tid og at ein lett kan trø ut i verkstaden og gje elevane praktisk informasjon, vert trekt fram som svært positivt. Arealet har vore godt, men då ein nyleg måtte stenge av ein del av kjellaretasjen i den eldste bygningen, har ein no fått mindre areal enn før.

Informantane på skulen peikar på at ein treng både opplæringa på skulen for å få breidde i faget, og opplæring ute i bedrift for å få praksis. Det er viktig å merke seg at læreplanen er breiare enn det industrien i Bømlo tilbyr av lære- og arbeidsplassar, slik at skulen må ha tilgang til meir utstyr enn det industrien kan tilby for å sikre at eleven får ei solid og brei utdanning.

Når det gjeld tilstand og maskinpark fortel informantar i kartlegginga at det er gjort nokre investeringar på TIP, slik at dei har godt utstyr til å gjennomføre undervisning. Blant anna er det nyleg handla inn brennebord som er CNC-styrt, og både TIP og industri- og automasjonsmekanikarar dreg nytte av dette. På automasjon har dei nyleg fått ein robotarm. Informantar peikar på at sjølv om nokre oppgraderingar er gjort, burde det på nokre område vore meir utstyr. For meir avanserte fag som automasjon, er det ei stor utfordring å skaffe det utstyret som trengs for å gje elevane relevant utdanning, då dette fort blir utdatert. Lærarane peikar på at det er viktig å passe på at etter kvart som elevane går frå Vg1 til Vg2 og Vg3, må dei få tilgang til verktøy og maskinar som er oppdaterte og rustar dei til arbeidslivet.

5.6 PRAKSISOPPLÆRING I BEDRIFT

Gjennom faget yrkesfagleg forsjaping, YFF, skal elevane ha frå 133-253 timer med praktisk erfaring ute i bedrift, ev. drive ei ungdomsbedrift. Lærar snakkar med både elevar og bedrift når ein arbeider med å få dei ut i praksis, og under oppfølging etterpå. Kontaktlærar har i utgangspunktet ikkje andre oppgåver når praksisperioden førgår, slik at han skal vere tilgjengeleg for oppfølging. Det hender likevel at kontaktlærar blir brukt som vikar i andre fag når eigne elevar er ute i praksis. Denne praksisen gjeld heile skulen, og fungerer stort sett greitt sett frå skulen sin ståstad. Arbeidslivet melder likevel om at det ikkje nødvendigvis er veldig mykje kontakt mellom bedrift og skule om praksisutplasseringa. Det hender òg at dei ikkje har særleg kontakt med lærar under opphaldet.

Arbeidslivet fortel at dei har erfaring med å ha elevar i praksis, både på vår og haust, og dei har òg innom elevar frå ungdomsskulen. Dei strekkjer seg langt for å gje eleven relevante praksisoppgåver når dei har tatt dei inn, men kommenterer at det er tidkrevjande å ha elevar i praksis, og dette må planleggjast særskilt. Industrien er utsett for svingingar, og dette påverkar òg kapasiteten til å ha inne elevar i praksis. Alle elevar som kjem innom i praksis må gjennom ein informasjonsrunde, vernerunde, dei må ha naudsynt verneutstyr mv., og for mindre bedrifter er berre desse aktivitetane såpass tidkrevjande, at dei kanskje vegrar seg for å ta inn praksiselevar. Det vert kommentert at det nok er enklare for større bedrifter å ta inn elevar i praksisperiodar enn for små, då større bedrifter har fleire støttefunksjonar som kan hjelpe til med å planleggje for, ta i mot og følgje opp av eleven i tillegg til fagarbeidarane i bedrifta.

Dei elevane som får avtale med bedrift og vert sende ut, blir evaluert av bedrift på innsats og evner i etterkant. Det er kanskje åtferd som har størst fokus i denne evalueringa. I tillegg tek elevar biletet (om dei får

lov) og skriv rapport ein gong i månaden gjennom heile perioden faget går, i tillegg til årsrapport som vert levert på slutten av året. Arbeidslivet kommenterer at det er sjeldan dei mottek kopi av denne rapporten, sjølv om dei gjerne kunne tenkt seg det.

Informantane frå skulen fortel at for dei elevane som ikkje får praksisplass i bedrift, eller er med i ei ungdomsbedrift, blir praksisen gjennomført på skule. Då plukkar ein ut praktiske oppgåver som elevane får jobbe med, og lærarar er tilgjengelege for å hjelpe.

5.7 VERKTØY OG MASKINAR I BEDRIFT

I kartlegginga vart det sendt ut ein førespurnad til ei rekke bedrifter for å finne ut kva verktøy og maskinar dei har i sine bedrifter. Dei som har gjeve innspel er:

- Servogear
- Wärtsilä Norway, Rubbestadneset
- Westcon Olvondo
- Bremnes Seashore
- Lerøy Sjøtroll
- Siemens, Brubakken
- LOS Elektro

Ei oversikt over deira tilbakemeldingar finnes i Vedlegg F. Verktøy og maskinar i bedrift. Alt er sortert inn under følgjande kategoriar:

- Basisverktøy
- Enkle produksjonsmaskinar (robotarm, 3D-print)
- Manuelle maskinar (fres, dreiebenk)
- Maskinar spesialtilpassa produksjon og produkt
- Mindre styrte maskinar
- Større styrte maskinar og maskiningssenter
- Utstyr for demo/opplæring
- Anna

Det er i kartlegginga òg merka av om verktøya eller maskinane finnes i skulen i dag.

Oppsummert er funna frå informasjonsinnsamlinga at det er mykje spesialverktøy og -maskinar i bedriftene i dag. Det er knytt aldersgrense til bruk av mykje av verktøyet tilgjengeleg i bedrift, i tillegg til krav til HMS- og dokumentert opplæring. Vidare melder dei fleste bedriftene om at det er lite tilgjengeleg kapasitet, både på verktøy, maskinar og fagfolk, til å drive opplæring i bedrift. Sjølv om bedriftene strekker seg langt i å gje elevar meiningsfulle praksisoppgåver når dei er utplassert, hender det at dei blir satt til rydding og kosting av golv, fordi fagfolk og maskinár blir nøydde å arbeide med forretningskritiske oppgåver.

5.8 STYRING AV PRAKSISOPPLÆRING

Informantane frå skulen peikar i kartlegginga på at planlegging av praksis i bedrift anten skjer ved at lærar kontaktar sitt nettverk ute i bedrifter og forsøker å få elev ut i praksis, eller at eleven sjølv skaffar seg praksisplass. Ordninga med praksis i bedrift er lite styrt, og det hender at elevane må ha praksisen i skule. Det er ingen systematisk oppfølging av elevane ute i bedrift, eller system for å sikre at elevar kjem når dei skal, gjer det dei skal osv., og informantane saknar betre struktur og verktøy for planlegging, gjennomføring og oppfølging av elevar i praksis.

Arbeidslivet opplever at planlegging og gjennomføring av praksisperiodar i bedrift blir gjennomført litt tilfeldig, og det er ulik oppfølging og tilbakemelding frå skulen avhengig av kva lærar som har ansvar for eleven. Dei skulle gjerne likt å ha betre struktur på dette, òg koordinert opp mot andre vidaregåande skular og ungdomsskular, slik at ikkje alle kjem på ein gong.

5.9 LÆRETID

Når eleven er ferdig på skulen og skal ut i lære, er det ikkje lenger skulen som følgjer opp eleven, men fagopplæringskontoret og opplæringskontora. Informantane frå skulen peikar på at dei har kontakt med opplæringskontora før elevane går ut i lære, og hjelper elevane i forhold til søknadsskriving (norsklærarane).

I tillegg har lærarar følarar ute, og tipsar elevar om kor dei kan søke lærepllassar i nærmiljøet og regionalt/nasjonalt.

Opplæringskontora har kontakt med arbeidslivet og bedriftene i forhold til kor mange som kjem til å sökje lærepllass, og får tilbakemelding frå bedriftene på deira behov for lærlingar. I tillegg er dei ute i bedriftene og synleggjer kompetanse som manglar i skulen, og diskuterer moglegheiter for å leggje til rette for til dømes omskulering for å få nok kandidatar til å fylle lærepllassane. Status på lærebedrift og korleis bedrifta går reint økonomisk har mykje å seie for i kva grad bedrifta tek inn lærlingar, og kor mange. Arbeidslivet sjølv melder om problemstillingar siste år, der folk som har hatt ansvar for lærlingar har blitt permittert eller oppsagt. Dei peikar på at det er ein sårbarheit med dagens 2+2-modell; når ein lærling er inne i ein bedrift som slit med oppdragsmengd og inntening under læretida, vil dette gå utover kvaliteten på opplæringa lærlingen får i bedrift.

Informantane frå skulen og opplæringskontor opplever at dette med å få praksis- og lærepllassar er relativt greitt å få til med ei yrkesfagleg utdanning tett på det lokale arbeidslivet, då arbeidslivet er oppatt av å ta inn lokale ungdommar. Bedriftene strekkjer seg langt for å ta inn lærlingar, og tek gjerne inn ungdommar som ikkje nødvendigvis har gode resultat frå skulen. Men i og med at det er eit lokalsamfunn der ein lever relativt tett på kvarandre, kjenner ein ofte ungdommen gjennom andre kanalar, og veit at han eller ho kjem til å leve om moglegheita byr seg. Dette bidrar til at ein høgare grad av dei som tek yrkesfagleg utdanning òg får seg ein lærepllass og tek fagbrev.

Dei som har ansvar for lærlingane i bedrift har kurs frå fagopplæringskontoret, og lagar ein plan for opplæring og gjennomføring av læretid. Det blir i grove trekk beskrive kva ein skal jobbe med den tida dei er i lære. Første året er opplæring, og år to er meir deltaking i daglege drifts- og prosjektoppgåver (verdiskapingsår). Opplegget lærlingar med same teoretiske bakgrunn får i dei ulike bedriftene kan vere veldig ulikt. Informanten frå opplæringskontoret OME peikar òg på at det er ulikt mellom bedriftene om kor gode dei er til å ha lærlingar og kva dei får bryne seg på. Lokale bedrifter som har lærlingar har prøvd å lære av kvarandre og hjelpe kvarandre best dei kan.

Arbeidslivet peikar på at den praktiske evna til elevar ikkje er like god som før. Ein av grunnane kan vere at der ungdommen tidlegare skrudde på moped og bil og andre tekniske ting, så er mykje av mekanikken bytt ut med elektronikk og IT. I tillegg er kanskje ikkje foreldra like flinke til å dra dei med ut og gjere praktiske oppgåver. Samtidig peikar informantane vidare på at kandidatane som startar i lære tileignar seg praktiske ferdigheter fort. Dei fleste av elevane som tek yrkesfagleg utdanning på Rubbestadnes vgs har ei veldig positiv innstilling til det å lære og delta, og det er sjeldan ein opplever passive lærlingar som ikkje deltek aktivt i eiga læring.

Dersom elevar ikkje får lærepllass, informerer opplæringskontora eleven om at det er mogeleg å gå meir på skule for å få lærepllass innan eit anna fagområde. Informantane frå skulen fortel at for dei elevane som ikkje får lærepllass, køyrrer skulen eigne løp. I fjar hadde dei eit eige løp for å få elevar fram til fagbrev, men her har dei opplevd foreldre som klagar på at dei ser på dette som eit «B-aktig»-fagbrev. Skulen har i tillegg elevar som tek påbygg fordi dei ikkje fekk lærepllass. Nokre elevar får lærepllass etter dei er ferdig med påbygg. Skulen har elevplassar for dei som går Vg3 skule, i tillegg til dei som går eit ordinært 2+2-løp. Automasjon er eit 3-årig løp før lærepllass. Det er nokre som går Vg3 Automasjon som får fagprøve utan læretid.

5.10 SAMARBEID SKULE OG ARBEIDSLIV

Gjennom kartlegginga peikar informantar på at det er ei utfordring at det ikkje er kontakt mellom skule og bedrift når eleven er ute i lære. Då er kontakten med opplæringskontoret og fagopplæringskontoret. Når bedrifter opplever at elevar ikkje har rett kompetanse, eller er for svake på nokre område har dei ikkje noko etablert kanal med skulen der dei kan melde tilbake om desse funna. I kartlegginga peikar til dømes informanten frå arbeidslivet på at mattekunnskapen ikkje er gode nok når elevar frå vgs kjem ut i lære, og at det ikkje er noko fora å melde dette tilbake til skulen. Arbeidslivet har då berre kontakt med opplæringskontor og fagopplæringskontoret. Tilbakemeldingane arbeidslivet eventuelt gjer gjennom desse kanalane, får ein ikkje tilbakemelding om blir teke vidare til skulen. Informanten frå arbeidslivet kunne til dømes tenke seg ein halvårsevaluering av lærlingar, slik at skulen kan få meir tilbakemeldingar om kva kompetanse lærlingen har, kva forventninga til bedrift er og eventuelt gap, slik at skulen kan justere utdanninga i skulen etter arbeidslivet sine behov.

Det er heller ingen formelle fora for samarbeid, erfaringsdeling eller tilbakemeldingar opp mot skule eller fylkeskommune under læretida, og dette er sakna. Arbeidslivet peikar på at det burde vore eit tettare samarbeid på tvers av bedrifter for å lære meir om det med oppfølging av lærlingar og handtering av ulike situasjonar. Til dømes kunne ein støtta og rådført seg med kvarandre om kva grep ein kan gjere for å få ting til å fungere betre dersom opplæringa ikkje er tilfredsstillande for bedrift og/eller lærling. Bedriftene er flinke til å ha samtalar med lærlingane og får det oftast fårt til å fungere i slike situasjonar, og av og til har opplæringskontoret blitt henta inn til å hjelpe til. Likevel peikar informantane på at eit tettare nettverk med bedrifter og skule mv. ville vore ein fordel.

6. Innspel til skulen i framtida

Gjennom framtidsverkstaden, SWOT-analysa, fagarbeidarworkshop-en og spørjeundersøkinga i etterkant av denne, har det kome inn mange innspel til kva ein bør arbeide med i tida framover når det kjem til utdanning av fagarbeidrarar. Dette kapittelet gjer ei samla oversikt over dei funna som er spela inn til pilotprosjektet og skulen i framtida.

6.1 ARBEID MED REKRUTTERING

På fagarbeidarworkshopen kjem det fram at statusen på yrkesfagarbeidaren er god blant ungdom. Vaksne sine haldingar til fagarbeidaryrket er derimot ikkje like gode, og mange ser på yrkesfag som lågstatusyrke. Frå spørjeundersøkinga i etterkant av fagarbeidarworkshopen peikar mange informantar på at foreldregruppa er viktige i høve til val av utdanning for ungdommane, og foreldregruppa må informerast og oppdaterast i høve til utvikling og utdanning innan yrkesfag. Den eine arbeidsgruppa peikar òg på at elevar bør få betre informasjon om lokale bedrifter og kva personar med ulik utdanning arbeider med, og både lærarar, elevar og foreldre bør få meir informasjon om kva læreplassar, og arbeidsplassar, som er aktuelle i nærmiljøet.

Det vert difor føreslege å drive opplæring og bevisstgjering av elevar, foreldre, lærarar og rådgjevarar opp mot kva ein fagarbeidar arbeider med, framsnakke fagarbeidaren og informere om kva arbeidsutsikter og utviklingsmoglegheiter ein fagarbeidar har i dag, kva produkt og tenester fagarbeidaren faktisk leverer og kor stort behov det er for fagarbeidaren i framtida. Bedriftene bør i tillegg vurdere å lage små filmar som kan publiserast på nett, som marknadsfører kva fagarbeidarane i bedrifta driv med, og kva dei leverer. Yrkesfaga må framsnakkas i alle fora, og bedrifter og politikarar er viktige i denne samanhengen, i tillegg til media. I tillegg må informasjon om yrkesfaga nå fram til både til elevar og foreldre tidlegast råd etter oppstart på ungdomsskulen. Ein bør òg arbeide målretta med å få jenter til å velje TIP og EL.

Vidare peikar informantar på at ungdommane ofte gjer sine val ut frå kva tilbod utdanningsinstitusjonane i nærområdet tilbyr. For å kunne halde arbeidskrafa og ungdommane lokalt, er det difor svært viktig at dei fagtilboda som vert gitt har relevans til arbeidsmarknaden som finst i nærområdet. Det er viktig med god kontakt mellom arbeidslivet, dei vidaregåande skulane og rådgjevingstenesta på ungdomsskulane slik at elevane får eit godt innblikk i kva dei ulike fagtilboda gir av mogelegheiter. Det må avtalast eit forpliktande samarbeid mellom skulane og bedriftene slik at elevane er sikra eit tilbod etter skulen, og læreplassgarantiar vert trekt fram som positive for rekruttering.

Elevar bør bli utplassert i bedrifter så tidleg som mogleg, og gjerne allereie i ungdomsskulen. Elevane bør vere innom ulike bedrifter, slik at dei får betre innsikt i kva moglegheiter som finst. Det vert òg føreslege å informere/oppfordre elevane på ungdomsskulen til å velje yrkesfagleg utdanning før ein startar på t.d. ei ingeniørutdanning, då dette vil gje ei solid og allsidig plattform å byggje vidare på i arbeidslivet, og ein vil stå betre rusta til å handtere omstilling.

Vidare vert det trekt fram, både på framtidsverkstaden og fagarbeidarworkshopen, at det må arbeidast meir systematisk og målretta i barne- og ungdomsskulen for å vekkje interesse for praktiske fag, og gjennom dette tidleg skape interesse for fagarbeidaryrkjer. I spørjeundersøkinga sendt ut i etterkant av workshoppen, peikar ein informant på at ein bør styrke dagens ordning med bedriftsbesøk i skulene, og vurdere moderne kommunikasjonsformer, og vurdere i større grad å bruke lærlingar som representantar i rekrutteringsarbeidet. Dei kan kommunisere til eiga aldersgruppe, og vil gjerne betre formidle kva ein bedrift driv på med til denne målgruppa, enn dei som har vore i arbeidslivet lenge.

6.2 ARBEID MED KVALITET I SKULEN

På framtidsverkstaden peikar informantar frå kommunen på at faget Utdanningsval bør riggast slik at det betre rettleier ungdom inn mot dei utdanningsvala som passar for dei, og betre presenterer kva næring og industri som finnes lokalt, kva tilsette i desse bedriftene leverer av produkt og tenester, kva utdanningsbakgrunn dei som arbeider i dei ulike bedriftene har. For å arbeide godt med dette, og auka kvaliteten i arbeidet med faget Utdanningsval, peikar kommunen vidare på at det er behov for faste kontaktpunkt mellom lokalt arbeidsliv, grunnskule og vgs for å utvikle faget i rett retning og gjennom dette betre rekrutteringa.

Vidare peikar dei på at lærarane må hospitere i bedriftene for å halde seg oppdaterte, og dei ansvarlege ute i bedriftene må kunne få innføring i kva som krevjast for å gje opplæring og god støtte frå fagopplæringskontor og opplæringskontoret når dei har lærlingar, slik at elevane får ein mest mogleg glidande overgang mellom skule og arbeidsliv.

Samfunnet peikar på at det er enda viktigare enn før å leggje til rette for entreprenørskap og innovasjon på andre område enn olje og gass, og særskilt innan grøne og fornybare løysingar innan maritim industri, fiskeri og havbruk. Deltakarar frå arbeidslivet på fagarbeidarworkshopen peikar på at ein moderne skule for yrkesfagleg utdanning må vere tett på industrien, og er ein føresetnad for å få til den kvaliteten og kunnskapsoverføringa som må til mellom ulike næringar, for å skape framtidas teknologi og arbeidsplassar.

Gjennom kartlegginga etter fagarbeidarworkshopen kom det òg tilbakemeldingar om at det må gjevast betre opplæring av rådgjevarar på skulen – både i ungdomsskulen og vidaregående skule. Rådgjevarolla må styrkast, og påleggjast å besøke bedrifter og bli kjend med bedrifter i regionen, og kartlegge kva kompetanse dei har behov for.

Både på framtidsverkstaden og fagarbeidarworkshopen kom det fram at delinga av oppfølging av elev/lærling mellom skule og fagopplæringskontor ikkje alltid er like gunstig. Tilbakemeldingar arbeidslivet har til kompetansen ein lærling når han kjem ut i lære, blir ikkje meldt direkte tilbake til skulen, då skulen er ferdig med sin del av opplæringa, og ansvaret flytta over til fagopplæringskontoret. Det blir difor foreslått å opprette eit nettverk der aktørane rundt elev/lærling blir samde om ei samla opplæring, og ein meir heilskapleg oppfølging av elev, bedrift og skule fram til eleven er ferdig utdanna fagarbeidar.

6.3 ARBEID MED LÆREPLAN

Både på framtidsverkstaden og fagarbeidarworkshopen peikar informantane på at bedriftene må knytast mykje tettare på i lokalt arbeid med læreplan. I dag er dette noko skulen gjer meir eller mindre aleine, og det er inga etablerte fora der ein samarbeider med bedrift om dette.

Bedriftene melder om, både i kartlegginga og framtidssverkstaden, at dei ikkje har nokon plass å spele inn behov for ny kompetanse, og det er ingen etablerte styringsmekanismar der ein gjennomgår læreplan med arbeidslivet i dag, og lukar ut kva kompetanse elevane ikkje treng lengre.

På framtidssverkstaden kjem det fram at det er eit behov for ein oversikt over kva læreplanmål ein bedrift kan vere med på å gje ein elev, og ein elev må gjerne få praksis i fleire bedrifter for å få tilstrekkeleg breiddeskunnskap innan faget sitt. Ein må lett kunne dokumentere den samla praksisen som elev har fått – både i skule og ute i bedrift – slik at ein enkelt kan sjå at ein elev har fått praksis innan alle læreplansmåla.

Elles nemner ein informant i spørjeundersøkinga etter fagarbeidarworkshopen, at lokale læreplanar må være fleksible, slik at det er rom for å vektlegge emne som er spesielt viktige i nærområdet.

6.4 KNYTNING MELLOM TEORI OG PRAKSIS

Informantar peikar på, både elevar, lærarar og bedrifter, at det må vere meir representasjon av bedrifter og reelle problemstillingar i arbeidet på skulen.

På framtidssverkstaden peika informantane på at ein må starte tidlegare enn i dag å vekkje den praktiske interessa hos elevane, slik at ein får knaggar å henge teorien på. Allereie i barne- og ungdomsskulen må ein få inn meir reelle praktiske oppgåver i fag, og gjerne knytt opp mot bedrifter og reelle problemstillingar. Vidare bør ungdomsskulen ut i bedrifter siste to åra og sjå kva som skjer, og bedrifter bør inviterast inn i skulen for å halde foredrag om bedrifa og ha fokus på kva jobbar som finst i bedriftene. Bruk av gjesteforelesarar, og bruk av reelle problemstillingar inn i gruppearbeid i skulen, der ressursar frå bedrift kan stille som mentorar, vil òg vere ein fordel. Elevar på vgs bør òg i praksis så tidleg som mogleg, og den bør vere reell, slik at elevane kan førebu seg på kva som ventar dei i arbeidslivet. Dette krev at bedriftene set av ressursar som er interesserte i lære frå seg, følgje opp elevar når dei er i praksis, og kanskje også fungere som ein mentor når elev kjem tilbake til skule og skal binde teori og praksis saman.

På fagarbeidarworkshopen foreslo ei av arbeidsgruppene at ein bør leggje opp til meir arbeid i bolkar med teori og praksis i samarbeid med arbeidslivet. Då kan ein til dømes starte med bolk med teori for

grunnleggjande innføring, deretter reise ut i bedrift og ha praksis med fokus på det som var tema for teori, gå tilbake til skulen for avsluttande bok med teori, og ha fokus på å binde saman teorien og erfaring frå praksis. Det kan også vere eit alternativ at ressursar frå bedriftene kjem inn i skulen og gjennomfører praktiske øvingar saman med elevane der. Ein slik måte å jobbe på vil gje ei intensiv læring med fokus på å auke forståing av teori opp mot praktisk bruk, og vonleg auke motivasjonen hos elevane, og vere ei løysing for å få til meir integrert praksisopplæring. Utfordringa kan vere fordeling av lærarressursar, og at bedriftene ikkje klarar å ha fokus på tilstrekkeleg breidde i praksisen saman med elev.

Eit anna innspeil frå fagarbeidarworkshop-en var å etablere faget «Kommunikasjon og danning», anten som nytt fag eller integrert i eksisterande fag. Målet må vere at fellesfaga blir meir yrkesretta. Ein kan setje det opp som eit eige fag, der ein samlar elevar frå ulike linjer og får inn folk frå arbeidslivet til å halde innlegg om kommunikasjon og danning i jobblivet, og deretter knyte desse til konkrete eksempler i teorien.

Alternativt kan ein integrere det i andre fag i skulen. Ein kan til dømes ha fokus på skriftleg og munnleg kommunikasjon og praktisk bruk av språket som ved skriving av e-postar, rapportar, prosessbeskrivingar i norskfaget, og lære kor viktig det er å vere grundig med språket fordi det som til dømes vert skrive i ein rapport dannar grunnlag for andre sin jobb på som økonomi, prosjekt, teknisk, kontrakt osv. Det same er aktuelt i engelsk, der ein har fokus på skriftleg kommunikasjon i e-post, høfleghetsfrasar, vanleg kommunikasjon og gjerne utnytte praksisperiodar i bedrifter/båtar der ein snakkar og skriv engelsk, slik at ein får øvd seg i praktiske situasjonar. Fokus på kulturforsking, moderne historie for å forstå bakgrunn for ulike kulturar og samfunn og fokus på respekt for andre samfunn og interaksjon med andre kan til dømes leggjast inn i t.d. samfunnsfag. Faget bør vidare auke forståinga for at oppførsel og språk kan oppfattast ulikt i ulike kulturar; både internkultur i bedrifter og ulike kulturar i samfunnet og andre land. Grunnleggjande økonomi med fokus på å setje opp kalkylar, litt bedriftsøkonomi og kost-nytte prinsippet bør inn i matematikkfaget. Elevane vil få eit meir aktivt forhold til kva det kostar å produsera noko, kva det kostar å utføre ein jobb, noko som mest truleg vil auke kjensla av eigarskap til kunnskapen. Knyter ein dette opp til praksis i bedrift, vil det vidare gje eit eigarskap til det som blir produsert, og bidra til større stoltheit for jobben som skal gjerast, og yrket i seg sjølv.

Til sist kan det nemnast at arbeidsgrupper frå fagarbeidarworkshopen ønskjer at entreprenørskap blir eit obligatorisk fag i skulen, der ein samlar elevar på tvers av linjer, både yrkesfag og studiespesialisering, rundt oppgåveløsing av konkrete oppgåver i bedrift. Gjennom dette får ein auka forståing for kvarandre sine fag, kan lære av kvarandre, leggje grunnlag for godt samarbeid mellom ulike yrkesretningar seinare i arbeidslivet. Bedriftene kan vera med som mentorar og drive rettleiing. Anten ved «gjesteforelesing» på skulen eller ved at elevane får kome ut i bedriftene på besøk. Eit slikt samarbeid vil i tillegg til fokus på entreprenørskap og innovasjon, vere eit eksempel på kor viktig det er å bruke tid på forstå heile verdikjeda frå idé til produkt, og forstå verknaden av eigen jobb og kva eigen innsats betyr for andre.

6.5 PRAKSISOPPLÆRING I SKULE

Eine arbeidsgruppa på framtidsverkstaden var tydleg på at skulen må ha ein verkstadarena med basisutstyr, der eleven må ha mogelegheit til å lære og feile under kontrollerte og trygge forhold, noko som er vanskeleg å få til i ei bedrift. Grunnleggjande opplæring må skje på skulen før eleven kjem ut i praksis i bedrift, og spesialisering må kome etter dette. Bedrifter, elevar og lærarar peika alle på dette. Arbeidslivet framhever at elevane må tilegne seg kompetanse for å handtere omstillinga som skjer i teknisk utvikling på ein god måte, det vil seie at dei er trygge på seg sjølve og vågar og prøve og feile, og gjennom dette vere i stand til, å lære seg å bruke ny teknologi. Det er langt viktigare enn at dei kan alt om den siste teknologien som finnes.

Både på framtidsverkstaden og fagarbeidarworkshopen kjem det klart fram frå deltakarane at den praksisen som i dag blir gitt på skulen, er uvurderleg som grunnlag for både praksisopphald i bedrift, vidare fordjuping i faga i skulen og som basis for læretida. Bedrifter fryktar at dersom dette grunnleggjande tilbodet blir redusert og lagt ut til bedrifter, vil elevane sitt grunnlag og evner bli smala inn, og dei får ikkje den breiddekompetansen og forståinga som skulen byggjer i dag. Lærarane på si side er redde for at elevane sine føresetnader til eksamen vert redusert, om for mykje praksis vert flytta ut av skulen.

Sjølv om basisopplæring finn stad i skule, peikar informantar i spørjeundersøkinga på at det vil vere ein fordel om basisopplæring finn stad i eit arealeffektivt verkstadbygg tett på andre arenaer i den lokale industrien, slik at ein skapar eit godt miljø tett på kvarandre, der bedrifter og skule dagleg blir minna om kvarandre, og enkelt kan møtast på kvarandre sine arenaer, noko som kan styrke samarbeidet skule-arbeidsliv. Vidare seier informantar at eit verkstadbygg for skulen tett på industrien vil føre til at ein enkelt

kan samle fleire disciplinar frå ulike verksemder, enten i skulen sin verkstad eller på ein av bedriftene sine utviklingsarenaer, alt etter kva problemstilling det går i, for å arbeide med konkrete problemstillingar. Fleire frå arbeidslivet peikar på at det ofte vil vere like godt å utføre problemløysing på reelle problemstillingar frå ei bedrift i skulen, saman med ressursar frå bedrifta, enn ute i bedrift, då det er vanskeleg å føresei tilgang på utstyr og ressursar i ein bedrift, men enklare å planleggje for at ressursar i bedrift set av tid til å drive opplæringa utanfor bedrifta.

Gjennom spørjeundersøkinga etter fagarbeidarworkshopen peika informantar på at spesialisering etter grunnleggjande opplæring i skulen delvis kan finne stad i bedrift for å få tilgang på spesialisert verktøy og maskinar. Ein må vere klar over aldersgrenser på bruk av ein del desse verktøya og maskinane, krav om HMS-kurs og dokumentert opplæring, i tillegg til at det ikkje er enkelt og forutsigbart å planleggje praksis i bedrifter der aktivitetsnivå er styrt av svingingane i marknaden. Det vil med andre ord krevje god koordinering, planlegging og gjennomføring av slik praksis i bedrift, og skulen må vere leiande i denne planlegginga.

6.6 PRAKSISOPPLÆRING I BEDRIFT

Etter fagarbeidarworkshopen vart det sendt ut ei spørreundersøking om moglegheita for å ha meir praksis i bedrift enn i dag. 33 informantar svara, og avhengig av kva type bedrift dei er tilsett i, har dei svara litt forskjellig.

- Gode moglegheitar for å få til... 3
- Mogleg å få til litt meir praksis... 18
- Vanskeleg å tilrettelegge for... 12



Som figuren over viser, er det berre tre informantar som meiner det er gode mogleheter for å til meir praksisopplæring i bedrift, medan 18 informantar meiner det er mogleg å få til litt meir praksis i bedrift. 70 % av informantane som meiner det er mogeleg å få til litt meir praksis i bedrift arbeider i bedrifter med meir enn 50 tilsette, og halvparten med meir enn 250 tilsette. 12 informantar meiner det er vanskeleg med tilrettelegging for meir praksis i bedrift. 7 av desse arbeider i bedrifter med mindre enn 50 tilsette. 3 er tilsett i bedrifter med mellom 50 og 250 tilsette, og 2 i bedrifter med meir enn 250 tilsette. Med andre ord ser det ut til at større bedrifter kan legge til rette for noko meir praksis i bedrift, medan mindre bedrifter vil ha utfordringar med dette.

I dag har mange bedrifter elevar i praksis gjennom faget yrkesfagleg fordjupning. Både på framtidssverkstaden og fagarbeidarworkshopen peikar informantar frå arbeidsliv og skule på at det er behov for ein betre struktur i gjennomføring av YFF-faget. Bedriftene etterlyser ei meir heilskapleg og samkjørt handsaming av YFF frå skulen si side, slik at det ikkje blir opp til den enkelte lærar å organisere.

Arbeidslivet ønskjer skulen og lærarane tettare på i planlegging, gjennomføring og oppfølging av eleven i praksis, og lærarane ønskjer betre verktøy for å koordinere, planlegge og følgje opp eleven som er ute i praksis hos dei ulike bedriftene, og ei betre oversikt over kor ofte, kor mange og kor lenge dei ulike bedriftene kan ta i mot elevar kvart år.

På framtidssverkstaden peika deltakarar på at det må setjast av tid for at bedrift, skule og elev får snakka saman. I forkant (for å få vite) og i etterkant (kva har me lært og kva må det jobbast meir med). Arbeidsplassane handplukkar dei som har praksiselever med seg, og gjev dei tid til dette, og må difor vite kva eleven skal lære for å finne rett ressurs til opplæring. Vidare må det utarbeidast ein plan for kva som er målsetjinga for praksisperioden.

Det er viktig for utplasseringsplassen å vite kva som er målet med utplasseringa, og kva som skal lærast. Eleven må òg ha meir informasjon før utplassering for å vite kva som skal lærast. Det er viktig å ikkje gløyme

det sosiale i ein praksisperiode som samarbeid, omstilling, emosjonelle ferdigheiter, m.m., altså danningsdelen av samfunnsoppdraget. Det er viktig å motivere elevane for praksis, og eleven må vere kjent med kva som vert forventa. Vidare er det alltid svingingar i bedrifter på kor mykje arbeid dei har, og blir det svært travelt, eller svært roleg, er det ikkje alltid like enkelt å yte god praksisopplæring i bedrifa.

På framtidssverkstaden peikar bedriftene òg på at skulane kontaktar bedrifter og ber om å komme å ha bedriftspresentasjoner, ev. få omvising i bedrift. Bedrifter synes dette er viktig, og prøver å få til dette, men saknar litt tydelege bestillingar i forhold til innhald og mål med presentasjonen, og kanskje betre koordinering mellom skulane, slik at til dømes alle førespurnadane kjem på ein gong.

Vedtaket i pilotprosjektet peikar på at ein ny opplæringsmodell skal leggje til rette for meir integrert praksisopplæring i bedrift, men på fagarbeidarworkshopen kjem det fram at ein må «lære å krype før ein kan gå». I YFF-faget i dag er det tilfeldig og personavhengig i forhold til korleis praksis blir planlagt og gjennomført, og skulen klarar ikkje ha alle elevane ute i praksis i forhold til timetalet som er målet. I tillegg seier informantane frå bedriftene at det er viktig at det «grunnleggjande» er på plass før utplassering. Difor er det ein forventning frå arbeidslivet at ein først får ein betre og ryddigare struktur på praksisopphald i YFF-faget, og klarar å demonstrere at ein når praksismål i bedrift i dette faget, før ein aukar mengda praksis i bedrift i programfag.

Når det gjeld integrert praksisopplæring i bedrift i programfaga, kjem det fleire tilbakemeldingar frå arbeidslivet. I SWOT-analysa vert det løfta mange riskar og truslar rundt det med auka praksisopplæring i bedrift. Dei same funna igjen på framtidssverkstaden og fagarbeidarworkshop-en.

Ein risiko er at ein ikkje har god nok oversikt over kva som skal lærest under praksisperioden, og at dokumentasjonen ikkje er god nok etterpå. På framtidssverkstaden peikar bedriftene på at det må vere ein koordinatorfunksjon som samordnar dei ressursane som skal ut i praksis til ulike bedrifter, og legg til rette for gode praksisperiodar – både for elev, lærar og bedrift. Forpliktande avtalar må på plass før praksisperioden startar. Elevane peikar på at det er viktig at ein ikkje har for lange utplasseringsperiodar. Ein mister elevmiljøet i utplasseringsperiodar, og det sosiale og klassemiljøet er viktig. I verste fall meiner ungdommen at ein kan risikere at elevar sluttar på skulen på grunnlag av manglande læringsmiljø.

Vidare peikar deltakarar på framtidssverkstaden på at skulen må ha ansvaret for vurderingsarbeidet med praksis i bedrift, lærar må vere med ut på arbeidsplassen – nok til å få eit inntrykk av eleven i praksis – då eleven har opplæringsrett og vurderingsrett, og det er skulen som må dokumentere og vurdere, og kan ikkje setje dette ut til andre. Det må òg vere avklaring frå fylket om det vert noko kompensasjon til bedriftene dersom dei tek over noko av praksisopplæringa frå fylket, eller kva som blir gjort for å sikre at tilstrekkeleg med lærarar får følgje opp elevar ute i bedrifter under praksisperiodar. Gjennom både SWOT-analyse og spørjeundersøkinga i etterkant av fagarbeidarworkshopen blir det spelt inn at det må klart framgå i ein ny opplæringsmodell korleis skal ein følgje opp elevar som har spesielle behov for tilrettelegging i bedriftene ved meir praksis i bedrift.

I tillegg peikar deltakarar på fagarbeidarworkshopen på at om ein skule i regionen legg opp til meir integrert praksisopplæring, er det ein risiko for at meir praksis for elevar frå «nye» Bømlo vgs vil redusere moglegheita for andre skular å få praksisopphald i bedrift. Det er difor eit innspel frå bedrifter som tek inn elevar frå fleire skular, at det er viktig at pilotprosjektet kjem opp med ei løysing for meir praksis i bedrift, som gjer minst mogleg belastning på bedriftene si daglege drift. Det er positivt at elevane vekslar mellom ulike bedrifter for å få ein best mogleg bakgrunn i faget, men ein del frå arbeidslivet er redd at dette samstundes kan føra til auka belastning på bedriftene med opplæring frå botnen av med stadig nye folk. Fleire bedrifter peikar på, både på framtidssverkstad, i SWOT-analysa og fagarbeidarworkshopen, at det er ein risiko for at meir praksis i bedrift kan gå ut over arbeidet med lærlingar og talet på lærlingar ein bedrift kan ta inn.

På framtidssverkstaden trekkjer deltakarar frå bedriftene fram at å ta i mot elevar i praksis er viktig for rekruttering. Kjem elevane ut for tidleg, er dei gjerne umodne og gjer eit dårlegare inntrykk enn om dei har fått litt meir tid på skulen først, noko som kan øydeleggje for deira moglegheit for læreplass i bedrifta på eit seinare tidspunkt. Vidare har ikkje deira fagfolk sosialpedagogisk kompetanse til å følgje opp elevar på slike område medan dei er ute i praksis, og denne rolla må skulen ta. Dersom læraren er med ut i bedrift i praksisperioden kan lærar ta dette ansvaret, og fordelen vil då vere at læraren kan nytte høvet med å hospitere i bedrifta medan elevar har integrert praksisopplæring.

Andre riskar som er trekt fram rundt integrert praksisopplæring, er at det er utfordrande for små- og mellomstore bedrifter å auke praksis i bedrift. Vidare er det ikkje alle fag det er like enkelt å legge til rette for

integrert praksisopplæring i, som til dømes elektrikarar som reiser ut i bilar to og to til kunde for å utføre arbeid, og som ikkje har plass til ein ekstra elev i bilen. Det er heller ikkje sikkert at kundar i ulike bedrifter vil tillate at elevar er med før dei har ein viss basiskompetanse eller alder. Andre bedrifter kommenterer i spørjeundersøkinga etter fagarbeidarworkshopen at organisering av integrert praksisopplæring i bedrift må følge bedriftene si arbeidstid, og ikkje skuletida. Her vert det òg kommentert at integrert praksisopplæring bør helst skje på Vg2, då elevane har vore gjennom ei grunnleggjande basisopplæring og blitt litt meir vaksen. Det må òg vere klare krav til kva som skal vere innhaldet i utplasseringsperioden, og både bedrift, elev og skule må vere inneforstått med dette.

Deltakarar på fagarbeidarworkshopen peikar vidare på at integrert praksisopplæring ikkje berre treng skje i bedrifter, men òg hos høgskular, universitet og kompetansesenter der dei har ulike verktøy og maskinar tilgjengelege, teknologisenter og norske katapultsenter. Dette må pilotprosjektet sjå nærmare på.

6.7 VERKTØY OG MASKINAR I BEDRIFT

I kartlegginga av verktøy og maskinar som finst i eit utval av bedrifter i det lokale arbeidslivet på Bømlo, kommenterte bedriftene at sjølv om dei hadde verktøy og utstyr, er maskinane oftast i bruk på forretningskritiske aktivitetar, og det er lite kapasitet til å drive opplæring av elevar. Det er difor viktig at skulane har oppdatert og variert utstyr til bruk i grunnopplæringa for å gje elevar ei basisopplæring. Elevar som kjem ut i bedrift for å få integrert praksisopplæring må ein difor førebu godt, på førehand i forhold til kva praksisopplæring dei vil få, då det ikkje er like tilrettelagt ute i bedrift å drive teoriopplæring saman med praktisk opplæring på staden, som det det er i skulen. Det må òg må utarbeidast individuelle planar per bedrift for korleis ein skal kunne utnytte deira kapasitet og kompetanse best mogleg i ein utdanningssituasjon.

I kartlegginga melder nokre bedrifter tilbake at dei knapt har kapasitet til eige innovasjonsarbeid på eigne maskinar, slik at dei løfta tanken om kanskje verkstaden til den yrkesfaglege utdanninga kunne vore ein arena der SMB-bedrifter kunne få tilgang til maskinar og utstyr for å drive testing, prototyping og utvikling av nye løysingar for bedriftene i nærmiljøet. Fleire bedrifter har gjerne behov for same utstyr, men kan ikkje forsvere ei investering aleine, og då kunne ein vurdert eit spleiselas mellom bedrifter og skule, og utplassering av slikt utstyr i verkstaden til «nye» Bømlo VGS. På fagarbeidarworkshop-en blir dette med motorlab-prosjektet trekt fram, noko arbeidslivet på Bømlo framleis ønsker å få til saman med skulen, der elevar kan ha ein fullt operativt hybridmotor på land, og drive oppgåve- og problemløysing på ein moderne motorlab⁵. Vidare blir det trekt fram at ein prøvestasjon for automasjon (for bruk ved førebuing til fagprøven), og anna utstyr arbeidslivet ønsker å dele med skulen, som til dømes 3D-skrivar og robotarmar, med fordel kan vurderast inn som utstyr i verkstadarealet, og innkjøpet kan vurderast som eit spleiselas mellom skule og arbeidslivet, mot at arbeidslivet får tilgang til slikt utstyr for prototyping og testing i sitt innovasjonsarbeid.

På fagarbeidarworkshopen kjem det fram at teknologisenteret (UNITECH) som no er under oppføring på Rubbestadneset er teke opp som del av ein norsk katapult for berekraftig maritim industri, og vil vere del av eit nasjonalt katapultsenter⁶ innanfor ulike typar energisystem som batteri, brenselceller og hybride system til havnæringane og relatert industri. Teknologisenteret vil òg ha utstyr som oppdrettsanlegg, renseanlegg for fisk, og container for transport av levande sjømat, sensorar for å måle tilstand i ulike vasskar osv. i og ved teknologisenteret som vil vere tilgjengeleg for utdannings- og utviklingsformål. Her ønsker ein velkommen inn utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv til å bidra og til å lære å bruke ny teknologi, noko som inkluderer elevar og lærarar ved vidaregåande skule. Havbruksnæringa er i framleis vekst på Bømlo, og har sterkt behov for formell kompetanse. Næringa melder tilbake at dei vil garantere for inntil 15 lærlingplassar om ein får i stand eit undervisningstilbod på «nye» Bømlo VGS.

Vidare kjem det på fagarbeidarworkshopen opp at ein òg må sjå mot andre arenaer (bygg med verktøy og maskinar i, verkstadhallar, kompetansesenter, teknologisenter, andre skular, osv.) i Hordaland/Sunnhordland, Haugalandet eller andre stadar om det finnes verktøy og maskinar som ein kan dra nytte av når det gjeld å få til integrert praksisopplæring i bedrift. Ein annan arena som blir nemnd er YouTube, og det å lage ein YouTube-kanal for opplæringsfilmar som demonstrerer bruk av avansert utstyr i bedrift.

⁵ Her er eksempel på ein motorlab: <https://www.skipsrevyen.no/article/faar-ny-motor-aa-mekke-paa/>

⁶ Det er fleire aktørar som er del av senteret: Utstyr innan el-energiløysingar og automasjon (the Switch, Sagvåg), testsenter for havvind (MetCenter, Eigersund), testbåtar (Solstad, Knutsen) og fjernliggende samfunn for testing av sjølvforsyning av grøn energi i avsidesliggjande strok (Utsira/Wärtsilä++)

6.8 STYRING AV PRAKSISOPPLÆRING

På fagarbeidarworkshopen arbeidde ei gruppe beståande av personar frå skule, arbeidsliv, opplæringskontor og fagopplæringskontor med korleis ein kan bruke digitalisering for å betre styring av praksisopplæringa i bedrift. Arbeidsgruppa var samd i at det manglar eit godt styringssystem, inkludert verktøy, for å planlegge, gjennomføre, følgje opp og dokumentere praksis i bedrift. Det finnes verktøy i dag som blir brukt av skular og opplæringskontor som til dels kan gje noko styring, men dei heng ikkje saman, og er ikkje brukt til dette i dag. Vidare er ikkje systema særleg brukarvennlege eller intuitive, og elevar, lærlingar og bedrifter må bruke mange ulike grensesnitt. Dei er ikkje designa slik at ein elev vert rettleia gjennom utdanningsløpet på ein heilskapleg, intuitiv og oversiktleg måte, og det er heller ikkje lett for ein bedrift å komme inn og enkelt planleggje å følgje opp praksis i bedrift saman med skulen.

Det er ei sterk anbefaling frå arbeidsgruppa om å sjå nærmare på dette med å etablere ein brukarvenleg felles portal som kan fungere som eit styringsverktøy for praksisopplæring i bedrift – uavhengig om det er praksisophald gjennom YFF eller praksis i programfag, og teste ut ei slik løysing i piloten. Eit slikt styringsverktøy bør innehalde funksjonalitet som til dømes:

- Kople praksis med mål i læreplan
- Vise årshjulet for kvart år
 - o Kor mykje praksis som skal skje i skulen
 - o Kor mykje praksis skal skje i bedrift
- Mogleggjere registrering av ledig kapasitet til opplæring i bedrift
- Mogleggjere registrering av kva opplæring bedrift kan gje etter læreplan
- Mogleggjere registrering av behov for praksisplassar
- Foreslå måte bedrifter/skule kan velge ut praksisplassar til elevar
- Mogleggjere registrering av behov for HMS-kurs og andre kurs for å gjennomføre praksis i bedrift etter ulike mål i læreplanen
- Registrere, lagre og følgje opp samarbeidsavtalar skule - bedrift
- Registrere elev og kva kurs dei har
- Bruke digitalisering til å gjennomføre kurs
- Anna

Maritimt Opplæringskontor har utvikla fleire støttesystem for opplæring av lærlingar og kadettar (WebLærling og WebKadett), og det bør vurderast om dette, eller andre verktøy i marknaden kan utvidast til å bli eit godt styringsverktøy for praksisopplæring i bedrift, eller om skuleeigar bør utvikla eit eige system.

Pilotprosjektgruppa meiner det vil vere ein føresetnad for å få til meir integrert praksisopplæring i bedrift, at ein først får betre styring og kontroll på den praksisen som finn stad gjennom YFF-faget, før ein ev. aukar mengda opplæring ute i bedrift.

6.9 LÆRETID

I både SWOT-analysen, på framtidsverkstaden og i spørjeundersøkinga etter fagarbeidarworkshopen kjem det svært tydelege tilbakemeldingar frå bedriftene om at dei er godt nøgd med dagens løysing på 2+2 (2,5) år, og at denne løysinga må videreførast. Ein bør jobbe meir med å få på plass lærepllassgarantiar som også gjeld i «dårlege tider», og som er meir bindande enn den i dag, heller enn å endre modellen. Skulen må gje bilet av behov for lærlingplassar på tidleg tidspunkt, og utfordre arbeidslivet på garantiar.

Både på framtidsverkstaden og fagarbeidarworkshopen kjem det fram at bedriftene er uroa for at meir praksis i bedrift vil gå ut over moglegheita til å ta inn fleire lærlingar, eller må redusere talet på elevar som får praksis då kvar elev vil ta opp fleire timer i bedrift. Dei tek òg opp dette at ein i pilotprosjektet bør inkludere eit forslag til korleis elevar som har brukt opp ungdomsretten sin òg kan bli lærlingar.

6.10 SAMARBEID SKULE OG ARBEIDSLIV

Både i kartlegginga, på framtidsverkstaden og fagarbeidarworkshopen vart det understreka at det er behov for eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv for å sikre nok og relevant fagarbeidarkompetanse i framtida.

Det blir peika på at det må vere ei betre samordning mellom grunnskule, vidaregåande skule og bedrift for koordinering av skulebesøk, bedriftsbesøk og utplassering. På framtidssverkstaden vert det føreslege at til dømes eit eige utval koordinerer skulebesøk, bedriftsbesøk og utplassering, slik at ikkje alt treff på ein gong. Ein kan òg forsøke å få til at mange elevar får reise ut til bedrifter i periodar bedrifter har god kapasitet til slikt, og prioritere dei med størst behov for bedriftsbesøk i periodar der arbeidslivet av ulike årsaker har mindre kapasitet til besøk og utplasseringselevar. Forventningar før bedriftsbesøk og utplasseringsperiodar bør òg avklarast tydeleg i forkant i eit slikt utval.

På fagarbeidarworkshopen peika ei av arbeidsgruppene på at det er behov for betre dimensjonering av studietilbod, og betre handsaming av svingingar i arbeidslivet. Kunnskapsgrunnlaget finst, men ein må arbeide med strukturane. Arbeidsgruppa peika vidare på at ein må tenke langsiktig når det gjeld læreplassar og utvikling av kompetansar, og fylket må ha tettare dialog med næringane før dei legg ned eksisterande tilbod ved vidaregåande skular.

Arbeidsgruppa foreslår vidare at det vert utarbeidd ein samfunnkontrakt mellom fylkeskommunen og arbeidsliv, for å forplikte eit tettare samarbeid i arbeidet med å sikre utdanning av nok, og relevant fagarbeidarkompetanse, utplasseringsplassar, læreplassar osv. Det bør vidare etablerast ein fast møteplass for skule, kommune og arbeidsliv, der følgjande står på agendaen:

- Auka kvalitet i opplæringa
 - o Tilbakemeldingar på kvalitet i opplæringa – både skule og bedrift
 - o Sikre rett nivå av breidde og spissning i utdanninga
- Sikre kunnskapsflyt mellom aktørane
 - o Innhente informasjon om behov for grunnleggjande kompetanse
 - o Skulen informerer om søkjarbiletet
 - o Arbeidslivet informerer om behov til lærlingar
 - o Kalibrere behov og kompetanse
 - o Avklare kven som gjer kva
- Einast om dimensjonering
 - o Læreplassar
 - o Praksisplassar
- Anna

Arbeidsgruppa peikar vidare på, at det er ein føresetnad at det blir etablert ein koordinatorfunksjon i skulen for dette arbeidet. Både ungdomsskule og vidaregåande skule bør vere del av møta, og skuleeigar og elevar bør inviterast inn der det er tenleg.

7. Diskusjon og innspel til modell

Når det skal utarbeidast forslag til ny opplæringsmodell, er det viktig å ta med seg innspela som har kome inn gjennom informasjonsinnsamlinga, og beskrive ein modell som vidarefører det som fungerer godt i skulen i dag, og tek tak i det som må bli betre for at «nye» Børnlo VGS i framtida òg skal levere nok, og relevant, fagarbeidarkompetanse til industrien i regionen.

Å utarbeide og implementere ein ny opplæringsmodell for utdanning av fagarbeidarar er i all hovudsak eit endringsprosjekt, der både skule, arbeidsliv og andre sentrale aktørar må arbeide annleis enn i dag. Skal ein lukkast med dette prosjektet, må alle involverte aktørar vite kva prosjektet går i, involverast i arbeidet framover, og tar eigarskap til dei aktivitetane som skal utførast ved implementering av ny modell.

I dette kapittelet følgjer ein diskusjon av dei viktigaste funna gjennom informasjonsinnsamlinga, før eit overordna forslag til modell blir presentert, samt innspel til vegen vidare for prosjektet.

7.1 DISKUSJON

Ein opplæringsmodell skal sikret at eleven og læringen har nok og relevant kompetanse når han eller ho kjem ut i arbeidslivet. Fagarbeidaren skal ha gjennomført skule og læretid og nådd dei læreplanmåla som er sett, og vere ein attraktiv ressurs for arbeidslivet. Det vert peika på som svært viktig at skulen utdannar fagarbeidarar med omstillingsskompetanse og evne til å tenke sjølv, og som evnar å våger å ta i bruk nyt utstyr etter kvart som dei blir introdusert for dette i arbeidslivet.

Teknologiutviklinga går svært raskt, og verktøy og maskinar vil ha høgare utskiftingsgrad i framtida enn korleis det har vore i fortida. Kostnaden ved å halde ein oppdatert skule for yrkesfagleg utdanning er i dag høg, og vil auke i framtida. Skal fylkeskommunen klare å oppretthalde skular for yrkesfagleg utdanninga utover dei regionale sentera, er ein nøydd for å finne løysingar der arbeidsliv og skule og ev. andre arenaer samarbeider i større grad enn i dag med å gje elevane opplæring på verktøy og maskinar som vil vere for kostbare for fylkeskommunen å kjøpe inn til skulen. Samstundes er det viktig at elevane får grunnleggjande basisopplæring i trygge omgjevnader der ein kan prøve og feile, nemleg i skulen.

Det er viktigare enn før å leggje til rette for entreprenørskap og innovasjon på andre område enn olje og gass, og særskilt innan grøne og fornybare løysingar innan maritim industri, fiskeri og havbruk.

Fagarbeidaren er sentral i dette grøne skiftet og omstillinga med å auke inntening til Noreg frå andre næringar enn olje og gass. Ein moderne skule for yrkesfagleg utdanning, tett på industrien, meiner arbeidslivet er ein føresetnad for å få til den omstillinga og kunnskapsoverføringa som må til mellom ulike næringar, for å skape framtidas teknologi og arbeidsplassar.

Slik prosjektgruppa les vedtaka som er fatta kring pilotprosjektet, peikar følgjande seg ut som viktige fokusområde når ein skal pilotere ein ny modell frå 2019 – 2023:

1. Betre rekruttering til fagarbeidaryrket
2. Heilskapleg oppfølging av elev fra VG1 fram til fagbrev
3. Betre samarbeid skule og arbeidsliv
 - Legge til rette for betre samhandling og samarbeid mellom skule og arbeidsliv, og gjennom dette ta tak i dei utfordringane som ligg i grensesnittet mellom skule og arbeidsliv i dag
4. Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag
 - Sikre at dei som blir fagarbeidarar får relevant praksis på oppdatert og moderne verktøy og maskinar der skulen vil ha utfordringar med å halde tritt i teknologiutviklinga
 - Leggje til rette for å utnytte kapasitet på verktøy og maskinar i bedrifter eller andre arenaer der dette er tilgjengeleg
 - Arbeidslivet forventar grunnleggjande basisopplæring i skule
5. Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift
6. Betre styring av praksisopplæring
7. Auke grad av hospitering av lærarar

7.1.1 Betre av rekrutteringsprosessen for fagarbeidaryrket

2018 er fagarbeidaren sitt år. Tal viser at det er behov for at fleire utdannar seg innan fagarbeidaryrket, og innan 2030 viser statistikk at 50 % av alle som går på skule bør ha eit fagbrev. Difor er det særskilt viktig å arbeide med rekrutteringa, og funn i informasjonsinnsamlinga peiker på at dette må starte så tidleg som mogleg. Prosjektgruppa tilrår difor at kommunen legg til rette for å vekkje den praktiske interessa hos barn og unge gjennom barne- og ungdomsskulen. Informantar peikar på at dette kan skje gjennom praktiske oppgåver, gjerne med problemstillingar frå arbeidslivet.

I tillegg må skulen, og andre som driv rekrutteringsarbeid, vere flinkare til å vise kva ein fagarbeidar leverer – sluttproduktet – ut til ungdommar på arenaer der ein treffest. Ein sveisar sveiser ting saman, men i staden for å vise ein sveisar som sveiser ei plate, vis fram det endelege produktet der plata er med i, som til dømes eit topp moderne skip. Då vil ein få eit langt betre bilet av kor sentral og viktig fagarbeidaren er i realisering av sluttleveransa. Slike bør også leggast fram til andre interessenter som er med og påverkar yrkesvala til ungdommen, som foreldre og rådgjevarar.

Til slutt må bedrifter bli flinkare å spisse kommunikasjonen inn mot ungdom som målgruppe når dei skal selje inn fagarbeidaryrket, og gjerne bruke lærlingar og unge tilsette i detter arbeidet – folk som ungdommen identifiserer seg med.

7.1.2 Heilskapleg oppfølging av elev frå VG1 fram til fagbrev

Det kjem fram i informasjonsinnsamlinga at det er uklart kven som har ansvar for eleven i dei ulike fasane frå dei startar på vgs fram til fagbrev. Det bør difor gjerast ei rolleavklaring for kven som gjer kva i arbeidet med å sikre at ein elev som startar på yrkesfagleg utdanning har eit godt fagbrev i handa etter 4 (4,5) år. Kva gjer skulen, kva gjer fagopplæringskontoret, kva gjer opplæringskontoret, kva gjer arbeidslivet og så bortetter. Dette bør beskrivast på ein slik måte at det blir intuitivt og enkelt for både elev, skule og bedrift til å finne ut kven ein skal førehalde seg til i dei ulike fasane i utdanningsløpet.

Ein bør også gjennomgå om ein treng aller rollene som finnes i dag, om nokre kan slåst saman, om nokon bør vere fysisk nærmere kvarandre, eller om ein bør endre på nokre av strukturane. Ressursar fra fagopplæringskontoret og fleire opplæringskontor bør uansett inkluderast langt sterke i det vidare arbeidet i pilotprosjektet, for å sikre at resultata blir best mogleg.

7.1.3 Betre samarbeid skule og arbeidsliv

Det kjem svært tydeleg fram gjennom informasjonsinnsamlinga at det må leggjast betre til rette for samarbeid og samhandling mellom skule og arbeidsliv, og at det er ein føresetnad at det blir etablert ein koordinatorfunksjon i skulen til å styre opp dette arbeidet. Stillinga bør inn i pilotprosjektet snarast råd er, og det må forventast høgt pådrag i oppstartsfasen av pilotprosjektperioden. Koordinatoren må jobbe tett med elevar som skal ut i lære, skule og fagopplæringskontor, og ut mot bedriftene. Dette er oppgåver som ligg til leiarnivået i skulen og må etter kvart inngå som ein del av skuleleiar si portefølje og ansvarsområde. Det må også etablerast ei styringsgruppe frå det lokale arbeidslivet som representerer breidda av bedrifter, både i forhold til bransje og storleik, og denne må ha ein tydeleg leiar som koordinerer og vidareformidlar dei innspela frå gruppa til skulen, og omvendt. Opplæringskontoret bør også vere del av denne gruppa. Eksisterande relevante fora arbeidslivet har kan nyttast.

Koordinator i skulen må ta ansvar for planlegging og koordinering av praksis i bedrift på eit overordna nivå, koordinering av samarbeidet ungdomsskule, vgs, arbeidsliv, kommune, opplæringskontor og fagopplæringskontor, og det må etablerast ein samfunnskontrakt mellom arbeidsliv og skuleeigar som forpliktar samarbeidet. Vidare må koordinator etablere ein felles møteplass for nemnde interessenter for å diskutere:

- Auka kvalitet i opplæringa
 - o Tilbakemeldingar på kvalitet i opplæringa – både skule og bedrift
 - o Sikre rett nivå av breidde og spissing i utdanninga
- Sikre kunnskapsflyt mellom aktørane
 - o Innhente informasjon om behov for grunnleggjande kompetanse
 - o Skulen informerer om søkjarbiletet
 - o Arbeidslivet informerer om behov til lærlingar

- Kalibrere behov og kompetanse
- Avklare kven som gjer kva
- Dimensjonering
 - Læreplassar
 - Praksisplassar
- Anna

Ein slik møteplass vil gje ein større nærleik mellom desse aktørane enn det som er i dag.

7.1.4 Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag

Gjennom informasjonsinnsamlinga kjem det fram fleire gode innspel til korleis ein kan leggje til rette for meir praksisopplæring, både i skule, bedrift og digitalt.

Ein moderne skule for yrkesfagleg utdanning, tett på industrien, meiner arbeidslivet er ein føresetnad for å få til den omstillinga og kunnskapsoverføringa som må til mellom ulike næringar, for å skape framtidas teknologi og arbeidsplassar. Det blir trekt fram at det er viktig at skulen sitt verkstadareal er fysisk tett på, då det vil gje nærleik til kompetanse og rollemodellar som lett kan komme og bistå ved praktisk opplæring og oppgåveløysing i skule.

Mange bedrifter gjer tilbakemelding på at dei usikre på kor mykje kapasitet dei har for å gje meir praksisopplæring i bedrift enn kva dei tilbyr i dag, både med tanke på tilgjengeleg utstyr og kompetanse. Enkelte melder også om utfordringar til å drive innovasjonsarbeid i eiga bedrift, då verktøy og maskinar der er i full produksjon. Arbeidslivet har difor løfta tanken om at kanskje skulen sitt areal for praksisopplæring i yrkesfaga EL og TIP kunne vore ein arena der SMB-bedrifter kunne få tilgang til maskinar og utstyr for å drive testing, prototyping og utvikling av nye løysingar. Vidare har fleire SMB-bedrifter gjerne behov for same type verktøy og maskinar, men kan ikkje forsvare ei investering på eiga hand. Då kunne ein vurdert eit spleiseland mellom bedrifter og skule, og utplassert slikt utstyr i verkstaden til «nye» Bømlo VGS. Motorlab-prosjektet som vart stoppa i 2016 er eitt eksempel på noko arbeidslivet på Bømlo framleis ønskjer å få til saman med skulen, der elevar kan ha eit fullt operativt motorrom med ein hybridmotor på land, og drive oppgåve- og problemløysing på ein moderne motorlab, og bedrifter kan drive testing, utvikling og andre forsøk. I tillegg blir det trekt fram at ein prøvestasjon for automasjon (for bruk ved førebuing til fagprøven), og anna utstyr arbeidslivet ønskjer å dele med skulen, som til dømes 3D-skrivar og robotarmar, med fordel kan vurderast inn som utstyr i skulen sitt verkstadareal. Innkjøpet kan vurderast som eit spleiseland mellom skule og arbeidsliv, mot at arbeidslivet får tilgang til slikt utstyr for prototyping og testing i sitt innovasjonsarbeid. Pilotprosjektgruppa meiner difor at det bør vurderast å gjere verktøy og maskinar i skulen tilgjengeleg for arbeidslivet i periodar der skulen ikkje bruker dei sjølv.

Teknologisenteret til UNITECH som no er under oppføring på Rubbestadneset, er òg del av ein norsk katapult for berekraftig maritim industri, som er eit nasjonalt katapultsenter innanfor ulike energisystem som batteri, brenselceller og hybride system til havnæringane og relatert industri. Teknologisenteret vil òg ha utstyr som oppdrettsanlegg, renseanlegg for fisk, container for transport av levande sjømat, sensorar for å måle tilstand i ulike vasskar osv. ved teknologisenteret, som vil vere tilgjengeleg for utviklings- og utdanningsformål. Her ønskjer ein velkommen inn utdanningsinstitusjonar, forskarar og arbeidsliv til å bidra og til å lære å bruke ny teknologi, noko som inkluderer elevar og lærarar ved vidaregåande skule, og dette er ein arena ein absolutt må dra nytte av i praksisopplæringa ved vidaregåande skule.

Eit katapultsenter vil tiltrekke seg bedrifter frå heile landet, òg utlandet, og opnar opp for å gje praksis til elevar i skulen saman med bedrifter som ein vanlegvis ikkje finn i regionen, men som arbeider og utviklar ny og spanande teknologi. I tillegg vil ein komme tett på innovasjonsarbeid og innovasjonsprosessar.

Pilotprosjektet bør òg vurdere fleire arenaer (bygg med verktøy og maskinar i, verkstadhallar, kompetansesenter, teknologisenter, andre skular, osv.) i Hordaland/Sunnhordland, Haugalandet, andre norske katapultsenter eller andre stadar om det finnes verktøy og maskinar som ein kan dra nytte av når det gjeld å få til integrert praksisopplæring i bedrift. Ein annan arena som blir nemnd er YouTube, og det å lage ein YouTube-kanal for opplæringsfilmar som demonstrerer bruk av avansert utstyr i bedrift.

7.1.5 Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift

I informasjonsinnsamlinga som er gjort, kjem det fram at arbeidslivet synes det er utfordrande å leggje til rette for meir praksis i bedrift i VG1 og VG2. Årsakene til dette er fleire, men ein av dei er aldersgrense på 18

år for bruk av verktøy og maskinar, krav om HMS- og dokumentert opplæring før bruk. Sistnemnde er tidkrevjande øvingar om det skal gjennomførast for mange elevar som skal ut i bedrift, og kanskje på ulike tidspunkt. Arbeidslivet er elles klare på at ei grunnleggjande basisopplæring må vere på plass før elevane har praksis i bedrift, både for å ha ein viss kompetanse, men òg slik at elevane kan lære og feile i trygge omgjevnader.

Ein annan grunn er liten kapasitet i arbeidslivet til å gjennomføre meir praksisopplæring, både i form av tilgjengeleg utstyr og fagfolk, spesielt for små- og mellomstore bedrifter. Elles må det nemnast at arbeidslivet er tydelege på at læretida på 2 (2,5) år er noko dei ønskjer å behalde, for dei opplever denne ordninga fungerer godt.

På framtidsverkstaden trakk informantane opp eit anna moment som er viktig å ta med seg inn i framtidas opplæringsmodell, og det er modningsgrada av elevane. Bedrifter opplever at elevar på fleire område ikkje er like modne som før, og det er svært individuelt korleis elevar utviklar seg i alderen 16-20 år. Det er viktig at skulen med sin sosialpedagogiske kompetanse er tungt inne i opplæringa av denne sida av ungdommen, og at ikkje bedriftene alleine får denne oppgåva ved praksisopplæring i bedrift.


Når det gjeld integrert praksisopplæring i bedrift, har det vore uklart for arbeidslivet kva og kor mykje opplæring det er snakk om, når den skal finne stad, og korleis den skal organiserast. Fleire bedrifter fortel at ved praksisopphald i bedrift i dag, opplever bedriftene å bli overlatne til seg sjølv med eleven når elev er i praksis, at forventningar til praksisperioden ikkje er avklara på førehand (skule – elev – bedrift), bedrifta er ikkje godt nok informert om kva som er forventa, og kontakten med skulen er ikkje god nok verken før, under eller etter praksisopphaldet. Det å vere tydeleg på kven det er som skal få meir praksisopplæring i bedrift, kor mykje, når og kven som skal ha ansvar for å førebu og gjennomføre opplæringa, og om det er noko økonomisk kompensasjon om innsatsen frå bedrifta er høg, er viktige avklaringar før bedrifter i arbeidslivet kan seie ja eller nei til dette. Vidare peikar deltakarar på fagarbeidarworkshopen, at om èin skule i regionen legg opp til meir integrert praksisopplæring, er det ein risiko for at meir praksis for elevar frå «nye» Bømlo VGS vil redusere moglegheita for andre skular å få praksisopphald i bedrift. Ein ny opplæringsmodell må difor presisere kva som meinast med integrert praksisopplæring, og beskrive korleis ein tenkjer å gjere integrert praksisopplæring ute i bedrift, og syte for at ei løysing for meir praksis i bedrift gjev minst mogleg belastning på bedriftene si daglege drift.

Gjennom informasjonsinnsamlinga har det kome innspel om at det kan vere eit alternativ at ressursar frå bedriftene kjem inn i skulen og gjennomfører praktiske øvingar saman med elevane der. Ein slik måte å jobbe på vil gje ei intensiv læringsperiode med fokus på å auke forståing av teori opp mot praktisk bruk, og vonleg auke motivasjonen hos elevane. Utfordringa kan vere fordeling av lærarressursar, og at bedriftene ikkje klarar å ha fokus på tilstrekkeleg breidd i praksisen saman med elev.

Det er mange måtar å involvere bedriftene på, men eitt alternativ er at skulen tek ansvar for å trekke fleire bedrifter inn på ein workshop for å definere ei problemstilling elevar kan jobbe med som eit prosjekt gjennom eit skuleår, som kan involvere fleire bedrifter i ein verdikjede, og som kan gå på tvers av programfaga. Bedriftene stiller med mentorar, og gjer tilgang til det verktøy og maskinar som er naudsynt for å gjennomføre oppgåva, og som skulen gjerne ikkje har tilgang til. I tillegg kan ein legge opp til å bruke verktøy og maskinar på andre arenaer ved behov, og skulen må ta ansvar for å avklare dette med dei det gjeld. Arbeidslivet må syte for at oppgåva som blir utarbeidd ikkje krev meir kapasitet enn bedrifta kan tilby, og skulen må vere inneforstått med at noko av arbeidet kanskje må finne stad utanom skulen sine vanlege tider.

Det er mange synergiar ved ein slik prosjekttetting av læringsperiode, både at elev og bedrift blir betre kjent, bedrift og skule, lærarar får betre innsikt i bedriftene og meir kunnskap om korleis dei arbeider, og elevane blir meir vane med å arbeide i grupper, stille spørsmål og finne fram til gode løysingar. Her kan ein òg på sikt vurdere involvering av meir tverrfaglege team ved å trekke inn elevar ved andre linjer inn i oppgåveløysinga, som sal, kontorfag, studiespesialiseringar osv., slik at ein kan drive problemløysinga som endå meir realistiske prosjekt, og endå fleire elevar kjem tettare på arbeidslivet.

Pilotprosjektgruppa meiner at ein bør bruke meir tid utover hausten 2018 til å bli tydelegare på kva integrert praksisopplæring er, kva ein ser føre seg at elevane skal lære i bedrift, kor mykje meir belastning ein forventar å leggje utover bedriftene, og korleis dette er organisert. Figuren under gjer eit bilete på korleis fordelinga vil vere på praksisopplæring i skule og bedrift:



Som figuren viser, får elev i dag kompetanse på bruk av basisutstyr for å få grunnleggjande faglege ferdigheitar i skulen. Slik vil det òg vere etter at pilotprosjektet er implementert i 2023, men då vil ein òg ha forsøkt å tette det forbetringsgapet som finnes i skulen i dag. Her tenkjer ein i hovudsak på at elevar skal få kompetanse på arealkrevjande utstyr og maskinar og verktøy med høg utskiftingsgrad, der skulen ikkje vil klare å halde tritt, og kompetanse på spesialmaskinar og verktøy som finst i bedrifter, som til dømes eigenutvikla maskinar, eller store maskineringscenter. Dette vil gje elevane enda betre innsikt i arbeidslivet, og breiare praktisk kompetanse når dei skal ut i lære og jobb.

7.1.6 Betre styring av praksisopplæring

I YFF-faget vert det gjennomført praksisperiodar i bedrift. Tilbakemeldingar fra arbeidslivet er at det i dag er det tilfeldig og personavhengig i forhold til korleis praksis blir planlagt og gjennomført, og skulen klarar ikkje ha alle elevane ute i praksis i forhold til timetalet som er målet. Skal ein få til meir integrert praksisopplæring i bedrift i programfaga, er det ein klar forventning frå arbeidslivet at ein først får ein betre og ryddigare struktur på praksisophald i YFF-faget, og klarar å demonstrere at ein når praksismål i bedrift i dette faget, før ein aukar mengda praksis i bedrift i programfag. Ein bør difor få på plass eit godt og brukarvennleg styringsverktøy for å følgje opp praksisopplæring i bedrift, som kan brukast for både YFF-faget og praksis i programfag. Her må praksis vere knytt opp mot læreplanmål, bedrifter må kunne dokumentere praksis som er gjennomført, og ikkje minst må bedrifter kunne melde inn kapasitet for praksisopplæring i bedrift, og når, og lærarar må kunne planlegge gjennomføring av praksisen.

Skulen bør utnytte digitalisering for å betre få styring av praksisopplæring i bedrift, anten det er snakk om YFF eller praksis i programfag, og for å få betre kontroll over kva verktøy og maskinar som finnes i nærleiken, både i skule og i arbeidslivet, der ein kan drive praksisopplæring.

Pilotprosjektgruppa tilrår difor å etablere styringsverktøy for å støtte opp under praksisopplæring i bedrift, som til dømes kan:

- Kople praksis med mål i læreplan
- Både YFF og programfag
- Vise årshjulet for kvart år
- Kor mykje praksis som skal skje i skulen
- Kor mykje praksis skal skje i bedrift
- Vise oversikt over kva utstyr/maskinar bedrifter har
- Mogleggjere registrering av ledig kapasitet til opplæring i bedrift
- Mogleggjere registrering av kva opplæring bedrift kan gje etter læreplan
- Mogleggjere registrering av behov for praksisplassar

- Foreslå måte bedrifter/skule kan velge ut praksisplassar til elevar
- Mogleggjere registrering av behov for HMS-kurs og andre kurs for å gjennomføre praksis i bedrift etter læreplan
- Handtere samarbeidsavtalar skule - bedrift
- Registrere elev og kva kurs dei har
- Bruke digitalisering til å gjennomføre kurs
- Anna

7.1.7 Auke grad av hospitering av lærarar


Pilotprosjektgruppa meiner at får ein til ein god modell for integrert praksisopplæring i bedrift, der lærar og elevar kjem tettare på bedrift gjennom praktisk oppgåveløysing, vil dette gje lærar eit godt bilet av kva bedrifter driv med gjennom undervisningssituasjonen, og i mykje større grad enn i dag.

Utover dette tilrår pilotprosjektet at lærarar og tilsette i bedrift hospiterer hos kvarandre i høve til ordninga som finsti dag. Hospitering bør elles inngå som ein naturleg del av skulen sitt arbeid med kompetanseutvikling.

7.2 RISIKOAR I PILOTPROSJEKTET

Å utarbeide og implementere ein ny opplæringsmodell for utdanning av fagarbeidarar er i all hovudsak eit endringsprosjekt, der både skule, arbeidsliv og andre sentrale aktørar må arbeide annleis enn i dag. Skal ein lukkast med dette prosjektet, må alle involverte aktørar vite kva prosjektet går i, involverast i arbeidet framover, og tar eigarskap til dei aktivitetane som skal utførast ved implementering av ny modell.

Det er mange risikoar i pilotprosjektet, men den største er at det er svært mange aktivitetar som går føre seg i parallel. Som figuren under viser, skal ein i tillegg til å arbeide med innhaldet i sjølv piloten, som å styrke samarbeid skule – arbeidsliv, læreplanarbeid, og utvikling av styringsverktøy for oppfølging av praksis i bedrift, slå to skular saman til éin, det skal gjennomførast ein design- og planleggingsfase for nytt verkstadareal ved «nye» Bømlo VGS på Leite, nytt verkstadareal skal byggjast, Rubbestadneset VGS skal flytte, og samstundes skal det oppretthaldast god kvalitet i gjennomføringa av normal skuledrift.



Pilotprosjektet flaggar difor ein høg risiko for å gjennomføre alle desse endringsprosjekta i parallel, slik det i utgangspunktet er lagt opp til, og ber fylkesadministrasjonen vurdere å strekke delar av oppgåvene lengre ut i tid.

7.3 INNSPEL TIL OPPLÆRINGSMODELL

Basert på dei funna som er gjort i pilotprosjektet til no, tilrår prosjektgruppa å arbeide vidare med ei forbetring av dagens opplæringsmodell, der ein fokuserer spesielt på:

- Betring av rekrutteringsprosessen for fagarbeidaryrket
- Heilskapleg oppfølging av elev frå VG1 fram til fagbrev

- Betre samarbeid skule og arbeidsliv
- Utnytte fleire arenaer for praksisopplæring enn i dag
- Auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og bedrift
- Betre styring av praksisopplæring
- Auke grad av hospitering av lærarar

7.4 VURDERING AV MODELLEN

7.4.1 Strategi for opplæring i fylket

Modellen som er skissert opp, er i tråd med strategi for vidaregående opplæring i fylkeskommunen.

OVERORDNA MÅL 1	OVERORDNA MÅL 2	OVERORDNA MÅL 3
OVERORDNA MÅL 1 Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov Strategiar 1.1 Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering 1.2 Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv	OVERORDNA MÅL 2 Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv Strategiar 2.1 Bygge ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling	OVERORDNA MÅL 3 Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet Strategiar 3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå

Modellen vil setje regional kompetanseutvikling på dagsorden gjennom målretta arbeid med rekruttering og betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Gjennom dette samarbeidet vil det styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering, og ved involvering av både kommune og arbeidsliv i dette arbeidet, vil samhandling mellom yrkesfagleg utdanning, kommune og arbeids- og næringsliv bli styrka.

Vidare vil modellen legge til rette for å utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som varar på behova i arbeids- og arbeidsliv. Ved å auke involvering av bedrift i praksisopplæringa, både i skule og ute i bedrift, og betre styring av praksisopplæring i bedrift, vil ein bygge ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet til omstilling.

Til slutt vil modellen medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Modellen legg ikkje opp til at andre enn skulen skal ha ansvar for eleven, danninga og sosialkunnskapen. Berre tettare samarbeid for å sikre at elevane vert utdanna med relevant kompetanse, og har eit utdanningstilbod i nærleiken som sikrar dei jobbar når læretida er omme. Ved å auke fokus på ei heilskapleg oppfølging av elev gjennom skule og læretid, betre samhandlinga mellom skule og arbeidsliv, og gjere det enklare for arbeidslivet å gje direkte tilbakemeldingar til kva kompetanse og kunnskap elevane treng å styrkjast i, vil modellen bidra til å sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå.

7.5 MODELLEN SIN OVERFØRINGSVERDI

I vedtaket frå fylkestinget er det peika på at modellen skal ha overføringsverdi til andre utdanningsprogram. Modellen som er skissert opp her, vil vere overførbar til alle yrkesfaglege utdanningar, inkludert EL og TIP, då det i størst grad handlar om å betre struktur og styring rundt praksisopplæring i bedrift, og betre utnytting av læringsarenaer i nærleiken.

I modellarbeidet har prosjektet og hatt ein tanke om korleis ein kan knyte tettare band mellom studiespesialiserande og yrkesfag, og ikkje minst korleis opplæringsmodellen for yrkesfaga kan mogleggjere meir praksis i utdanningsløpet til dei som går studiespesialiserande gjennom tverrfagleg prosjektarbeid.

- Samarbeid mellom lærarane (effekt?)
- Vurderingspraksis på skulen?
- Tverrfagleg samarbeid | FYR-arbeid – yrkesretting av fellesfag

Dagens klasseromsundervisning

- Organisering, relevans mot yrkesfaglege programfag, FYR

Fordelar

Ulemper

Dagens verkstad for opplæring

- Tilstand, areal, maskinpark, førebuing til utplassering/læretid

Fordelar

Ulemper

Dagens kompetanse på skulen

Kven er lærarar på Rubb VGS i dag? Kva bakgrunn har dei?

Skulen sitt system for kompetanseutvikling (kompetanseplan)?

Lærarane sin kompetanse og behov for kompetanseutvikling – samarbeid med arbeidslivet lokalt om kompetanseutvikling?

Arbeid med kvalitet i skulen

Kvalitet i dei ulike delane av opplæringsløpet. Kva kjenneteiknar skulen sitt arbeid med...

- Kartlegging ved oppstart Vg1. Fagleg, sosialt... Overføringsmøte med ungdomsskulen?
- Oppfølging av elevane sitt læringsutbytte undervegs i Vg1 og Vg2.
- Elevvurdering ute i bedrift (YFF/programfag)
- Sluttvurdering Vg2 – kvalitetssikring av at elevane har eit breitt vurderingsgrunnlag – har eleven eit godt grunnlag for vidare læring og utvikling i læretida? Har eleven dei faglege og sosiale føresetnadane som bedriftene etterspør av ein lærling?
- Fag som blir ei barriere for elevane (jf. MAT)?
- Har skulen vidare kontakt med elev/lærling etter avslutning av Vg2?

Internat

Fordelar

Ulemper

Samhandling med bedrift – lokalt læreplanarbeid

Fordelar og ulemper med samarbeidet bedrift – Rubb VGS i dag?

Har skulen eit samarbeid med bedrift som går på lokalt læreplanarbeid? Kjenneteiknast av..?

Fordelar og ulemper med utdanningstilbodet RUV har i dag?

(Kor mykje av det praktiske opplæringsarbeidet må vere gjennomført på skulen før elev kjem til bedrift?)

Samhandling med bedrift – lærepass

Fordelar

Ulemper

- Kva system har skulen for å hjelpe elevar til å skaffe seg lærepass?
- Korleis arbeider skulen for å sikre overgang frå Vg2 til lære?
- Omfang elevar som vel Vg3 påbygg?

Samhandling med ungdomsskular

Korleis samarbeider ein i dag med ungdomsskulen om overgang grunnskule VG1?

Samhandling med fagskule/høgskule/universitet

Korleis arbeider ein i dag med å legge til rette for at elevar er førebudd til ev. høgre utdanning?

Rekruttering

Korleis arbeider ein med rekruttering til yrkesfagleg utdanning i dag?

Korleis samarbeider skule og arbeidsliv om rekrutteringa?

Betydinga av lokal yrkesfagleg utdanning tett på arbeidslivet

Fordelar

Ulemper

Vedlegg H. Initiell kartlegging av verktøy og maskinar i bedrift

Basisutstyr

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Meggara	Nei	Nei	4	I skule, avd. elektro
Mykje handverktøy	18 år	Krav om dokumentert opplæring	3	I skule, avd. maskinering
Sveise apparat	Nei	Nei	3	I skule, avd. maritim
Mekanisk verkstad	Nei	Nei	3	I skule, avd. elektro
1000V koffert	Nei	Nei	3	I skule, avd. elektro
Div. multimeter	Nei	Nei	3	I skule, avd. elektro
WIN (Westcon Information System) ERP	Nei	Nei	2	
2 Tig. sveis	Nei	Nei	2	I skule, avd.sveis/montering
Flaskesett, skjærebrenning	Nei	Nei	2	I skule, avd. maritim
Strømforsyningar	Nei	Nei	2	I skule, avd. elektro
Eurotester, megger	Nei	Nei	2	I skule, avd. elektro
Mykje el. Handverktøy	Nei	Nei	2	I skule, avd. elektro
Sandblåser kabinet	18 år	Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd.sveis/montering
Iduksjonsvarmer (lagervarmer)	18 år	Krav om dokumentert opplæring	1	
Sliperom	18 år	Krav om dokumentert opplæring, kurs	1	I skule, avd.sveis/montering
Traverskraner	18 år	Krav om dokumentert opplæring, kurs	1	
NDT MT, PT, Vis	18 år	Krav om dokumentert opplæring, kurs	1	
8 Sveiseapparat	Nei	Nei	1	I skule, avd.sveis/montering
2 manuelle plateknekker	Nei	Nei	1	I skule, avd.sveis/montering
Flaskesett	Nei	Nei	1	I skule, avd.sveis/montering
Sliperom	Nei	Nei	1	I skule, avd.sveis/montering
Mykje handverktøy	Nei	Nei	1	I skule, avd. maskinering
Hydraulisk presse	Nei	Nei	1	I skule, avd. maritim
Mig sveis	Nei	Nei	1	I skule, avd. maritim
Oscilloskop	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro

Enkle produksjonsmaskinar (robotarm, 3D-print)

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Sveisrobot	18 år	Krav om dokumentert opplæring, kurs	1	
3D printer	Nei	Nei	1	I skule, avd. maskinering

Manuelle maskinar (fres, dreiebenk)

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Boremaskiner/søyleboremaskin	18 år	HMS, Krav om dokumentert opplæring	2	
Delevaskemaskin	18 år	Krav om dokumentert opplæring	2	I skule, avd. maritim
Band sag og kald sag	Nei	Nei	2	I skule, avd. maskinering
Dreiebenk	Nei	Nei	2	I skule, avd. maritim
Delevaskemaskin	Nei	Nei	2	I skule, avd. maritim
Dreiebenkar	Nei	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd. maskinering
Fresar	Nei	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd. maskinering
Sager	Nei	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd. maskinering
Dreiebenkar	18 år	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd. maskinering
Fresar	18 år	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd. maskinering
Sager	18 år	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	I skule, avd. maskinering
Chris marin maskiner/ventilslipemaskiner.	18 år	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	
7 manuelle dreiebenker	Nei	Nei	1	I skule, avd. maskinering
4 boresøyler	Nei	Nei	1	I skule, avd. maskinering
Fres	Nei	Nei	1	I skule, avd. maritim
Kaldsag	Nei	Nei	1	I skule, avd. maritim

Maskinar spesialtilpassa produksjon og produkt

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Hydraulisk verktøy;jekker, hytorc, hydraulikkpresse,	18 år	HMS, Krav om dokumentert opplæring	2	I skule, avd. elektro
Elektrobedøver for fisk		Internopplæring	2	
Slöyemaskiner		Internopplæring	2	
Filetmaskin		Internopplæring	2	
Trimmemaskin		Internopplæring	2	
Skinnemaskin		Internopplæring	2	
Ismaskiner (tørris, is)		Internopplæring	2	
Robotarmer for palletering		Internopplæring	2	
Spesialmaskiner (eigenutv.) for sentrere propellblad/rette propellakslinger	18, kan søke disp.	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	
3 Turboar	18 år	Krav om dokumentert opplæring, kurs	1	I skule, avd. maritim
Stunn & bleed maskin (bløggemaskin)		Internopplæring	1	
Hodekappe maskin		Internopplæring	1	
Fleicut (skjærermaskin)		Internopplæring	1	
Diverse pakke og etikkeringsmaskiner		Internopplæring	1	
Vakumeringsmaskiner		Internopplæring	1	
EB Maskin (elektronstrålesveis)		Krav om dokumentert opplæring	1	
Vakumeringsanlegg for oljefylling av kabler		Internopplæring	1	
Kalibrert trykktestingsutstyr	Nei	Krav om dokumentert opplæring	1	

Mindre styrte maskinar

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Traverskran	18 år	Krav om dokumentert opplæring	2	I skule, avd.sveis/montering
Nødgenerator	Nei	Nei	2	I skule, maskinromslab
5 akser CMM måler			1	
Traverskran	Nei	Nei	1	I skule, avd.sveis/montering

Større styrte maskinar og maskineringssenter

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
5 freser - store dimensjoner			2	
9 dreiebenker - store dimensjoner			2	
Dreiesenter (Doosan Puma 700 1LY) for propellblad, aksling, ror	18, kan søke disp.	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	
Fresesenter (MTE 32KT/K20) for propellblad ev. anna	18, kan søke disp.	HMS, Krav om dokumentert opplæring	1	
CNC rørbøyning			1	
Varmeovn			1	
Sager			1	
Testrigg type 100, 1400 Bar vanntrykk			1	
Cladding			1	

Utstyr for demonstrasjon/opplæring

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Div. PLS	Nei	Nei	2	I skule, avd. elektro
Div. Frekvensomformere	Nei	Nei	2	I skule, avd. elektro
Hydraulikk rom	Nei	Nei	1	I skule, avd. maritim
Div. el. Asynkronmoterer	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
8 innbrudds alarmanlegg	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
8 Adgangskontroll (nytt)	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
8 Brannalarmanlegg	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
Diverse starteskap	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
Frekvensomformere,	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
Diverse PLS	Nei	Nei	1	I skule, avd. elektro
8 Frekvensomformara	Nei	Nei	1	I skule, avd. automasjon
16 PLS Øvingsstasjoner	Nei	Nei	1	I skule, avd. automasjon
2 Transportband med diverse utstyr montert	Nei	Nei	1	I skule, avd. automasjon
6 Simatic HMI stasjoner (S7)	Nei	Nei	1	I skule, avd. automasjon

Anna utstyr

Verktøy/maskin/utstyr	Aldersgrense	Krav til kurs/sertifisering	Antall tilgjengeleg i bedrift	Finnes det i skulen i dag?
Hyperbarisk trykktanker		Internopplæring	1	
Mikroskop		Internopplæring	1	
Temperatur kalibreringsbad		Internopplæring	1	
Klimaskap		Internopplæring	1	
Trykkestittings rom		Internopplæring	1	
Helium leak testere		Internopplæring	1	
ESS shaker		Internopplæring	1	
Fronius inlay welder		Krav om dokumentert opplæring	1	
TIG sveiseaparat		Krav om dokumentert opplæring	1	
Dreiebenk		Internopplæring	1	
Fres		Internopplæring	1	
Boresøyle		Internopplæring	1	
Kaldsag		Internopplæring	1	
Delevaskemaskin		Internopplæring	1	
Hydraulisk presse		Internopplæring	1	
Flaskesett, skjærebrenning		Internopplæring	1	

Vedlegg I. SWOT-analyse

Dagens skule med lære plass


<p>STYRKAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Fagleg kvalitet og breidde - elevar har eit godt grunnlag i dag når dei kjem frå skulen til bedrift i dag Elevane veit kva dei vil og har eit mål Bedrift kan forme arbeidstakar</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Djupare kjennskap til yrket dei har læretid i, i den bedriften, kulturen Modningsprosess, disciplin, danning God oppfølging Skaffe seg nettverk Motivasjon Fagleg kvalitet</p> <p>Samfunnsperspektiv: Får praktisk innsikt, arbeidstrening, lærer å førehalde seg til kolleger Eleven vert kvalifisert til eit yrke</p>	<p>SVAKHETAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Det kan vere vanskeleg å få fristilt nok tid til å følgje opp lærlingen Det kan vere vanskeleg for bedifta å gje tilstrekkeleg breidde i læretida</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Oppfølginga på læreplassen er svært personavhengig Om ting ikkje fungerer på ein arbeidsplass, er det ikkje alle bedrifter som har eit apparat som følgjer ting opp, og det er heller ingen fagopplæringskontor som har denne oppgåva «tett på» forutan MarOpp Får ikkje nok breidde i utdanninga</p> <p>Samfunnsperspektiv: Læreplassen kan gje eit for snevert fagfelt, slik at fagarbeidaren ikkje bli kvalifisert til eit yrke</p> <p>Skuleperspektiv: Skulen veit lite kva som skjer med eleven etter skulen Skulen får ingen tilbakemeldingar frå læretida frå bedrift i forbetrinng av utdanninga som skjer i skulen</p>
<p>MOGLEIGHETAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Om ein vekslar mellom fleire bedrifter i læretida, vil ein få arbeidssøkjarar med breiare kompetanse</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Veksle mellom fleire bedrifter, for å få meir breidde</p> <p>Samfunnsperspektiv: Om ein vekslar mellom fleire bedrifter, aukar det eleven sin moglegheit for arbeid</p>	<p>TRUSLAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Konjunkturvihengighet og sysselsettingssituasjonen – påverkar evna til fagopplæring og oppfølging i bedifta</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Konjunkturvihengighet og sysselsettingssituasjonen</p>

Dagens skule med utplasseringsperiodar (praksis gjennom YFF)

<p>STYRKAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Får kjennskap til elevane – sjå nye arbeidstakarar</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Får kjennskap til faget, og betre forståing når dei kjem tilbake til teoriundervisninga Meir motiverte til å jobbe med skulen Får vist seg fram til bedrift – lettare få jobb Får meir informasjon om dei ulike oppgåvane ein kan utføre på ein arbeidsplass</p> <p>Samfunnsperspektiv: Skule/lærarar oppnår kontakt med næringsliv</p> <p>Skuleperspektiv: Nokre elevar modnast veldig under praksis (kanskje spesielt maritimt som har lengre praksisperiode, 3 – 5 veker) Skule/lærarar oppnår kontakt med næringsliv</p>	<p>SVAKHETAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Når elevar kjem ut i fagpraksis, vil alder begrense kva dei kan gjere – meir reingjering og rydding enn spennane arbeidsoppgåver Elevar i praksis får kanskje ikkje nok oppfølging – vanskeleg å binda opp folk til oppfølging Personavhengig i bedrift kva oppfølging ein får, og kor gode dei er til å motivere eleven Nokon har arbeidstad hos kunde – utfordring at det ikkje er plass i bil til å ta elev med Transport til praksisbedrift kan vere problem for dei utan førarkort/tilgang til moped/bil</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Nokre skular sender elevar ut ein dag i praksis, og då vert arbeidet oppstykka, og ein får ikkje sjå heile kapen i arbeidet Får bedriften kjedelege og/eller mindre meiningsfylte oppgåver, kan dei bli demotiverte og uengasjerte, og får ikkje støtte til teorien</p> <p>Skuleperspektiv: Nokre programfag må ein finne læreplassar i heile Hordaland i «konkurranse» med andre skular, noko som gjer det krevjande Kvar lærar sit på si tue og må fiske praksisplass – avhengig av læraren sitt nettverk</p>
<p>MOGLEIGHETAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Faste tider for utplassering, slik at bedriften kan komme med ønskjer og skulen planlegg deretter</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Får innsikt i fleire yrke på eit tidlegast mogleg tidspunkt, som dei ikkje er klar over</p> <p>Skuleperspektiv: Skule får lettare forhold til næringsliv og utviklar nettverket sitt</p>	<p>TRUSLAR</p> <p>Bedrift sitt perspektiv: Bedrift har ikkje pedagogar eller tilsvarande som følgjer opp elev, og klarar ikkje handsame elevar som slit, godt nok</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Umotiverte elevar og umodne elevar som treng tett oppfølging, kan ramle ut av skulen grunna manglende kontroll</p> <p>Samfunnsperspektiv: Umotiverte elevar og umodne elevar som treng tett oppfølging, kan ramle ut av skulen grunna manglende kontroll</p>

Framtidas skule med meir praksis i bedrift

STYRKAR	MOGLEIGHETAR	SVAKHEITAR	TRUSLAR
<p>Bedrift sitt perspektiv: Tilpassa opplæring etter behov, forma eleven etter bedifta sitt behov Tidlegare spissing</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Får tilgong til meir moderne utstyr og variert maskinpark Breiare plattform, forutsatt at dei får besøke ulike verksemder Meir reelle arbeidsoppgåver Lærer seg bedriftskultur i praksis Skaffar seg nettverk og kontaktar Får snarar yrkesresidentitet</p> <p>Samfunnsperspektiv:</p> <p>Skuleperspektiv Skulen får kunnskap om kva som er aktuelt i næringslivet Sparar areal/kost på skulen</p>	<p>Bedrift sitt perspektiv: Krevjer meir ressursar i bedrift (areal, folk, kompetanse) Bedrift må setje av tid til samarbeid med skulen Bedriftena er svært ulike jf. storleik og innhald, slik at opplæringa vert ulik HMS: Mykje roterande maskineri kan ikkje ungdomane bruke fylte 18 år, krev gjerne kurs/sertifikat Krev mykje tid å aye elevar tilstrekkeleg dokumentert opplæring på å bruke maskinar og verktøy i bedrift Bedriften må bruke tid til å forme dei som gangs folk – kompetanse bedriftena ikkje har i dag Elev har ikkje grunnlag før dei kjem i bedrift, spesielt VG1</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Elevar med spesielle behov kan fort ramle gjennom/blir ikkje tilstrekkeleg sett Elevar finn seg ikkje til rette – prisgitt at bedriftena har tid til å følgje opp dette</p> <p>Skuleperspektiv Skulen mistar den praktiske tilnærminga til faget/skulen vert ein teoriarena Skulen mistar viktig tid til å forme dei som gangs menneske / bygge motivasjon Får ein tilstrekkeleg tid til teoretiske fag når ein har praksis i bedrift Koriles vil umodne elevar bli følgje opp?</p> <p>Grensesnittet Vanskelig å følgje opp ift. fråvær, og årsakar til dette 2 + 2: Skule har ansvar første to år, bedrift neste to år – dette blir eit meir uklårt skilje med meir praksis i bedrift/vekslingsmodell Samtalar med foreldre, har bedrift lov til å ha kontaktnfo til foreldre, direktekontakt osv. Pedagogikk; bedrift risikerer å få fleire oppgåver som eigentleg tilhøyrer ...skule</p>	<p>Bedrift sitt perspektiv: Mindre breddde på dei som vert utdanna Vil alle bedriftena kunne takle meir praksis i bedrift, vil dei kunne legge til rette for meir praksis? Vil bedriftena takle både meir praksis, og kunne oppretthalde læreplassar samstundes? Kostnad – kva vil meir praksis i bedrift koste? Konjunkturar – kapasitet i bedriftena svingar, både travle og nedgongstider kan påverke her Konjunktursvingningar kan i verste fall føre til bortfall av praksisplassar Yngre og umodne elevar som kjem ut i arbeidslivet for tidleg – blir dei vaksne for tidleg?</p> <p>Elev sitt perspektiv (QA med elev): Miljøet, sosiale trygge rammer kan bli dårlegare Mister klassemiljøet – samhaldet Kompisar osv. – mister kontakt, motivasjon Logistikk – korleis få elevar ut i bedrift? På elektrø har dei ikkje plass til ekstra personell i bilane til dømes</p> <p>Skuleperspektiv Pedagogar må følgje dei opp og tilrettelege – kan vere vanskelig å få til i praksis? Kostnad – kva vil meir praksis i bedrift koste? Kva med elevar som ramar utførbi – korleis skal dei fangast opp? Om ein byter skule i ein slik modell, kva skjer då?</p>	



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Notat

Dato: 14.01.2019

Arkivsak: 2014/10030-128

Saksbehandlar: torsan12

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Løypemelding samarbeidsprosjekt Nordhordland

Med bakgrunn i fylkestingsvedtak (FT 4. oktober 2016, sak 72/16 og FT desember 2016, sak 91/16) starta fylkesrådmannen opp arbeid med samarbeidsprosjekt i Nordhordland for å utvikle og prøve ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga blir gjort ute i verksemdene.

Samarbeidsprosjektet skal i dialog med næringslivet også bidra til å få fram kunnskapsgrunnlag i høve til behov for nyinvesteringar ved å sjå på praksisopplæring og bruk av verstadareal i skule og bedrift.

Denne løypemeldinga viser aktuelle aktivitetar og erfaringar i prosjektet frå januar til desember 2018.

Fasar og aktivitetar i prosjektet

Utviklingsfase	Hausthalvåret 2017
Prioritere og koordinere samarbeidsområde ut frå skulane sine utviklingsplanar og ut frå Nordhordland Regionråd og Nordhordland Næringslag sine mål og strategiar	
Synleggjere og dele gode erfaringar med samarbeidet skule-arbeidsliv i Nordhordland	
Utarbeide årleg aktivitetsplan med felles mål skule og arbeidsliv, m.a. for Yrkesfagleg fordjuping	
Fordele utdanningsprogram som er med i prosjektet mellom Knarvik vgs og Austrheim vgs og avklare deltaking/bidrag frå arbeidslivet i prosjektet	
Motivere, involvere og engasjere bedrifter i samarbeidet, m.a. felles workshop mellom skulane og bedrifter (nov. -17)	
Skuleåret 2017/18	
Vurdere modellar for å organisere fag- og yrkesopplæring der meir av undervisninga skjer ute i bedrift	
Følgje opp arbeid med samfunnskontrakt, rammer for samarbeidsavtalar og skriftlege avtalar mellom skular og arbeidsliv	

Avklare deltaking i internasjonalt prosjekt (Erasmus+) i samarbeid med regionalavdelinga, om utvikling av regionale senter (oppstart des. -17)	
Utprøvingsfase	Skuleåra 2018/19 og 2019/20
Prøve ut modellar for praktisk undervisning ute i verksemndene etter avtalar med bedrifter knytt til TIP og BA (med undervegsevaluering)	
Planlegge og gjennomføre kurs og kompetanseutvikling / hospitering knytt til aktuelle modellar for utprøving	
Henta frå prosjektplan	

Utviklingsfasen - skuleåret 2017/18

Tidleg i prosjektet var det einheit blant deltakande aktørar i prosjektet at dei alternative modellane skulle basere seg på ordinær fag- og timefordeling, dvs. at ein ikkje skulle søkje å flytte på fag mellom trinn. Det gjorde det mogleg å kome raskt i gong med planlegging og implementering av modell. Samstundes var det ei vurdering at det er enklare å overføre alternative opplæringsmodellar som blir organisert innanfor ordinær fag- og timefordeling.

Det blei lagt til grunn at modellane skulle prioritere innhald og kvalitet, samarbeid mellom skule og bedrift, t.d. gjennom yrkesretting av fellesfag og programfag. Modellane skulle vidare inkludere lengre praksisperiodar. Vidare var utgangspunktet at ein av modellane skulle starte på Vg1.

I løpet av tidleg vår 2018 valde skulane ut kva utdanningsprogram dei skulle gjennomføre modellane på, samt trinn og involvering av personalet på skulane og aktuelle bedrifter.

Det blei avgjort at Knarvik vgs testar ut alternative undervisningsformer på Teknikk og industriell produksjon (TIP), og Austrheim vgs på Bygg- og anleggsteknikk (BA).

Skulane inviterte aktuelt arbeidsliv til ein felles workshop i februar 2018 for idemyldring rundt korleis organisere nye undervisningsformer. 17 bedrifter deltok, og var positive og såg moglegheitene som ligg i at elevane får meir praksis ute i verksemndene.

Denne felles samlinga blei vidare følgt opp av begge skulane, med dialog kvar for seg med aktuelle bedrifter innan høvesvis TIP og BA.

Innhald i møta med bedriftene var i stor grad knytt til praktiske problemstillingar rundt korleis organisere ei opplæring med meir praksis ute i bedriftene, som

- Alternative opplæringsmodellar – fordeling av praksis i skule og bedrift
 - Konkretisere samarbeidsavtalar
 - Vurdering for læring – korleis sikre ein god vurderingspraksis når eleven er i praksis i bedrift
 - Fråværssføring
- **Vurdere modellar for å organisere fag- og yrkesopplæring der meir av undervisninga skjer ute i bedrift**

Grunnlaget for organisering og gjennomføring av alternative undervisningsformer er basert på eksisterande og veletablerte strukturar for samarbeid mellom skule og arbeidslivet i regionen. I tillegg ligg samarbeidsmøte knytt til prosjektet til grunn for koordinering og planlegging av praktisk gjennomføring av auka praksisopplæring i bedrift.

I samarbeid med bedriftene har begge skulane vedteke opplæringsmodellar basert på at elevane har periodevis opplæring på skulen og i bedrift. Dette er i tråd med bedriftene sine ønskje og vil gi elevane ei

meir heilskapleg opplæring. Vurdering i faga blir gjort i samarbeid mellom elev, skule og bedrift, der bedriftene i sterkare grad vil bli invitert inn i diskusjon om karakter. Det fordrar eit forpliktande samarbeid mellom faglærar og instruktør. Det blir også sett opp samarbeidsmøte mellom skule og bedrift om læreplanarbeid.

Opphaveleg var det planlagt at ein av modellane skulle starte på Vg1. I dialog med bedriftene blei det likevel klart at det var ønskeleg å teste ut begge modellane på Vg2. Vurderinga blei gjort på bakgrunn av at elevane då har eit betre fagleg grunnlag for å delta i bedrifta sin produksjon, og truleg er litt meir modne og klar for lengre praksisperiodar enn kva tilfellet er for ein elev på Vg1.

Modellane er noko ulikt organisert i form av mengde av opplæringa som skjer i høvesvis skule og bedrift. Oversikt over utplasseringsveker er skissert under.

Lærarane sine roller ved meir utplassering i bedrift blir lik den som dei i dag har i yrkesfagleg fordjuping (YFF). Når elevane er i praksis i bedrift, er også lærar ute i bedrift etter oppsett plan. Oppgåver er t.d. dialog om innhald i opplæringa, vurdering, ev. behov for rotasjon i praksisbedrift for å fylle læreplanmåla. Denne dialogen går mellom lærar, elev og bedrift.

For å få til ei god undervegsevaluering nyttar Knarvik vgs i dag Google docs som verktøy for elevane til å skrive logg. Dette skjer underveis medan elevane er i praksis, og gir god samhandling mellom elev og lærar. Loggen er vidare grunnlag for dialog mellom elev, lærar og bedrift medan lærar besøkjer elev i praksis. Dette er også døme på erfaringar i prosjektet som er direkte overførbare til Austrheim vgs, jf. mål i prosjektplan om å synleggjere og dele gode erfaringar.

- **Følgje opp arbeid med samfunnskontrakt, rammer for samarbeidsavtalar og skriftlege avtalar mellom skular og arbeidsliv**

Det er i varierande grad skriva avtalar om praksisopplæring mellom skule og bedrift i dag, då skulane har regelmessige møte med bedriftene om gjennomføring av modellane. Det har likevel ein verdi å skriva avtalar noko også NHO har peika på. Til grunn for det vidare arbeidet ligg at det i det minste skal skrivast avtalar for utplassering gjennom faget yrkesfagleg fordjuping (YFF).

- **Prøve ut modellar for praktisk undervisning ute i verksemndene etter avtalar med bedrifter knytt til TIP og BA (med undervegsevaluering)**

Knarvik vgs organiserer opplæringa gjennom å legge alle timane i YFF, og nokre av timane i programfaget produksjon ut i bedrift. Samanlikna med korleis skulen har organisert opplæringa tidlegare, betyr dette ein auke i opplæring i bedrift på tre veker i løpet av skuleåret.

Bedriftene i regionen tar i mot elevar frå fleire skular. Ved ein auke i praksisopplæring i bedrift gir det ein auka belastning på bedriftene, noko som krev eit tydeleg samarbeid også mellom skulane på utplasseringsperiodar, slik at belastninga på bedriftene ikkje blir for stor. Det er planlagt eit evalueringsmøte i etterkant av utplasseringsvekene dette skuleåret for saman å vurdere erfaringar og gjere eventuelle justeringar framover.

Austrheim vgs organiserer opplæringa gjennom å legge alle timane i YFF og programfaget produksjon ut i bedrift. Samanlikna med korleis skulen har organisert opplæringa tidlegare, betyr dette ein auke i opplæring i bedrift på sju veker i løpet av skuleåret.

Austrheim vgs har mange potensielle samarbeidsbedrifter, og elevane er fordelt over mange bedrifter, som regel berre ein elev per bedrift.

Oversikt over utplasseringsveker for Knarvik vgs og Austrheim vgs

Skule	Vekenummer - periode i bedrift		Tal veker i bedrift
	2018	2019	Skuleåret 2018/19
Knarvik vgs	43-46	4-8	9
Austrheim vgs	44-48	3-6 12-15	13

Erfaringar så langt knytt til alternative undervisningsformer

Felles tilbakemeldingar frå skulane er at modellane gir ei fagleg betre opplæring enn kva tilfellet hadde vore om all opplæring hadde gått føre seg i skulen. Elevane veks både fagleg og sosialt gjennom praksisperioden, og ei tett oppfølging av elevane er eit suksesskriterium både for skule og bedrift.

Når meir opplæring er konsentrert ute i bedriftene, betyr det at fellesfaga også blir konsentrert når elevane har opplæring på skulen. Skulane gjennomfører derfor eit blokkdagsystem.

Austrheim vgs melder at dei inneverande år ikkje har sett inn noko ekstraundervisning, sidan blokkdagane gir rom for dybdelæring og god fagleg oppfølging. Lærarane gir gode tilbakemeldingar på effekten denne ordninga gir på elevane sitt læringsutbytte.

Ei utfordring med å organisere opplæringa gjennom blokkdagar er at ein elev raskt kan overstige 10 prosent fråvær. Dokumentasjon ved fråvær er derfor særskilt viktig.

Modellane blir brukt aktivt av begge skulane i marknadsføring av eigne tilbod.

Kunnskapsgrunnlag – prosjekt næringslag/regionråd og regionalavdelinga

Hordaland fylkeskommune har løyvd inntil kr 500 000 til prosjektet **Næringsutvikling i Nordhordland** frå budsjettet for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland.

Målet med prosjektet er å få fram kunnskapsgrunnlag om behov for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland, minst fram til 2030.

Næringslivets behov for framtidig kompetanse – det dei vil trenge for å kunne utvikle seg - og det offentlege sitt behov for kompetanse er viktig å få kunnskap om, slik at m.a. dei vidaregåande skulane kan bidra til leveranse. Dette prosjektet skal få fram eit kunnskapsgrunnlag om næringslivet og regionen sitt behov for framtidig fagtilbod, kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland og Gulen. Prosjektet er eit samarbeid mellom næringslivet i regionen ved Nordhordland Næringslag og Regionrådet i Nordhordland ved Nordhordland Utviklingssselskap IKS. Dette er eit prosjekt som også skal legge grunnlag for ei utvikling og styrking av eksisterande og nye samarbeidsrelasjoner mellom næringsliv, offentleg sektor og skulane i regionen. Arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft og kompetanse skal vere avgjerande for både å styrke omstillingssbehov og dimensjonering.

Resultata av utreiinga vil bli gitt ut i ein rapport som blir gjort allment tilgjengeleg. Den vil tentativt innehalde eit ca. 10-siders samandrag og om lag 60 sider tekst. Rapporten blir gitt ut digitalt.

Universitetet i Bergen ved institutt for geografi leiar prosjektet. Teamet er sett saman av professor økonomisk geografi Grete Rusen (prosjektleiar), Gro Marit Grimsrud (Uni Rokkan) og Kari Elida Eriksen (UiB).

Universitet i Bergen har planlagt ein presentasjon av førebels rapport primo februar.

Prosjektet skal koordinerast med andre kompetanserelaterte prosjekt i Nordhordland («Right skills for the right future» - Hordaland fylkeskommune, «Drivers of regional economic restructuring» Høgskulen på

Vestlandet, «Pendler-prosjektet» - Hordaland fylkeskommune, «Sustainable development of urban centers with active involvement of VET» -Hordaland fylkeskommune, «Plan for samarbeidsprosjekt skule-arbeidsliv» - Hordaland fylkeskommune).

Hordaland fylkeskommune v/sekjon for forsking, internasjonalisering og analyse vil kunne dekke eventuelle meirkostnader knytt til å utvide det geografiske nedslagsfeltet for desse dataa til resten av fylket.

Evaluering

Prosjektet skal i løpet av skuleåret 2019/20 evalueraast i tråd med oppsette milestolpar i prosjektplan. Regionalavdelinga v/sekjon for forsking, internasjonalisering og analyse har tatt oppdraget med å evaluere prosjektet, og tek sikte på å starte evalueringa hausten 2019.

Oppsummering og evaluering (kunnskapsgrunnlag)	Skuleåret 2019/20
Oppsummere erfaringar og evaluere dei modellane for undervisning/ praksisopplæring som har vore prøvde ut i prosjektet	
Drøfte grunnlag for fagtilbod og dimensjonering av vidaregåande opplæring ut frå behov for kompetanse og framtidig fagtilbod ved dei vidaregåande skulane i Nordhordland behov for arbeidskraft, framtidige næringer og kompetansebehov i regionen	
Vurdere bruk av verkstad/bedrift for meir praktisk undervisning i verksemndene (behov og omfang)	
Vurdere konsekvensar og mogleg behov for nyinvesteringar til skuleanlegg ved modell(ar) der meir av undervisninga vert gjort ute i verksemndene. Henta frå prosjektplan	

Erasmus+-prosjekt, Development of sustainable urban centres with active involvement of VET

Regionalavdelinga har identifisert status og utfordringar på attraktive regionale senter. Det er gjennomført ein planleggingsprosess med omfattande deltaking, noko som resulterte i ein plan for vidareutvikling av 12 regionale senter i 10 kommunar. Mål og strategiar er definert for vidareutvikling.

Dette er bakgrunn for deltaking i Erasmus+-prosjektet «Development of sustainable urban centres with active involvement of VET (vocational education and training)». Regionalavdelinga har prosjektleiar-ansvaret.

Gjennom eit strategisk partnerskap med involvering av m.a. utdanningsinstitusjonar og skular, kan det etablerast ein modell for nytt og effektivt samarbeid for å knyte saman m.a. offentlege organ og tenester og lokale bedrifter for å vidareutvikle dei regionale sentra. Dette kan gjere det mogleg å etablere og utvikle kontakt på eit breitt spekter av aktivitetar og fag. Skulane kan gjere utdanninga meir relevant for elevane, og skulane kan få ei aktiv rolle i utviklinga av dei regionale sentra.

Utfordringane og moglegheitene som ligg i tverrsektorielt samarbeid mellom yrkesfaglege skular, kommune og arbeidsliv for å styrke regionale senter har blitt vurdert til å vere like på tvers av deltagande nasjonar i prosjektet, men med ei rekke variasjonar mellom landa. Ved utveksling av informasjon og identifisering av beste praksis skal partnarane i felles innsats beskrive modellar og metodar for beste praksis.

Resultata av prosjektet skal vere:

- Modellar og tilrådingar for deltaking og engasjement i utvikling av bykjerner/regionale sentre.

- Modellar og tilrådingar for utdanningsprogram som stimulerer byutvikling/utvikling av regionale sentre.

Prosjektet har høgt fokus på verdien av internasjonale kontaktar og utveksling av informasjon, særleg om beste praksis innanfor dei to nemte tema. Internasjonal kontakt og besøk tillet partnarane å få meir detaljert og djupare forståing av korleis relevante utfordringar, plikter og oppgåver blir handtert under ulike forhold. Dette har igjen potensiale til å gi ny inspirasjon, nye ambisjonar, skape nye idear og nye metodar, og gi partnarane tillit til å implementere nye modellar.

Mål for prosjektet

- Lage styringsmodellar for aktiv involvering og deltaking av vidaregåande skular og lokale bedrifter i planlegging og utvikling av regionale sentre.
- Utvikle yrkesfaglege opplæringsløp som direkte knyter opplæringa til utfordringar og moglegheiter i dei regionale sentra.
- Etablere ein arena for samarbeid mellom yrkesfaglege skular, kommunar og arbeidslivet.

Deltakarlanda har hatt tre samlingar – Bergen, Kranj, Slovenia og Barcelona. Neste samling er Umbria i Italia. Samlingane har hatt høgt innslag av informasjon om korleis dei ulike aktørane samarbeider og kva moglegheiter og utfordringar som ligg i dette. Samtidig har det vore sentralt med skule- og bedriftsbesøk med mål om å auke kunnskap om korleis dei ulike landa organiserer opplæringa og strukturerer samarbeid med lokale myndigheter og arbeidsliv.

Sjølv om variasjonane mellom deltakarlanda til dels er store, er det fleire område som gir grunnlag for samarbeid og at nytige erfaringar kan samlast og brukast lokalt. T.d. er dette

- Heilskapstenking, samordning av innsats og ressursar for å oppnå vedtekne mål
- Fokus på samfunnet og arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft
- Organisering og utvida samarbeid og samhandling
- Organisering av skulane og gjennomføring av opplæringa

Dette ligg til grunn for vidare arbeid med å utvikle modellar for korleis skape ei tettare samhandling mellom vidaregåande skular, kommune og arbeidsliv for å utvikle regionale sentre. Vidare er dette sentralt inn mot regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Prosjektet varar til 29.02.20, og det blir skrive sluttrapport for arbeidet.

Deltakande aktørar:	Land/region
Agencia Umbria Ricerche	Umbria, Italia
Instituto Professionale per l'Industria e l'Atigiantato	Umbria, Italia
EARLALL European Association of Regions & Local Authorities for Lifelong Learning	Belgia
Barcelona Activa	Spania
Solski School Center	Kranj, Slovenia
Sotra vgs	Hordaland fylkeskommune
Knarvik vgs	Hordaland fylkeskommune
Fjell kommune	
Lindås kommune	
Hordaland fylkeskommune (koordinator)	



Notat

Dato: 14.01.2019

Arkivsak: 2014/10030-129

Saksbehandlar: torsan12

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Verbalpunkt om oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland

Fylkesrådmannen viser til handsaming av sak 106/2018, Årsbudsjett 2019/Økonomiplan 2019-2022, i fylkestinget 11.-12.12.18, verbalpunkt om oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland.

«Fylkestinget ønskjer å videreføra det gode samarbeidet ein har mellom skule og næringsliv, der ein kan utnytta opplæringsutstyr på ein betre måte og samarbeide om investeringar og innkjøp.»

Fylkesrådmannen viser til samarbeidsprosjekt i regionen som inneber at elevane i større grad får opplæring i bedriftene. Knarvik vgs og Austrheim vgs har auka tal timar utplassering i faget yrkesfagleg fordjuping og programfaget produksjon. Dette betyr at elevane i større omfang også nyttar bedriftene sin eigen maskinpark utstyr.

Samarbeidsprosjektet går ut skuleåret 2019/20, og det vil vere naturleg å arbeide med å vidareutvikle samarbeid og eventuelle formelle avtalar om sambruk og innkjøp.

Samarbeidsprosjektet skal evaluerast, med planlagd oppstart i løpet av hausten 2019. Til grunn for evalueringa ligg det mellom anna at ein skal vurdere konsekvensar og mogeleg behov for nyinvesteringar til skuleanlegg ved modell(ar) der meir av undervisninga blir gjennomført ute i bedriftene.

«Fleirtalspartia vil be fylkesrådmannen følgja opp samarbeidsprosjektet og at det vidare arbeidet med samarbeidsprosjektet vert kopla til arbeidet med planlegging av nye vidaregåande skular i regionen og at ein startar dette allereie i 2019.»

Fylkesrådmannen viser til løypemelding for samarbeidsprosjektet i Nordhordland, som gjer greie for erfaringar så langt i arbeidet. Alternative opplæringsmodellar blir prøvd ut frå og med skuleåret 2018/19.

Hordaland fylkeskommune har løyvd inntil kr 500 000 til prosjektet Næringsutvikling i Nordhordland frå budsjettet for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland.

Målet med prosjektet er å få fram kunnskapsgrunnlag om behov for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland, minst fram til 2030. Resultata av utreiinga vil bli gitt ut i ein rapport som blir gjort allment tilgjengeleg. Den vil tentativt innehalde eit ca. 10-siders samandrag og om lag 60 sider tekst. Rapporten blir gitt ut digitalt. Universitetet i Bergen ved institutt for geografi leiar prosjektet

Saman med erfaringar frå utprøving av alternative opplæringsmodellar gir dette eit utvida kunnskapsgrunnlag for moglegheiter og behov i regionen.

Delprosjekt 1.5 «Inntak og tilbodssstruktur» i samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland leverer sine tilrådingar til prosjektleiar 1. juni 2019, og vil tilrå tidspunkt for gjennomgang av ny skulestruktur i Vestland fylkeskommune.



Notat

Dato: 11.02.2019
Arkivsak: 2018/12797-3
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Fylkesutvalet, Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Kjønnsnøytral tittel på øvste leiar

Fylkestinget gjorde i møte 12. desember 2018, sak 116 Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune m.a. slikt vedtak:

«Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen endras frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel. Fylkesutvalet ber rådmannen leggje fram ei sak til behandling i fylkestinget i mars 2019.»

Frå 1. januar 2020 vert den nye kommunelova sett i verk. I §13 iden komande lova er administrasjon og -leiing omtala. I § 13-1 Kommunedirektør. Myndighetet og oppgaver, heiter det m.a.:

«Kommunestyret og fylkestinget ansetter selv en kommunedirektør, som skal være leder av kommunens og fylkeskommunens administrasjon.»

Fylkesrådmannen er kjend med at det i regi av KS er i gang eit samordningsarbeid på dette feltet. Det har vore vurdert ulike nemningar utover det som er går fram ovanfor; fylkesdirektør, fylkeskommunedirektør, administrasjonssjef og direktør. KS sitt arbeid er ikkje avslutta.

Fylkesrådmannen er samd i at det bør vere kjønnsnøytral nemning for stillinga som øvste administrative leiar i fylkeskommunen, men meiner fylkestinget bør ta stilling til dette når KS har kome med si tilråding.

Slik fylkesrådmannen ser det, vil det vere naturleg at den kjønnsnøytrale nemninga vert teken i bruk ved oppstart av Vestland fylkeskommune og at det nye fylkestinget gjer vedtak om dette. I tid vil dette også samsvare i stor grad med at den nye kommunelova tek til å gjelde.

PS 4/19 Interpellasjonar/spørsmål

Fra: Folkevalde (folkevalde@hfk.no)

Sendt: 14.02.2019 09:19:46

Til: Silje Lyngstad

Kopi:

Emne: VS: Interpelasjon

Vedlegg:

Fra: Astrid Aarhus Byrknes <astrid.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no>

Sendt: onsdag 13. februar 2019 13:59

Til: Folkevalde <folkevalde@hfk.no>

Kopi: Pål Kårbø <Pal.Karbo@hfk.no>

Emne: Interpelasjon

INTERPELLASJON FYLKESTINGET 5 og [6.3.2019](#)

Eg har følgjande interpelasjon til fylkestinget i mars.

Fylkesordførar!

Innleiing

På Fellesnemnda sitt møte i Førde 19.desember i fjor handsama fellesnemnda prinsipp for opptak til vidaregåande skule i nye Vestland i sak 56/18 "Inntak i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - overordna prinsipp for inntak – DP 1.5.

Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak i to punkt:

1. *Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbodsstruktur og inntak.*
2. *Prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019.*

Eg stiller meg difor spørsmålet om fylkesordføraren meiner det er rett at fellesnemnda som er forankra i Inndelingslova, skal gjera endeleg vedtak i ei så viktig prinsipiell sak. Det er mange som er opptatt av dette tema – noko som også har vist seg att i dei dialogmøter som har vore avholdt den siste tida, seinast på Vidsyn i Gulen kommune 7.2.19.

Eg viser til Inndelingslova:

«§ 26. Fellesnemnd

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det oppretta ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuininga av samanslåinga eller delinga. Vidare står det : « Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld. Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»

Eg kan ikkje sjå at der er noko i mandatet eller reglementer gitt av fylkestinga som tilseier at Fellesnemda kan eller skal gjere vedtak i slike prinsipielle spørsmål som korleis inntaksområda i den vidaregående skulen skal vere.

Fellesnemda bør etter mi meinig vere mest mogleg eit organ der altså hovudoppgåva er å slå saman og få ein god prosess organisatorisk og administrativt . Politikken som gjeld tenestene – og organsieringa av desse, nye planar etc..bør leggjast til det nye fylkestinget.

Eg stiller meg difor spørsmålet og ber fylkesordfører svare – reflektere omkring følgjande:

1. Burde ikkje Fellesnemnda lagt til rette for at dette som går på inntaksområde eller inntak i den vidaregående skulen i Vestland fylke vore avgjort i det nye Fylkestinget?

Partiene arbeider i desse dagar med sine program for ny fylkestingsperiode. Det er her ein gir uttrykk for og og handsamar politikken ein vil ha gjennomført.

Eit så viktig og prinsipielt tema som opptaksområde i den vidaregåande skulen burde fått ein breiare prosess og debatt og lagt til det nye fylkestinget. Korleis vil fylkesordfører legge til rette for det?

Mvh
Astrid Aarhus Byrknes
KrF

Sendt fra min iPhone

PS 5/19 Ymse



Arkivnr: 2014/927-21

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	22/19	20.02.2019
Fylkestinget	6/19	05.03.2019

Finansforvaltninga i 2018

Samandrag

I saka vert det gjeve oversyn over fylkeskommunen si lånegjeld, vurdert opp mot krava i finansreglementet. Vidare finn ein oversyn over bankinnskot og omtale av renteinntekter og -utgifter.

Fylkeskommunen si lånegjeld auka med 252 mill. kr i 2018 og utgjer 10 725,3 mill. kr. Netto gjeldsgrad er 109,4 % av inntektene.

Renta er bunden på 51,7 % av lâneporteføljen.

Økonomi: Finansforvaltninga er viktig for fylkeskommunen sin økonomi. I denne saka vert det berre orientert om det som har skjedd i 2018. Ingen nye tiltak.

Klima: Ikkje aktuelt

Folkehelse: Ikkje aktuelt

Regional planstrategi: Ikkje aktuelt

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2018 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Finansforvaltninga i 2018 - rapport frå BCM

Fylkesrådmannen, 11.02.2019

Lånegjeld

Følgjande oversyn viser korleis gjelda har utvikla seg i 2018:

(Beløp i tabellane for lån er oppgitt i mill. kr.)

	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt
Lånesaldo 1. januar	10 473,3	176
Nye låneopptak i 2018	875,0	
Avdrag	620,0	31
Avdrag ført i investeringsrekn. *	3,0	
Overtekte av Ferde AS		145
Lånesaldo 31. desember	10 725,3	0

* Motteke avdrag på utlån er nytta til å nedbetale fylkeskommunen sitt innlån.


Pr. 31.12.2018 består fylkeskommunen sin låneportefølje av 29 lån på vel 10,7 milliardar kr. Gjelda har auka med 252 mill. kr i 2018.

Lån til bompengeprosjekta Stordalstunnelen og Årsnes ferjekai er overtekne av Ferde AS.

Eit nøkkeltal som ein har hatt fokus på dei siste åra er netto gjeldsgrad. Dette nøkkeltalet har gått ned frå 113,4 % til 109,4 %. Sjølv om gjelda har auka noko siste året, har inntektene hatt ein vesentleg sterkare vekst. Noko av inntektsauken er reell, som t.d. havbruksmidiane som fylkeskommunen fekk i 2018. Men noko skuldast tekniske endringar. Overgang frå netto- til bruttokontraktar for ferjedrifta er med å blåse opp både inntekts- og utgiftssida. Denne omlegginga vil få særleg stort utslag i 2020. Det er også ei påminning om at nøkkeltal ikkje alltid fortel den heile og fulle sanninga.

Låna fordeler seg slik på ulike typer lån:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 451,0	22,9 %
Obligasjonslån	12	5 215,0	48,6 %
Kommunalbanken/KLP	10	3 059,3	28,5 %
Totalt	29	10 725,3	100,0 %



Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane opptrer som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

Forvalting av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det sagt at "Låneporteføljen skal vera diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding." Det er vidare bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente. Ein har sett grensa ved 1 år, slik at berre lån som har meir enn 1 år igjen av bindingstida er definerte som fastrentelån.

	31. des. 2017		31. des. 2018	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med fast rente	5 616,0	53,6 %	5 540,0	51,7 %
Lån med flytande rente	4 857,3	46,4 %	5 185,3	48,3 %
Totale lån	10 473,3	100,0 %	10 725,3	100,0 %

Av tabellen går det fram at 51,7 % av gjelda har fast rente.


10 lån på til saman 4 175 mill. kr er tekne opp med fast rente. I tillegg har ein inngått rentebytteavtalar¹, som sikrar renta for lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,17 % pr. 31. desember. Dette er 0,05 % høgare enn ved førre årsskifte.

Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal i følgje reglementet vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Ved årsskiftet var gjennomsnittleg rentebindingstid 1,8 år.

Diagrammet nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 48,4 % av porteføljen vil få regulert renta i løpet av 2019. I løpet av dei 3 nærmeste åra vil 71,7 % av dagens låneportefølje få fastsett ny rente.




¹ Ved å nytte rentebytteavtalar kan ein endre samansettjinga mellom fast og flytande rente på låneporteføljen, utan å endre vilkåra for dei einskilde låna. Om ein t.d. har eit lån på 300 mill. kr med flytande rente, kan ein inngå avtale med ein bank om å motta flytande rente av 300 mill. kr og betale fast rente av same beløpet. Fylkeskommunen vil etter dette både betale og motta flytande rente av 300 mill. kr, og endar opp med netto å betale fast rente av lånesummen.

Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporbeføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Diagrammet nedanfor gjev oversyn over kor stor del av låneporbeføljen som må refinansierast kvart år.



Fylkeskommunen hadde ved årsskiftet 3 sertifikatlån med 3 månaders løpetid og 4 lån med 12 månaders løpetid. For dei tre låna med kortast løpetid har ein inngått «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken har teke på seg å fornye låna ved kvart forfall, vanlegvis over ein periode på 3 år. I denne perioden kan ein vere rimeleg trygg på at låna vil bli refinansiert.

Obligasjonslåna har løpetider på 3 – 10 år. Kommunalbanklåna har løpetider på 10 år eller meir. Eit måltal på dette er gjennomsnittleg kapitalbinding, som no er 2,9 år. Det vil seie at det i gjennomsnitt tek 2,9 år før låna i porteføljen må refinansierast.

I tabellen nedanfor er ein spesifikasjon av alle lån som har forfall i 2019:

Dato	Låntype	Beløp	Kommentar
30.01.2019	Sertifikat 30.10.2018 - 30.01.2019	345	Rulleringsavt.
14.02.2019	Obligasjonslån 2014-2019	400	
22.02.2019	Sertifikat 22.11.2018 - 22.02.2019	340	Rulleringsavt.
26.02.2019	Kommunalbanken 2009/2019	265	Avdrag
15.03.2019	Sertifikat 16.03.2018 - 15.03.2019	390	
28.03.2019	Sertifikat 28.12.2018 - 28.03.2019	221	Avdrag
07.06.2019	Sertifikat 08.06.2018-07.06.2019	335	
11.06.2019	Obligasjonslån FRN 2016/2019	450	
14.10.2019	Obligasjonslån FRN 2016/2019	360	
25.10.2019	Sertifikat 26.10.2018 - 25.10.2019	350	
22.11.2019	KBN sertifikatvilkår 23.11.18 - 22.11.19	470	
Total		3 926	

Det er tre langsiktige lån som skal refinansierast i 2019. Eit lån i Kommunalbanken og eit av sertifikatlåna tek ein sikte på å innfri som del av årets budsjetterte avdrag.

Likvidar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar pr. 31. desember:

	2017	2018
Pengemarknadsfond	126 877	128 603
Ordinære bankinnskot	768 015	650 569
Skattetrekksmidlar	116 879	117 622
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihamner og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rulling av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljørørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å styrkja samarbeidet kring rulling av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

Røysting

Innstillinga var samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Kvamme sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnarar.

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnarar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihamner og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rulling av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljørørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.

6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å stykja samarbeidet kring rullering av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.01.2019

Bakgrunn

Under handsaming av sak om «*Aksjonærinvitasjon til Hordfast AS – Organisering av store samferdselsprosjekt i Hordaland*», gjorde fylkestinget i oktober 2018 m.a. slikt vedtak (PS-sak 93/2018):

1. *Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koalisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i prioritert rekjkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.*
2. *Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er sluttført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.*
3. *Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdselprosjekt til raskare realisering.*
4. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019.*

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om organisering av interessehevdingsarbeidet, jf pkt 4 ovanfor, men legg til grunn at endleg fastsetjing av organisering av dette arbeidet må skje i Fellesnemda for Vestland fylkeskommune.

Myndighetsarbeid og partskontakt

Eit sentralt premiss er at fylkeskommunen bør ta leiarteroia i myndighetsarbeidet, og dermed å samordne arbeidet med andre sentrale aktørar i fylket. Det er følgjeleg to viktige delar i dette arbeidet:

- Myndighetsarbeidet opp mot sentrale styresmakter, dvs Storting, Regjering, departement og direktorat.
- Parts kontakt og koordinering av interessehevdingsarbeidet med andre sentrale aktørar i fylket, som kommunar, regionråd, arbeids- og næringslivorganisasjonar og andre organisasjonar.

I interessehevdingsarbeidet er særleg NTP-prosessen sentral. NTP er ikkje berre eit dokument for prioritering av dei viktigaste vegprosjekta og for rammer for byvekstavtaler, men er også eit dokument for den generelle samferdselspolitikken. Hovudvekta av interessehevdingsarbeidet innan samferdsel må vere knytt til NTP-prosessane. I NTP-arbeidet legg staten også opp til medverknadsprosesser som fylkeskommunen følgjer.

Vidare er det viktig å arbeide for at fylkeskommunen har gode rammevilkår innan dei fylkeskommunale ansvarsområda. Særleg er det viktig å arbeide for at fylket skal kunne redusere det samla etterslepet og at det vert tilstrekkelege rammevilkår for utvikling av kollektivtrafikken. Finansiering av det grøne skiftet innan kollektivtrafikk og ferje, samt rassikring på fylkesvegane, er også viktige tema. For fylkeskommunale rammevilkår er særleg kommuneproposisjonen og dei årlege statsbudsjettet sentrale.

På prosjektnivå for store samferdselsprosjekt har fylkeskommunen saman med kommunane og lokalt næringsliv ei oppgåve i å ivareta lokal og regionale omsyn i planlegging. Vidare har fylkeskommunen saman med dei aktuelle kommunane og Statens Vegvesen ansvar for å avklare finansiering av større vegprosjekt, under dette å fremje bompengesøknad til Stortinget.

Ny prosess for NTP 2022-33

Tidlegare år var NTP-prosessen lagt opp slik at transportetatane la fram eit grunnlagsdokument som kom på høyring. Etter det la departementet fram ei melding om NTP for Stortinget. Det vart opphavleg lagt opp til slik planprosess i komande NTP også.

Sida nemnte vedtak vart gjort, er staten si organisering av Nasjonal transportplan 2022-33 endra. Samferdselsdepartementet har i brev datert 11. januar (sjå vedlegg) lagt opp til at Samferdselsdepartement tek over leiinga av arbeidet med NTP. Styringsgruppa for NTP blir leiar av samferdselsdepartementet ved departementsrådet, og består elles av ekspedisjonssjefane i departementet og verksemderleiarane i transportetatane (Statens Vegvesen, Jernbanedirektoratet, Kystverket, Avinor og Nye Veier).

Transportetatane skal ikkje lenger leggje fram eit grunnlagsdokument, men skal i staden få deloppdrag frå departementet. Både oppdrag til og svar frå verksemndene vil vere offentlege.

Det er i tillegg oppretta ei politisk kontaktgruppe med KS, fylkeskommunane, dei største bykommunane og Sametinget leia av statssekretær i Samferdselsdepartementet.

Andre sentrale styremakter som Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, Sjøfartsdirektoratet og Miljødirektoratet skal trekkjast inn i NTP-arbeidet, og også andre styremakter når saker er relevante for desse. Det vil i tillegg bli invitert inn til innspelskonferansar for at ulike interessegrupper skal kome til orde i planarbeidet. På skrivande tidspunkt har departementet ikkje kome med ein tids- og møteplan for det vidare arbeidet. Det er difor på noverande tidspunkt ikkje klart om det blir ei eiga høyring knytt til NTP 2022-33.

Tidlegare organisering av NTP-prosessane og anna interessehevdingsarbeid

Ved førre NTP-rullering i Hordaland vart det oppretta ei styringsgruppe bestående av HFK, Bergen kommune, LO, NHO og Bergen næringsråd som utarbeida eit felles NTP-innspel etter ein prosess med ulike samarbeidsavtalar. Gruppa vart leia av fylkesordførar.

Sogn og Fjordane hadde ikkje same formaliserte prosess i samband med førre rulleringa av NTP, men hadde eit møte med kommunane under arbeidet.

Begge fylkeskommunane sendte brev til ulike aktørar i fylket og bad om innspel til høyringsframlegget. Begge deltok òg i høyring i transport- og kommunikasjonskomiteen i Stortinget.

Hordaland hadde følgjeleg ei meir formell organisering av samarbeid med andre aktørar i førre NTP-rullering enn Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette heng nok saman med at det er fleire aktørar i Hordaland som arbeider aktivt med myndigheitskontakt, m.a. Bergen kommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune har nok hatt ein sterkare posisjon når det gjeld å tale fylket sine interesser enn Hordaland. Ut over dette arbeider fylkeskommunane relativt likt med myndigheitsarbeidet og med NTP-prosessane. NTP-prosessane følgjer i stor grad det formelle løpet frå samferdselsetatane og regjering/Storting. Begge fylkeskommunane er vidare engasjert i myndigheitsarbeid nasjonalt, særleg gjennom KS og ulike andre nasjonale arenaer.

NTP legg elles dei nasjonale rammene for byvektavtalene, mens det er eigne forhandlingar og eiga styringsstruktur knytt til byvektavtalene/Miljøloftet

Vestlandsrådet er òg eit organ som arbeider med myndigheitskontakt og å tale fylka sine interesser inn mot sentrale styremakter både innan samferdsel og generelt. Vestlandsrådet gav ei eiga uttale til grunnlagsdokumentet til transportetatane. Denne kom i tillegg til fylkeskommunane si uttale. Vestlandsrådet har tidlegare hatt særleg fokus på ferjefri E39.

Ingen av fylkeskommunane har i særleg grad kome med uttale eller stilt på komitéhøyringar til statsbudsjett og kommuneproposisjonar. Begge fylkeskommunane har møte med sine stortingsbenkar. I Hordaland blir det arrangert eit årleg nyttårsmøte som er ein møteplass mellom sentrale aktørar i fylket og stortingsbenken.

KS er ein sentral plass for interessehevdingsarbeid der fylkeskommunane har felles interesser. Mykje av fylkeskommunane sitt interessehevdingsarbeid skjer gjennom ulike kollegium både på politisk og administrativt nivå.

Det er i tillegg ei rekke nasjonale nettverk som fylkeskommunane deltek i, der det er mogleg å drøfte og tale regionen sine interesser på administrativt nivå. Viktige arenaer er t.d. kollektivtrafikkforeninga og ulike nasjonale konferansar og møteplassar der tema er nasjonal politikk på samferdselsområdet. Samferdselssjefkollegiet i KS er og ei viktig arena for interessehevdingsarbeid på administrativt nivå.

Når det gjeld interessehevdingsarbeid for einskildprosjekt, var det tidlegare vanleg å opprette pådrivarselskap for store samferdselsprosjekt, som både hadde ansvar for å drive politisk interesseheving og å utarbeide bompengesøknad. Selskapa vart etter dette omdanna til bompengeselskap med ansvar for innkrevjing av bompengar. Modellen vart endra gjennom Stortinget sitt vedtak til Meld. St. 25 (2014-2015) På rett vei – Reformer i veisektoren. Dei regionale bompengeselskapa har no fått ansvar for å stå for innkrevjing av bompengar.

Grunna m.a. reforma av bompengesektoren, vart det i Hordaland oppretta kontaktutval. Kontaktutval kan bli sett på som ei form for prosjektorganisering for å arbeide fram samferdselsprosjekt. Dei kan inneha både rolla som pådrivar mot sentrale styremakter, og/eller rolla som å utforme ein bompengesøknad. Det er m.a. oppretta eit kontaktutval for Hordfast (E39 Stord-Os) og eit for Vossabana/E16 Arna-Voss. Det har dei siste to åra ikkje vore aktivitet i desse to kontaktutvala. Andre kontaktutval i fylket har vore reine styringsgrupper for bompengesøknader og for oppfølging av bompengepakkar.

Utanom dette deltek Hordaland og Sogn og Fjordane i ulike pådrivarselskap/organisasjonar. Desse arbeider for at eit prosjekt eller ei strekning vert prioritert i Nasjonal transportplan og i påfølgjande statsbudsjett på riksveg eller jernbanenettet. Dette er følgjande selskap/organisasjonar, som alle er fylkesovergripande:

- I/S Fjordvegen /S Rv 7
- Haukelivegen AS
- Stamvegutvalet (E16)
- Forum Nye Bergensbanen
- Nasjonal Rassikringsgruppe

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i tre av desse, I/S Fjordvegen, Stamvegutvalet og Nasjonal Rassikringsgruppe. Fylket har ikkje hatt tradisjonar for å organisere selskap for eigne prosjekt, og deltek ikkje i andre selskap/interesseorganisasjonar for samferdselsprosjekt.

For prosjekt som er under planlegging og utbygging, har det vore vanleg at samferdselstetane etablerer referansegrupper for prosjekt med fylkeskommunen på politisk og administrativt nivå, aktuelle kommunar og eventuelt andre. Gruppene er arena for å få informasjon ha dialog med etatane om samferdselsprosjekt. Dette kjem i tillegg til formelle høyringsprosessar i samband med kommunedelplanar og reguleringsplanar.

Moglege modellar for organisering av arbeidet med NTP-prosessane og anna interessehevdingsarbeid

I prinsippet er det fleire moglege modellar for organisering av interessehevdingsarbeidet, særleg knytt til korleis arbeidet med partskontakt vert organisert.

Høyrings- og innspelsmodellen: Dette inneber at fylkeskommunen bruker dei kanalane som blir etablerte i samband med NTP-prosessane som innspelsmøte, høyring av dokument samt høyring i Stortinget. Innspel frå partnarskapen kjem i innspelsmøte og gjennom moglegheit for skriftlege merknader.

Selskapsmodellen: Etablering av formelle selskap eller interesseorganisasjonar som arbeider for realisering av einskildprosjekt, eventuelt for heile strekningar. Denne modellen gir opning for å organisere partnarskapsarbeidet i ein formell samanheng, og er mest brukt for å fremje enkelte strekningar/vegparsellar.

Kontaktutvalsmodellen liknar på selskapsmodellen, men det vert ikkje oppretta eigne selskap. Samarbeidet har meir preg av å vere prosjektorganisert, i staden for at det blir oppretta eigne selskap.

Partnarskapsmodellen: Opprettiging av eit partnarskapsorgan/styringsgruppe for eit samarbeid med ansvar for prioritering mellom prosjekt, for koordinering av arbeidet samt for å drive pådrivararbeidet opp mot sentrale styremakter.

Modellane nemnt ovanfor kan sjølv sagt kombinerast. Høyrings- og innspelsmodellen er nok den mest vanlege, og blir brukt av alle fylker. Hordaland brukte altså ein partnarskapsmodell i førre periode, samstundes som både kontaktutval og selskap har vore brukte for å fremje einskildprosjekt.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Det er mange aktørar som har interesser i ulike samband. Dette er alt frå kommunane, næringslivet og deira organisasjonar og ulike interessegrupper som trafikantorganisasjonar, miljøorganisasjonar og lokale interesseorganisasjonar. Alle desse har legitime grunner til å ha meininger og påverke regionale politikarar. Samstundes er det viktig at aktørane i mest mogleg grad trekkjer i same retning, og at fylket sine prioriteringar er klare. Fylkeskommunen har som ansvarleg for regionalt utviklingsarbeid ansvar for å leie og koordinere dette arbeidet.

Med den nye organiseringa av NTP-prosessane og med overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane, er det all grunn til å tru at NTP blir eit enda viktigare politikkområde. Om Vestland fylkeskommune skal få større gjennomslag nasjonalt, kan dette krevje større ressursinnsats både politisk og administrativt.

Neste NTP skal etter planen bli vedteke i 2021, slik at vidare arbeid med organiseringa av arbeidet må skje i ein nærliggande dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune fram til dannninga av Vestland fylkeskommune. Denne saka er difor eit drøftingsgrunnlag, så må ein kome attende til Fellesnemda for endeleg fastsetjing av framtidig organisering av interessehevdingsarbeidet. Temaet krev og samtalar med aktuelle partnarar. Det har ikkje vore tid til å gjennomføre dette arbeidet, grunna dei endringsprosessane som finn stad med etablering av Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen meiner i utgangspunktet at det vil vere behov for å etablere ein overordna styringsstruktur for arbeidet som har ansvar for dei samla prioriteringane i Vestland fylke. I utgangspunktet meiner fylkesrådmannen at det vil vere fornuftig å vurdere å vidareføre den styringsgruppa som Hordaland oppretta i førre NTP-rullering, beståande av fylkeskommunen, Bergen kommune, LO, NHO og Bergen Næringsråd. Det er særleg viktig å ha ein aktiv dialog med Bergen kommune, som også deltek i Samferdselsdepartementet si politiske kontaktgruppe for NTP-arbeidet. Det må i tillegg vurderast korleis kommunar og nærings- og arbeidslivet sine organisasjonar skal inngå i arbeidet. NHO er pr i dag organisert i Vestland, slik at dei dekkjer begge fylka, mens LO etter det vi kjenner til vurderer det same. Bergen Næringsråd er ein viktig aktør innan interessehevdingsarbeid i Hordaland, og deira rolle må vurderast.

Det vil også vere behov for å ha eit formalisert samarbeid med kommunane. Det kan eventuelt skje gjennom regionråda. Korleis dette skal gjerast, må drøftast nærmare.

Samstundes ser fylkesrådmannen at ei slik organisering lett vil kunne bli oppfatta som for sterkt fokusert om Bergensområdet. Det er naudsynt å drøfte samansetting av eit eventuelt styringsorgan med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Transportetatane vil ikkje kunne delta i eit styringsorgan for interessehevdingsarbeid, men vil vere ein viktig samarbeidspart. Statens Vegvesen er også i ei omorganisering, og det vil frametter vere behov for å drøfte samarbeidsformar med dei. Det er behov for å koordinere aktiviteten i eit eventuelt partnarskapsorgan og dei referansegruppene dei har for dei einskilde planprosessane.

Vestland fylkeskommune vil i tillegg ha behov for å vurdere partnarskapsarbeid og myndigheitskontakt i ei rekke andre samfunnssektorar som regional utvikling, næring, skule osb. Det vil vere eit behov for å koordinere interessehevdingsarbeidet innan samferdsel med anna arbeid med sektorane. Det kan vere at eit eventuelt partnarskapsorgan kan ha andre oppgåver enn berre knytt til samferdsel, og det vil vere behov for å sjå arenautvikling på tvers av ulike sektorområde.

Ut i frå dette meiner fylkesrådmannen det vil vere behov for nærmare drøftingar med potensielle partnarar, og å fremje ei sak i Fellesnemda for Vestland fylkeskommune før endeleg organisering av dette arbeidet vert fastsett.



Arkivnr: 2017/15170-29

Saksbehandlar: Pål Kårbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget	9/19	05.03.2019

Oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak i sak PS 107/18 – Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Samandrag

I fylkestinget sitt vedtak i PS sak 107/18 var det ein heil del punkt som delvis skal følgjast opp av fylkesordførar og delvis av selskapet sjølv. Som ein konsekvens av at fung. fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen vart kjend uigild, er denne saka utarbeidd av politisk leiing. I saka vert dei punkta som skulle følgjast opp av fylkesordførar systematisk svara ut. Til sist i saka ligg også tilbakemeldinga frå styret i Grieghallen IKS når det gjeld deira oppfølgingspunkt.

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget syner til tilbakemeldinga på dei enkelte vedtektpunkta frå sak 107/18, og tek oppfølginga til vitande.
2. Fylkestinget godkjenner at selskapsavtalen vert endra på følgjande 2 punkt
 - a) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende"
 - b) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 5, siste ledd endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Representantskapet skal:

Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder

Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap

Velge revisor

Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer"
3. Kontrollutvalet følgjer selskapkontrollen vidare opp.

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Pål Kårbø
fylkesvaraordførar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesordføraren, 18.02.2019

Med bakgrunn i revisjonsrapport av september 2018, utarbeidd av revisjonsfirmaet Deloitte, ba fylkestinget i sitt vedtak av 12. desember 2018 fylkesordføraren syta for at forholda nedanfor vart handsama.

Fylkesordførar har bede fylkesvaraordførar følgje opp dei einskilde punkta i vedtaket.

På ovannemde bakgrunn er fylkestinget sitt vedtak fulgt opp slik det er gjort greie for under dei einskilde punkta nedanfor.

- 1. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid**
 - a. grunngjeving av val av styremedlemmar**
 - b. rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.**
 - c. registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister**

Grunngjeving for val av styremedlemmar.

Rapporten peiker på at Hordaland fylkeskommune har etablert system og rutinar for oppfølging av eigarskapa sine i form av ei eigarskapsmelding og ein overordna eigarstrategi, der KS sine tilrådingar for god eigarskapsforvaltning og selskapsleiing er lagt til grunn. Det er også etablert rutinar for administrativ oppfølging av selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, gjennom mellom anna eit administrativt eigarforum og utpeiking av tilsette som får eit eige oppfølgingsansvar for dei ulike selskapa. Vidare vert det peika på at det for Grieghallen IKS ikkje har vore særleg naudsynt med administrativ oppfølging. Dette er forklart med at det ikkje har vore trong for særskild oppfølging på grunn av selskapet si verksemd og selskapet si eigenart.

Deloitte peikar vidare på at det ikkje føreligg ei skriftleg og dokumenterbar grunngjeving for val av medlemmar til styret i selskapet. Det vert understreka at det kan vere behov for å synleggjere kva prinsipp og kva vurderingar som ligg til grunn for val av styremedlemmar i selskapet og korleis fylkeskommunen som eigar vil handtere at eit styremedlem er uigild på grunn av at vedkommande har ein leiande stilling i fylkeskommunen (konstituert fylkesrådmann).

Når det gjeld det siste forholdet så er det allereie endra ved at det er gjennomført val av nytt styremedlem. Det var aldri meininga at fylkeskommunen sin øvste administrative leiar skulle vere styremedlem i selskapet. Denne dobbeltrolla oppstod då styremedlemmet vart konstituert i stillinga som fylkesrådmann som følgje av ei mellombels endring i fylkesleiinga som ledd i regionreforma.

Val av styremedlemmer i selskap kor fylkeskommunen har eigarinteresser reiser både prinsipielle selskapsrettslege og politiske spørsmål.

På møtet den 12. mars 2013 gjorde fylkestinget vedtak (sak 17/2013) om mellom anna å: "*Utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast (jf punkt 4 i fylkestingsvedtak 02/08)*"

Ein minner om at det i Hordaland fylkeskommune, i samband med konstituering etter fylkestingsval, vert oppnemnd ei valnemnd som gjev innstilling til fylkestinget i saker om val der avgjerd er lagt til fylkestinget. Oppnemning av styrerepresentantar skjer i påfølgjande fylkesting. I selskap kor fylkeskommunen berre er deleigar vil denne fylkeskommunale valnemnda koordinera og samordna sine framlegg med dei selskapsrettslege organa i dei einskilde selskap. Nokre aksjeselskap har til dømes sin eigen valkomite som avgjer framlegg til generalforsamlinga. I selskap som er 100 % eigde av fylkeskommunen, er tilsette i fylkeskommunen i nokre tilfelle valde som styremedlemmar i selskapa. Dette gjelde i hovudsak selskap utan tilsette som har administrative føremål og som ikkje har noko utprega strategisk rolle eller sentral politisk eller samfunnsmessig oppgåve.

Den politiske handsaminga av styresamansettning i selskap kor fylkeskommunen har eigarinteresser har først og fremst vore knytta til spørsmålet om ein skal nytta folkevalde representantar i slike styreverv.

Når det konkret gjeld Grieghallen IKS så ligg kompetansen til å velje styremedlemmar i selskapet til representantskapet. Representantskapet består av to medlemmar, eit medlem frå kvar av dei to eigarane (Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune). Medlemmane har ei stemme kvar. Selskapsavtalen for Grieghallen IKS har ikkje føresegner om valnemnd eller andre sakshandsamingsreglar for val av styremedlemmar i selskapet.

Formelt inneber det ovannemnde at Hordaland fylkeskommune ikkje åleine kan bestemme samansetninga av styret i selskapet. Grunngjevinga for samansetjing og val av styremedlemmar vil kunne framgå av representantskapet sin møteprotokoll eller vedlegg til denne. Hordaland fylkeskommune som eigar vil også kunne gje ei nærmare grunngjeving for sine tilrådingar for val av styremedlemmar. I prinsippet vil det vere fylkeskommunen sitt medlem i representantskapet (p.t. fylkesordføraren) som må utarbeide og stå ansvarleg for denne. Det vert tilrådd at fylkeskommunen sitt representantskapsmedlem ber fylkesadministrasjonen utarbeide framlegg til val av styremedlemmar, og ei nærmare grunngjeving for dei kandidatane som vert føreslått.

Reint praktisk vert det laga sakhandsamingsrutinar som inneber at den tilsette i fylkeskommunen sin administrasjon, som har fått tildelt ansvar for Grieghallen IKS, i god tid før styreval og i nær dialog med fylkeskommunen sitt representantskapsmedlem, utarbeider ei oversikt med tilråding om val av nye styremedlemmar i selskapet. Dette vil sikra at ein følgjer opp dei generelle retningslinene som framgår av KS og fylkeskommunen sine tilrådingar, samstundes som ein ivartek dei formelle selskapsrettslige krava og uavhengigheten og ansvaret som ligg til fylkeskommunens representantskapsmedlem.

Regionalavdelinga ved regionaldirektør får i oppgåve å utarbeide generelle sakhandsamingsrutinar og syte for at desse også vert implementert for Grieghallen IKS frå og med neste styreval.

Frist: [Juni 2019]

Rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.v.

Når det gjeld årsplanar og instruksar for styret sitt arbeid er dette noko som styret normalt utarbeider sjølv. Grieghallen IKS er eit selskap med avgrensa føremål og selskapet er skipa for å vera eit verktøy for å sikre finansieringa av eit større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid. Behovet for formelt planverk må derfor tilpassast dei konkrete tilhøva for dette selskapet.

I rapporten frå Deloitte kjem det fram at både styremedlemmene og representantene for Hordaland fylkeskommune som er intervjua, i det store og heile er nøgde med styret sitt arbeid, arbeidsfordeling, møtefrevensar, sakhandsaming og drifta av selskapet.

Det kan likevel vera naudsynt å klargjera denne praksisen slik at den vert følgt i konkrete skriftelege rutinar, planar og instruksar. Dette vil også koma seinare styremedlemmar til gode.

Hordaland fylkeskommune har på grunnlag av si eigarrolle og forvaltninga av eigarinteresser i heil- og deleigde selskap nokre døme på generelle årsplanar, instruksar for styrearbeid samt modellar for evaluering av styret sitt arbeid.

Regionalavdelinga ved regionaldirektør vil i forståing med den andre eigaren og i dialog med styret i Grieghallen IKS sørge for at det vert utarbeidd eit sett med planar og instruksar som er tilpassa verksemda i Grieghallen IKS.

Frist: [Juni 2019]

Registrering av styreverv i KS sitt styrevervsregister

Kommunenes Sentralforbund (KS) har laga eit webbasert register¹ for registrering av styreverv og økonomiske interesser. Registeret er meint å skulle gje "oversikt over folkevalgtes, ansattes og styremedlemmers verv og økonomiske interesser".

Registrering av opplysningar i registeret er frivillig. Dette gjeld særleg for eksterne styremedlemmar.

Det same gjeld i prinsippet også for tilsette i fylkeskommunen som er valde som styremedlem i selskap kor fylkeskommunen har eigarinteresser. I begge tilfelle vil det kunne gjevast ei sterk oppmoding om slik frivillig registrering.

Det er allereie i byrjinga av januar sendt ei oppmoding frå fylkesvaraordførar til styret om å foreta registrering av relevante opplysningar i styrevervsregisteret.

¹ styrevervregisteret.no

Dette punktet er eigentleg «lukka», men **Regionalavdelinga ved regionaldirektør** får i ansvar å ettergå dette og evt purre om naudsynt.

Frist: [Juni 2019]

2. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med intkomsel. § 4

Lov av 29.1.1999 nr 6 om interkommunale selskap ("interkoml") fastset i lovas § 4 at det for interkommunale selskap skal oppretta ein skriftleg selskapsavtale. For dei einskilde deltagarane skal kommunestyret eller fylkestinget sjølv vedta avtalen. Endringar i selskapsavtalen som gjeld forhold omhandla i lovas tredje ledd må på same måte vedtakast av fylkestinget. I lovas § 4, tredje ledd nr 5 framgår det at selskapsavtalen skal innehalde bestemmelse om tal på styremedlemmar. Det framgår av Deloitte-rapporten side 17 og side 20 at representantskapet i Grieghallen IKS, i mai 2017, vedtok å redusera talet på styremedlemmar frå fem til tre medlemmar. Endringa vart ikkje godkjend av Foretaksregisteret, idet registeret peikar på at ei slik endring krev handsaming og godkjenning i fylkestinget, jf interkoml § 4.

Når ein tek omsyn til selskapets sitt føremål og den begrensa aktiviteten i selskapet har representantskapet vurdert det slik at det er tilstrekkeleg at styret har 3 medlemmar.

Den andre deltagaren i Grieghallen IKS, Bergen kommune, fremja på ovannemnde bakgrunn ei sak for bystyret i desember 2018 med framlegg om å endre § 6 selskapsavtalen for det interkommunale selskapet. I sak 295/18 gjorde Bergen bystyre følgjande vedtak om endring av selskapsavtalen si § 6:

Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.

Dei kompetente organa hjå begge deltagarane i selskapet (Bergen bystyre og Hordaland fylkesting) må treffen likegjande vedtak for at endringa skal vera bindande og kunne registrerast i Foretaksregisteret. Vedtaket gjort av Bergen bystyre i desember 2018 ivaretok dei innvendingane som kjem til uttrykk i Deloitte-rapporten. Det vert difor gjort framlegg om at fylkestinget i Hordaland treff slike likegjande vedtak om å redusera antal styremedlemmar frå 5 til 3.

Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal ha slik ordlyd:

Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende

3. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellan anna når det gjeld formulering av varamedlemmer, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).

- a) Representantskapet veljer styreleiar og nestleiar

I Deloitte-rapporten (side 18) er det peika på at det ikkje er samsvar mellom einskilde føresegner i selskapsavtalen og den praksis som er fulgt av deltagarane og organa i selskapet. Dette gjeld den praksis som er fylgd for val av styreleiar og val av varamedlemmar til styret.

Selskapsavtalen for Grieghallen IKS fastset (§ 6, tredje ledd) at "Styret velger selv styreleeder og nestleder".

Siden 2013 er styreleiar vald direkte av representantskapet.

I lov om interkommunale selskap, § 10, tredje ledd, er det bestemt at "*Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalet at valget foretas av styret selv*".

For Grieghallen IKS er det såleis samsvar mellom lovas normalordning og den praksis som har vært fylgd for val av styreleiar. Det må leggjast til grunn at dei to deltakarene (representantskapet) har fylgd ein praksis som reflekterer eigarane si forståing av kva som utgjer den beste løysinga for styring av selskapet. Ved å legge kompetansen til val av styreleiar og nestleiar til representantskapet sikrar ein også at dei to deltakarane i selskapet får direkte kontroll med dei ulike posisjonane i styret.

Som nemnd er dette også i samsvar med lovas normalordning. Dette støtter at ein endrar selskapsavtalet i tråd med den faste praksis som har vært fylgd i selskapet heilt sidan skipinga i 2013.

Det vert difor gjort framlegg om at fylkestinget i Hordaland treff vedtak om endring av selskapsavtalet punkt 5, siste ledd som etter endringa skal ha slik ordlyd:

Representantskapet skal:

Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder

Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap

Velge revisor

Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer

b) Val av varamedlemmer til styret

Gjeldande versjon av selskapsavtalet har i tillegg ei føresegns (§ 6, siste ledd) om at "*Representantskapet skal velge styrets medlemmer med varamedlemmer*". Det er i Deloitte-rapporten opplyst at føresegna som gjeld val av varamedlemmar til styret skal ha blitt endra i 2013 uten at den aktuelle føresegna i selskapsavtalet er retta opp. Det kan reisast spørsmål om endring av føresegna i selskapsavtalet om at representantskapet skal velje varamedlemmar til styret høyrer til dei spørsmåla som krev vedtak i høvesvis Bergen bystyre og Hordaland fylkesting.

Sett i samanheng med at ein reduserer antalet styremedlemmar frå 5 til 3 vil styret bli noko meir sårbart ved sjukdom og forfall av andre grunnar. Det vert difor lagt til grunn at ein bør oppretthalde selskapsavtalet si regulering med val av varamedlemmar til styret. Ein tenkjer seg ikkje at slike varamedlemmer skal møte i styret i andre tilfelle enn der det faste styremedlemmet melder forfall.

Det vert difor ikkje gjort framlegg om endringar i selskapsavtalet sine føresegner om at det skal veljast varamedlemmar til styret.

Regionalavdelinga ved regionaldirektør vil i samråd med fylkeskommunen sitt representantskapsmedlem syte for at det vert fremja sak om val av varamedlemmar til styret på neste ordinære møte i representantskapet.

Frist: [Juni 2019]

Når det gjeld framlegg til endringar omtala ovanfor i punkt a) og b) har det, på administrativt nivå, vore kontakt med den andre deltararen i Grieghallen IKS, Bergen kommune. Bergen kommune er samd i dei framlegga til endringar i selskapsavtalet som vert foreslått. Kommunen si administrative leiing vil førebu ei sak der det vert fremja sak om likelydane vedtak i Bergen bystyre.

4. **Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.**

Dei einskilde tilrådingane i Deloitte-rapporten er handsama i punkta 1 – 3 ovenfor. Det er også gjort greie for når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Grieghallen IKS

Postboks 7700

5020 Bergen

5.2.2019

Hordaland fylkeskommune

Fylkesvaraordfører Pål Kårbo

Postboks 7900

5020 Bergen

Oppfølging av selskapskontroll, Grieghallen IKS

Styret i Grieghallen IKS har i møte 1. februar drøftet hvordan vi best kan følge opp tilrådingene fra revisjonsselskapet Deloitte AS og fylkestingets vedtak av 13. desember 2018.

Før vi kommenterer de ti enkeltpunktene som er nevnt i fylkestingets vedtak vil vi gjerne på generell basis si noe om selskapets unge historie og virksomhet så langt i livet.

Det hele startet med et meget omfattende og godt saksdokument som ble parallel-behandlet i bystyre og fylkesting i 2013. Dette saksdokumentet var grunnlaget for etableringen av Grieghallen IKS sommeren 2013. Her ble prosjektets finansielle ramme fastlagt, - og kostnadsdelingen mellom de fire ulike samarbeidspartene; Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Grieghallen AS. Vedtakene i fylkesting og bystyret forutsatte at Grieghallen AS skulle stå for utarbeidelsen av det omfattende avtaleverket som vi skulle gå inn i. Først i slutten av november 2013 kom vi i mål med det omfattende avtaleverket som ligger til grunn for etableringen av Grieghallen IKS og i tråd med forutsetningene i fylkestingets vedtak.

Grieghallen IKS' tidlige fase var også preget av å finne den beste finansieringen av prosjektet, samt få til et effektivt fungerende prosjektregrnskap i samarbeid med Grieghallen AS. I ettertid kan vi konstatere at vi i hele denne perioden hadde god kontroll på prosjektets fremdrift og økonomi. Den lille økonomiske overskridelsen i prosjektet ble i sin helhet dekket inn av Grieghallen AS.

Ved vår inntreden i Grieghallen åpnet det deg også mulighet for å få tilbakeført merverdiavgift som Grieghallen AS kun hadde fått 50% refundert. De resterende 50% utgjorde ca 14 millioner kroner. Etter lov om merverdiavgifts justeringsrett klarte vi å få dette på plass etter langvarig prosess mot Skatteetaten. I tillegg til mva-problematikken hadde vi også en juridisk prosess mot Skatt vest vedrørende selskapets fritak for beskatning.

I 2016 ble ombyggingsprosjektet ferdigstilt og Grieghallen IKS kunne gå inn i en mer forutsigbar driftsfase. I dag er vi inne i det vi kan kalte selskapets forvaltningsfase. Vår oppgave er relativt begrenset. Vi skal ikke, i motsetning til tradisjonelle selskaper, drive med produktutvikling eller markedsutvikling for å optimalisere et økonomisk resultat. Vi har derimot i vår selskapsavtale § 4 at vi ikke har et ervervsmessig formål. Alle kostnader ut over de finansielle kostnadene som er avtalebestemt fordelt mellom de tre offentlige deltakerne i prosjektet, dekkes inn av Grieghallen AS. Teoretisk skal alle våre regnskaper gi et null-resultat, - noe som også har vært tilfelle.

Så til ti-punktlisten:

1. *Innkalling til representantskapsmøtene i samsvar med IKS-lov §8 og selskapsavtalen.*
Representantskapet består av fylkesordfører og byrådsleder. Disse vil i kommende representantskapsmøter bli innkalt med 14 dagers varsel. Praksis tidligere år har vært å be byrådsleder eller fylkesordfører å finne et passende tidspunkt for avholdelse av representantskapsmøtet.
2. *Utarbeide økonomiplan i samsvar med IKS-lov §20*
Vi vil i løpet av våren utarbeide en økonomiplan basert på en tre-årlig framskriving av årsbudsjettet korrigert for rentereduksjoner som følge av nedbetaling av lånene.
3. *Sikre rettidig behandling av budsjett og regnskap i samsvar med IKS-lov §18.*
Vi vil bestrebe å få ferdigbehandlet årsregnskaper i tråd med lov om interkommunale selskaper. Regnskap og budsjett er normalt ferdig fra vår side i månedsskiftet januar/februar. Vi er imidlertid tidmessig avhengig av revisjonen fra selskapets revisor Deloitte.
4. *Formalisere rollen som arbeidende styreleder.*
Styreleder har i de vanskelige oppstartsårene påtatt seg langt mer enn det som vil være forventet av en styreleder. Dette ble tilgodesett med et ekstra honorar som arbeidende styreleder. I dagens forvaltningsfase vil vi i løpet av første halvår drøfte en formalisering av rollen, basert på dagens arbeidsdeling mellom styreleder og daglig leder.
5. *Formalisere avtaleforholdet til innleid daglig leder.* Styret vil formalisere avtaleforholdet i løpet av første halvår 2019.
6. *Arbeidsprosesser.*
En vil samtidig også utarbeide skriftlige rutiner for de viktigste arbeidsoppgavene i selskapet etter at selskapet nå er kommet i en normal forvaltningsfase.
7. *Rapportering vedrørende vedlikehold av Grieghallen.*
Grieghallens IKS har god dialog med ledelsen i Grieghallen AS vedrørende byggets tekniske status. Vi vil i tillegg be AS'et om årlig tilbakemelding på vedlikehold.
8. *Tinglyse uråderett*
Styret har vurdert det som lite formålstjenlig å tinglyse en uråderett knyttet til eiendommen.
9. *Vurdere hvorvidt selskapet trenger både daglig leder og arbeidende styreleder.*
Styret har vurdert det positivt at selskapet har hatt en arbeidende styreleder i tillegg til daglig leder. Totalt sett er administrasjonen liten. Den er også blitt redusert med 40% i forhold til de første årene. At to personer er kjent med alle selskapets forhold har gjort oss mindre sårbar i tilfelle en av partene skulle falle fra. I løpet av noen år, - når selskapet har «satt seg» ytterligere, vil det være formålstjenlig å vurdere en annen administrativ modell for selskapet. Bergen kommune v/byrådsleder har i alle år stilt kontor og deler av nødvendig infrastruktur til selskapets disposisjon. Selskapets regnskapsprogram inklusiv datamaskin og skriver er innkjøpt av daglig leder.
10. *Vi betrakter de ni ovennevnte punktene som en handlingsplan som vil bli fulgt opp av daglig leder og styreleder i første halvår 2019.*

1 c)

I tillegg til de ti ovennevnte punktene så er styret anmodet om å registrere styrevervene i KS sitt styrevervregister. Dette vil bli gjort når nødvendige registreringer i Brønnøysundregistrene er ferdigstilt. Dette kan først bli gjennomført når vedtak i fylkesting og bystyret har endret selskapsavtalens paragraf om antall styremedlemmer. Da først vil selskapsavtalen kunne bli oppdatert og styret registrert i Brønnøysund.

KS styrevervregister henter opplysninger fra Brønnøysund. Å slutte seg til styrevervregisteret til KS forutsetter dessuten vedtak om dette i kommunestyret/fylkestinget.

Hvis det er ønskelig å utdype deler av Grieghallens nåværende struktur/administrasjon så vil både styreleder og daglig leder stille seg positiv til et eventuelt møte med fylkeskommunens kontrollkomite.

Vennlig hilsen

Grieghallen IKS



Jan Otto Evjen



Arkivnr: 2017/2535-5

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	5/19	11.02.2019
Fylkestinget	10/19	05.03.2019

Årsmelding for kontrollutvalet for 2018

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2018. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å tilbakemelde til fylkestinget, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjever, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er sluttført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til fylkestinget. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at fylkestinget godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 11.02.2019

Handsaming i møtet

Forslag til innstilling vart samråystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

1 Forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2018



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

KONTROLLUTVALET

i

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

ÅRSMELDING 2018



Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Foto: Hogne Haktorson

Innhold

1.	Om kontrollutvalet.....	3
2.	Fakta om verksemda i 2018.....	4
3.	Måla til kontrollutvalet.....	4
4.	Opplæring av kontrollutvalet og andre.....	4
5.	Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS.....	4
6.	Revisjon av kontrollutvalet sine rekneskapar	5
7.	Sekretariat for kontrollutvalet	5
8.	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	5
9.	Kontrollutvalet til Voss.....	5
10.	Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen	5
11.	Rekneskapsrevisjonen	6
12.	Kontrollutvalet si rolle i høve regionreforma	6
13.	Gjennomførte forvaltningsrevisjonar	9
14.	Gjennomførte selskapskontrollar	15
15.	Andre saker	18
	OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR OG SELSKAPSKONTOLLAR	19
1.	Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid	19
2.	Forvaltningsrevisjon av skuleskyssordninga.....	20
3.	Selskapskontroll av Hardanger AKS AS	20
4.	Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i	21
5.	Forvaltningsrevisjon av NDLA 2	22
5.1.	Forvaltningsrevisjon av NDLA til Økokrim.....	23
6.	Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2	23
7.	Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar	24
8.	Selskapskontroll av Hordaland Teater LL	25

1. Om kontrollutvalet:

Lovgrunnlag

Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.09.1992 (kommuneloven) § 77, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 15.06.2004, med heimel kommunelova § 77 nr. 11, "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner".

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga på vegne av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sitt tilsyn og kontroll vert gjort m.a. ved at:

- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvalningsrevisjon, selskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling frå utvalet
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om
- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ei forsvarleg revisjonsordning

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet skal m.a. sjå til at dei saker som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarlig utgreidd og gjer innstilling i saker til kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune var også sekretariat for kontrollutvala i desse 17 kommunane i 2018: Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Fusa, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette er sekretariatet sekretær for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

For valperioden 2015 – 2019 er kontrollutvalet sett saman slik:

- Inge Reidar Kallevåg (H), leiar
- Kristian Helland (KRF), nestleiar
- Åse Gunn Husebø (Ap)
- Sara Berge Økland (H)
- Terje Kollbotn (R)

Etter søknad gav fylkestinget Sara Berge Økland (FRP) permisjon fram til 01.07.2018. I hennar permisjonstid valde fylkestinget Ruth Eriksen (FRP).

Inger Reidar Kallevåg (H), Åse Gunn Husebø (Ap) og Terje Kollbotn (R) har sete i fylkestinget.

2. Fakta om verksemda i 2018

- Kontrollutvalet hadde 8 ordinære møter
- Kontrollutvalet handsama 131 saker
- Møta vart haldne for opne dører
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreingar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om

3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at sakshandsaminga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutinane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å nytte dei fylkeskommunale midlane optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

4. Opplæring av kontrollutvalet og andre

I januar 2018 deltok kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring i Molde for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet.

I januar 2019 er det planlagt ny felles folkevaldopplæring i Stavanger (Sola) for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet.

I løpet av 2018 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Offentlege anskaffingar, inkl. kontraktsoppfølging», «Habilitet» og «Ny kommunelov». Kostnaden til desse kursa ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen.

Medlem i kontrollutvalet, Terje Kollbotn, deltok på NKRF-konferansen på Gardermoen 07. – 08.02.18.

5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fylkestinget vedtok i marstinget 2017 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Hordaland fylkeskommune frå 1. juli 2017 til og med 30. juni 2021.

Ansvarlig revisor i 2018 har vore partner Bjarne Ryland. Han har levert eigenvurdering vedrørande at Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune. I tillegg til dette har Deloitte orientert kontrollutvalet om vurderingar av eigen uavhengighet som dei har gjort fleire gonger i løpet av året.

6. Revisjon av kontrollutvalet sine rekneskapar

Kontrollutvalet bestilte i februar 2015, etter invitasjon frå kontrollutvalet i Kvam herad, selskapskontroll av Hardanger AKS AS (tidlegare Storeholmen VTA AS). Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.*
2. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget styret syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Når det gjeld **Hardanger AKS AS** har kontrollutvalet følgt opp denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2016 og 2017. I samband med handsaming av tilbakemelding i møte i kontrollutvalet 30.10.17, vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.»

Oppfølginga frå **Fylkesrådmannen** har kontrollutvalet handsama ved 5 høve i 2016, 2017 og 2018. I samband med handsaming av siste tilbakemelding i møte i kontrollutvalet 27.08.18, vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet er nøgd med at fylkesrådmannen er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve selskapskontroll av Hardanger AKS og seier seg ferdig med saka.»

4. Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Revisjonsrapport for selskapskontroll av arkivplikta til selskap som fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget i møte 14.12.16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

1. På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:
 - a. Utforme retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.
 - b. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- 2- 12. På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Askøy bompengeselskap AS, Beredt AS, Bybanen AS, Hardanger AKS AS, Hardangerbrua AS, Hordaland Teater L/L, Kveik AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Odda Vegfinans AS, Sunnhordland Lufthavn AS og Vestnorsk filmsenter AS** syta for å:
 - a. Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten
 - b. Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne selskapskontrollen er følgd opp ved 4 høve i 2017 og 2018 når det gjeld **dei 11 selskapene**, siste gong i møte 12.03.2018 der det vart gjort slikt vedtak for det siste selskapet:

«Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap og seier seg ferdig med saka..»

Når det gjeld oppfølging av den delen av selskapskontrollen som **Fylkesrådmannen** har ansvar for er det gjort oppfølging ved 7 høve i 2017 og 2018, siste gong i møte 17.12.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og seier seg ferdig med saka..»

5. Forvaltningsrevisjon av NDLA 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon av NDLA 1 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon NDLA – Del 2 i møte 16.2.16. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 03.10.17 og det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidrarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandleravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk
6. Sikre at alle medarbeidrarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
 1. Avviksmelding og -handtering.
 2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidrarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2017 og 2018 der det vart gjort slikt vedtak i møte 24.09.2018:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2 og seier seg ferdig med saka..»

5.1. Forvaltningsrevisjon av NDLA til Økokrim

Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune sendte 23.11.2017 ei bekymringsmelding til Økokrim gjeldande NDLA. Kontrollutvalet fekk denne lagt fram som referatsak RS 70/17 i møte 29.11.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Deloitte vil lage eit notat til kontrollutvalet med eit tilsvarende notat til RS 70/17 «Telemark kontrollutvals bekymringsmelding vedr. NDLA» innan 15.01.2018.*
2. *Sekretariatet vert beden om å førebu ei sak til møte i kontrollutvalet 05.02.2018 i høve notatet frå Deloitte. Saka skal også innehalde resultat av vedtak i fylkestinga i dei andre 17 fylkeskommunane som har eigardel i NDLA.*
3. *Sekretariatet vert også beden om å ta kontakt med Økokrim for å få greie på om dei vil opne sak eller ikkje, samt korleis Økokrim generelt handterer bekymringsmeldingar ift. anmeldelse.*

Kontrollutvalet handsama notat frå Deloitte i tråd med punkt 1 i vedtaket over i møte 05.02.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar notat frå Deloitte dagsett 12.01.2018, der dei kommenterer bekymringsmeldinga frå kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune til Økokrim vedrørande NDLA og Cerpus AS, til orientering.*
2. *Kontrollutvalet meiner at det ikkje vil vera føremålsterleg at Hordaland fylkeskommune sender bekymringsmelding til Økokrim så lenge kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune allereie har gjort det.*

Kontrollutvalet er seinare vorte gjort kjend med at Økokrim har vald å ikkje gå inn i saka.

6. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skula - Del1 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift – Del 2 i møte 17.11.16. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget i møte 06.03.2018 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagede oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
2. *Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
3. *Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
4. *Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
5. *Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningslinjer og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
 - b) kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
 - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje*

skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie

- f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
 7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over i møte 04.06.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2018.

7. Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar. Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 13.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskunnskapane også blir kartlagt underveis i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphør av særskild språkopplæring
7. Å legge til rette for meir erfaringssdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordeler og ulemper ved å ha eit innføringsstibod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjera kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av

- målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.»

Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen er gjort ved 2 høve i 2017 og 2018 der det i møte i kontrollutvalet 27.08.2018 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på at det er gjennomført mykje forbettingsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar.
2. På bakgrunn av at det som går fram av tilbakemeldinga ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.2017, innan 31.12.2018.

8. Selskapskontroll av Hordaland Teater LL

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 selskapskontroll av Hordaland Teater. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 13.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningsliner for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgjt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetingar i styrearbeidet.
3. Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksamda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbeting av rutinar innanfor følgjande område:
 - Økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Selskapskontrollen er følgd opp ved 2 høve i 2017 og 2018 når det gjelder **Hordaland Teater LL** sitt ansvar der det vart gjort slikt vedtak i møte 27.08.2018:

- B1. *Kontrollutvalet ser positivt på at styret/dagleg leiar i **Hordaland Teater LL** i hovudsak er ferdig med å gjennomføre forbettingsarbeid etter den gjennomførte selskapskontrollen i selskapet.*
- B2. *På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg nøgde med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskje lukke til med det vidare forbettingsarbeidet.*

Selskapskontrollen er følgd opp ved 3 høve i 2017 og 2018 når det gjelder **Fylkesrådmannen** sitt ansvar der det vart gjort slikt vedtak i møte 19.11.2018:

«*Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga fra **fylkesrådmannen** når det gjeld selskapskontroll av Hordaland Teater LL og seier seg ferdig med saka.»*

**Hordaland
Fylkeskommune**

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 55 23 90 00

e-post: hogne.haktorson@hfk.no
e-post: roald.breistein@hfk.no
e-post: kari.nygard@hfk.no
e-post: kjartan.haugsnnes@hfk.no
e-post: helge.johansen@hfk.no
e-post: kontrollutvalet@hfk.no



Arkivnr: 2017/732-240

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		05.03.2019
Fylkestinget	11/19	05.03.2019

Søknad om fritak frå verv som leiar av fylkeseldrerådet og medlem av fylkeseldrerådet

Samandrag

Kåre Ystanes har søkt om fritak frå leiarvervet i fylkeseldrerådet. Han søker og fritak frå vervet som medlem av fylkeseldrerådet.

Fylkesrådmannen rår til at Kåre Ystanes får fritak frå vervet som leiar i fylkeseldrerådet og fritak som medlem av fylkeseldrerådet, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Kåre Ystanes får fritak frå vervet som leiar av fylkeseldrerådet og vervet som medlem av fylkeseldrerådet, må det gjerast innstilling til nytt val som medlem i fylkeseldrerådet for resten av denne valperioden 2015-2019.

Økonomi: Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til innstilling

1. Kåre Ystanes får fritak frå vervet som leiar av fylkeseldrerådet og fritak frå vervet som medlem av fylkeseldrerådet for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
 - Medlem av fylkeseldrerådet

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.02.2019

Kåre Ystanes, leiar av fylkeseldrerådet, har i E-post motteke den 02.01.2019 søkt om fritak frå vervet som leiar av fylkeseldrerådet. Han søker og om fritak frå vervet som medlem av fylkeseldrerådet. Han skriv:

«Søker herved om fritak fra ledervervet i fylkeseldrerådet. Ønsker også samtidig å tre ut av fylkeseldrerådet for den resterende periode.»

Kåre Ystanes sin son, Trond Ystanes, har i E-post av 10.02.2019 kome med ei nærmare grunngjeving for søknaden. Han skriv mellom anna:

«Til den det måtte angå :

På vegne av min far Kåre Ystanes, og med hans samtykke, vil jeg utdype årsaken til hans søknad om fritak fra verv som leder av fylkeseldrerådet, samt fritak fra verv som medlem av fylkeseldrerådet. Min far ble i August 2018 operert og er for tiden i rekonvalesens etter denne operasjonen. Han anser ikke at han er i stand til å virke i overnevnte roller på grunn av dette, ei heller i oversiktlig fremtid. Operasjon og rekonvalesens har krevert mye av ham, og han håper på forståelse for at han ikke ser seg i stand til å fortsette sine verv.

Jeg håper dette er grunnlag nok for å behandle søknaden om fritak i valnemnda og fylkestinget.»

Kåre Ystanes har fylgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

- Leiar, fylkeseldrerådet
- Medlem, fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innan sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for eldre i Hordaland. Fylkeseldrerådet har sju medlemer oppnemnde av fylkestinget. Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemmane i utval for miljø og samferdsel og eit medlem med varamedlem mellom medlemene i utval for opplæring og helse. Fem medlemer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeningar.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

Kåre Ystanes representerar Pensjonistforbundet.

Rettsleg grunnlag:

1.Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet» ,

kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:
 «Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen»den som ikke uten uforholdsressursmessig vanskelighet *eller belastning...*» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frata vedkommende.»

2. Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

- «1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.
- 2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.
- 3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.
- 4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.
- 5. Et antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blir utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.
- 6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarande gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

3 Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

- «1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.
- 2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppen medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.
- 3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»

4. Delegasjonsreglementet, reglement for folkevalde organ, Reglement for fylkestinget, her går det mellom anna fram:

2. Opgåver:

Fylkestinget gjer vedtak i saker om:

Punkt 2.4.5: Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget.

Valnemnd:

«Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjørda om valet ligg til fylkestinget og saker om val av skjønnsmannutval.»

Vurdering:

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller for resten av valperioden, den som ikkje uten *uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet*. Problemstillinga her er om Kåre Ystanes kan skjøtte sine pliktar i verva i fylkeseldrerådet utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører*».

Kåre Ystanes søker fritak på grunn av dårlig helse. Han har vore operert og er for tiden i rekonvalesens etter operasjonen. Han ser seg ikkje istar til å ha verva som medlem og leiar i fylkeseldrerådet, verke no eier i nærmaste framtid. Han ber om forståing for at han ikkje ser seg istar til å fortsette i sine verv. I kommentarane til kommunelova går det nettopp fram at fritaksgrunn vil i første rekke vere at søkerens arbeidsforhold eller dårlig helse gjer det ekstra byrdefullt å oppfylle dei plikter vervet medfører. Slik fylkesrådmannen vurderer det, kan Ystanes her ikkje utan uforholdsmessig vanskelegheit eller belastning skjøtte sine pliktar i vervet som leiar og medlem i fylkeseldreådet.

Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak er det fylkesrådmannen si klare vurdering at vervet som medlem og leiar av fylkeseldrerådet er vanskeleg å ivareta på ein god måte når han har dårlig helse. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gjeve fritak.

Dersom Ystanes får fritak frå sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune, skal det veljast eit nytt medlem til fylkeseldrerådet.

Det går fram av delegasjonsreglementet del B, andre organ, reglement for fylkeseldrerådet at:

«Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast mellom pensjonistane.»

Det er difor fylkeseldrerådet sjølv som skal foreta val av ny leiar . For det tilfellet at nestleiar i rådet vert vald som ny leiar av fylkeseldrerådet, skal det og gjerast val av ny nestleiar av rådet.



Arkivnr: 2017/732-241

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		05.03.2019
Fylkestinget	12/19	05.03.2019

Søknad om fritak frå verv som varamedlem til styret i Ferde AS

Samandrag

Thorbjørn Aarethun har søkt om fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS. Han søker fritak frå vervet då han har fått nye arbeidsoppgåver i fylkesadministrasjonen. Han ikkje lenger er leiar av transportplanseksjonen ved samferdselsavdelinga i fylkesadministrasjonen, han har no andre arbeidsoppgåver.

Fylkesrådmannen rår til at Thorbjørn Aarethun får fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Thorbjørn Aarethun skal få fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS, må det gjerast innstilling til nytt val som varamedlem til styret i Ferde AS.

Økonomi: Midlar for møteverksemda er innarbeid i budsjetta

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til innstilling

1. Thorbjørn Aarethun får fritak frå vervet som varamedlem til styret i Ferde AS for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. Dersom styret i ferde AS ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val:

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.02.2019

Thorbjørn Aarethun har søkt om fritak frå vervet som varamedlem i styret i Ferde AS. Han skriv:

«Underteikna vart vald til varamedlem for Hordaland fylkeskommune i styret til Ferde A/S, som leiar av transportplanseksjonen ved samferdselsavdelinga i fylkesadministrasjonen. Denne seksjonen var sterkt involvert i gjennomføringa av bompengereformen og etablering av det regionale bompengeselskapet. Etter at eg no har endra arbeidsoppgåver i fylkeadministrasjonen, og for tida er knytt til prosjektsekretariatet i Nye Vestlandet fylkeskommune, søker eg med dette om fritak for vervet som varamedlem i styret til Ferde A/S.»

Ferde AS er ett av de regionale bompengeselskapene som er opprettet som følge av Stortingets vedtak om å samle bompengeselskapene i 5 regionale selskap. Ferde AS er eid av Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommuner. 22 eksisterende selskap og prosjekt er planlagt overført til det regionale selskapet. Videre skal alle nye bompengeprosjekt i regionen legges til Ferde AS. Selskapet har hovedkontor i Bergen.

Formålet til selskapet er å forestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i eirfylkene. Selskapet skal administrere innkrevingen av bompenger i samsvar med samtykke fra Stortinget og avtaler med Statens vegvesen og Nye Veier AS, jf. Vegloven § 27, herunder også forvalte bompengemidler. Ferde skal ikke være pådriver for nye veiprojekter, og skal heller ikke gi aksjonærerne økonomisk utbytte.

Aksjonerer i Ferde AS er Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Aust-Agder fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vest-Agder fylkeskommune.

Rettsleg grunnlag:

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vansklighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales: «Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen»den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende..»

Om begrepet «offentleg tillitsverv»:

Det vert her vist til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 28.06.2013 ref. 12/1376-2. Denne saka gjaldt ein tolkningsuttale på om styreverv i eit aksjeselskap kunne vere eit «offentleg tillitsverv» etter kommunelova § 40 nr. 3 a.

Det går fram av uttala frå departementet at:

«Hovudomgrepet i kommunelova § 40 nr. 3 er «offentlige tillitsverv». Kva som ligg i dette omgrepet er omtalt i eit forarbeid til forvaltningslova, som og låg til grunn for endringar i tidlegare kommunestyrelova

§ 15. Omgrepet og føresegna vart vidareført i gjeldande kommunelov, slik at forarbeidet framleis er relevant. I t.prp.nr. 3 (1976-1977) s. 104 går det fram at:

«Uttrykket «offentlige» tillitsverv er valgt fordi kommunestyret og fylkestinget ikke bare velger kommunale og fylkeskommunale tillitsmenn, men også statlige tillitsmenn og tillitsmenn som det er uklart om skal karakteriseres som kommunale eller statlige eller begge deler.

Dette kan tale for at val av representantar til private eininger som selskap, i utgangspunktet ikkje var tenkt omfatta av unntaket.

Departementet meiner at ordlyden i føresegna (offentlege tillitsverv) sett i lys av forarbeida tilseier at val til styreverv i selskap som er eit eget rettssubjekt i utgangspunktet ikkje blir femna om føresegna. Når ein har eit styreverv i slikt selskap skal ein ta vare interessene til selskapet. Sjå ovanfor. Dette gjeld både når selskapet har offentlege og private eigalarar. Departementet kan på den bakrunnen vanskeleg sjå at eit slikt styreverv er eit «offentlig tillitsverv».»

Ferde AS er eit aksjeselskap. Aksjelova seier dette om val og tilbaketreden av styremedlem:

«§ 6-3 Valg av styremedlem

(1) Medlemmene av styret velges av generalforsamlingen, som også bestemmer om det skal velges varamedlemmer.

§ 6-7 Tilbaketreden og avsetting før tjenestetiden opphører

(1) Et styremedlem har rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Styret og den som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel.»

I vedtekten til Ferde AS § 8 går det fram at:

«Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemer med personlege varemedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 2 styremedlemer og 2 varamedlemer. Styremedlem med varamedlem vert valde slik at funksjonstida til styremedlemane er 2 år, men slik at 2 og 3 medlemmer er på val annankvart - 2 medlemmer er på val det første året etter stiftinga. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga og fylkesrådmennene er valkomite.»

I vedtekten § 13 går det fram:

«For alle tilhøve som ikkje er særskilt regulerte i desse vedtekten, gjeld aksjelova.»

Vurdering:

Når det gjeld fritak frå verv som varamedlem i styret i Ferde AS har ikkje fylkestinget mynde til å gje fritak. Det går fram av aksjelova § 6-7 nr. 1 ledd at eit styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute. Styret og den som har vald styremedlemmet skal gis rimeleg førehandsvarsel. Fylkesrådmannen legg til grunn at det «å tre tilbake før tenestetida er ute», gjeld fritak. Aarethun må sjølv kontakte styret i Ferde AS og melde frå om fritak frå vervet som varamedlem, dersom dette ikkje allereie er ordna.

For å unngå at denne saka må handsamast i to møter i valnemnda og fylkesting, rår fylkesrådmannen til at valnemnda og fylkestinget i denne saka vel eit nytt varamedlem til styret i Ferde AS. Då er namnet klart når førespurnaden kjem frå Ferde AS.



Arkivnr: 2017/732-242

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		05.03.2019
Fylkestinget	13/19	05.03.2019

Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Elise Loftheim**Samandrag**

Elise Loftheim har søkt om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune, ut valperioden. Det er søkt om permisjon fordi ho har fått jobb i Oslo og ho melder flytting til Oslo. Ho er folkevald for partiet Høyre.

Det er søkt om permisjon ut perioden. Då permisjonen i realiteten varer ut valperioden, har administrasjonen vald å tolke søknaden som ein søknad om fritak for resten av valperioden 2015-2019. Dette er bekrefta av Loftheim.

Elise Loftheim har i møte i fylkestinget den 14.06.17 fått innvilga permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland ut august månad 2017. Ho har i vedtak i fylkestinget den 04.10.2017 fått innvilga ny permisjon i tida 01.09.2017 – 28.02.2018 og i tida 01.05.2018-21.12.2018 for dei same verva. I den tida var ho studentpraktikant ved Den norske ambassaden på Sri Lanka/Colombo.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Elise Loftheim får fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune, varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Økonomi: Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjettet.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til innstilling

1. Elise Loftheim får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for opplæring og helse:
 - b) Varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland:

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.02.2019

Elise Loftheim har i E-post av 15.01.2019 søkt om fritak fra sine fylkeskommunale verv. Ho skriv:

«Nok en gang kommer søknad om permisjon fra meg. Eller det blir vel kanskje mer presist å kalle det for fritak denne gangen. Jeg kom nylig tilbake fra utenlandsoppholdet mitt som jeg fikk permisjon for i forrige runde, og har nå fått jobb i Oslo. Med ny jobb i ny by og ferdig som student skal jeg nå prøve å komme meg inn på boligmarkedet, og melder derfor flytting til Oslo. Det lar seg jo ikke gjøre med å være folkevalgt i Hordaland, og derfor søker jeg med dette om fritak for resten av perioden.»

Elise Loftheim har følgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Varamedlem til Hordaland fylkesting.

Varamedlem til utval for Opplæring og helse.

Varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland.

Rettsleg grunnlag:

1.) Kommunelova § 15 nr. 1 lyder:

«Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.»

2.) Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.

2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underetter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

3.) Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

«1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.

2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.

3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunstyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalgfor folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»

Vurdering:

Det går fram av søknaden at Elise Loftheim skal melde flytting til Oslo. Loftheim har i E-mail av 14.02.2019 bekrefta at ho har meldt flytting til Oslo, til folkeregisteret. Ho er då ikkje lenger valgbar til fylkeskommunale verv i Hordaland fylke, Jfr. kommunelova § 15 nr. 1.

Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt fritak og føreteckne suppleringsval.

Dersom Loftheim får fritak frå vervet som varamedlem til utval for opplæring og helse og varamedlem til styret for Fagskolen i Hordaland, skal det veljast varamedlem til utval for opplæring og helse og varamedlem Styret for Fagskolen i Hordaland for resten av valperioden 2015-2019. Kommunelova § 16 som gjeld *Opprykk og nyvalg*, regulerer dette forholdet.

I Hordaland fylkeskommune har ein avtaleval, Jfr. kommunelova § 38 a. Ifølgje kommunelova § 38 a nr. 2 vert valet gjennomført på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Krava til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjeld tilsvarande. Valet vert gjennomført med forslag til varamedlemmer til utval for kultur, idrett og regional utvikling og utval for miljø og samferdsel.

Ad. fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget:

Vervet som varamedlem til fylkestinget vert å fylla etter kommunelova § 16 nr. 5.

Fylkesvalstyret føretek nytt valoppgjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.